



Høyring –

Forslag om vern av Vestkyst Karmøy
landskapsvernområde, Stavasanden
naturreservat og Taravika naturreservat i Karmøy
kommune, Rogaland



Tittel : Høyring - forslag om vern av Vestkyst Karmøy
landskapsvernområde, Stavasanden naturreservat og
Taravika naturreservat i Karmøy kommune, Rogaland

Dato : 20.08.2026

Forfattar : Statsforvaltaren i Rogaland

Emneord : Natur, verneområde, landskapsvern

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Sider : 150

Oppsummering

«Natur for livet», Meld. St. 14 (2015-2016)¹ og «Berekraftig bruk og bevaring av natur», Meld. St. 35 (2023-2024)², gir grunnlag for målsetnadane om å ta vare på verdfull natur for kommande generasjonar. Dette er ein nasjonal målsetnad for miljøet, og nedfelt i reglane om områdevern i naturmangfaldlova.

Vestkyst Karmøy landskapsvernområde (7878 daa), Stavasanden naturreservat (149 daa) og Taravika naturreservat (52 daa) er til saman eit unikt kyst- og kulturlandskap forma av møte mellom land og hav eksponert for vær og vind. Naturverdiane er i sterk grad påverka av kystkultur med både jordbruk og fiskeri. Landskapet har vore i endring sida sist istid, da store deler av dagens landareal låg under vatn. Med landhevinga blei marine avsetningar tørrlagt og gir grobott til eit svært rikt landbruksareal, mot ein kyststripe som er topografisk småkupert både i høgda og med bukter og vikar som førar til fleire strandsoner med rullestein og sandstrander mellom opprevne strandberg. I dette småkuperte terrenget er det vore ein utstrakt hevd med beite og slått på flatar der marka låg til rette for dette. Langs heile kysten ser ein teikn av båtstøar og steingardar og kulturminne heilt attende til vikingtida. Dette visar tydeleg den tidlege menneskelege nytta av naturressursane på land og i sjø.

Det biologiske mangfaldet speglar eit tett samband mellom hav og land. Frå tareskogsøkosystema i sjø til strender med skjellsand og tare frå havet. Sanda bindast fast av vegetasjon i dynar, med frodige bakdynar som har vore eigna for beite og dyrking. Det småkuperte terrenget innafor dei opprivne kystberga gir rom for naturbeitemark og kystlynghei. Artsmangfaldet er svært rikt og variert frå fattige lynghei og myrdrag til svært rike strandenger og naturbeitemarkar med særleine økosystem. I lufta og på havet regjerer fuglane i monn, med ein rikdom som vitnar om betydninga av Vestkyst Karmøy som ein naturperle. Her er fuglar på næringssøk, trekk, hekkande og overvintrande. Særskilt viktige fugleområde er Stavasanden og Taravika. Her kjem fugl på trekk og for å overvintrare. For å kunne ta vare på eit heilskapleg kystlandskap med naturverdiar av nasjonal og internasjonal verdi er det viktig å gi ekstra beskyttelse til dei to viktigaste fugleområde. Difor blir det foreslått at Stavasanden og Taravika blir verna som naturreservat.

Føreslått vern kombinerer tilstrekkeleg vern av nasjonalt viktige naturverdiar og kulturminne med attraktive opplevingsverdi for tilreisande og lokalbefolkning. Statsforvaltaren har arbeidet fram eit forslag til avgrensing og forskrift for verneområda, og vil gjennomføre ein felles lokal og sentral høyring, informasjon om høyringa er tilgjengeleg på våre heimesider: www.statsforvalteren.no/rogaland.

Etter høyring vil Statsforvaltaren sende ein tilråding til Miljødirektoratet, som tilrår område for vern til KLD. KLD førebur sak for vernevedtak ved kongeleg resolusjon i statsråd.

Frist for høyring er: xx. xxxx 2026.

¹ Meld. St. 14 (2015-2016) - [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

² Meld. St. 35 (2024-2025) - [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-35-20242025/id3110260/) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-35-20242025/id3110260/>

Innhald

Oppsummering	3
Innhald	4
1. Bakgrunn og føremål	6
1.1 Lovgrunnlag	7
1.2 Verneprosess	12
2. Merknader til melding om oppstart av verneprosess	16
3. Endringar etter oppstartmeldinga av verneplanprosess	22
4. Dialog gjennom verneprosessen fram mot høyring	24
4.2 Gardsbesøk	24
4.3 Besøk næringsverksemd	25
4.4 Lokal referansegruppe	25
4.5 Kommunal referansegruppe	26
5. Faggrunnlag - verneverdiar	29
5.1 Naturverdiar	30
5.1.1 Bioklimatiske soner og seksjonar	31
5.1.2 Landskapsklassefisering	31
5.1.3 Klima	33
5.1.4 Geologi og lausmasser	34
5.1.5 Naturtypar og vegetasjon på land	36
5.1.6 Artar	47
5.1.7 Karplanter	49
5.1.8 Mosar	59
5.1.9 Sopp og lav	60
5.1.10 Pattedyr	65
5.1.11 Fugl	67
5.1.12 Insekt og edderkoppdyr	75
5.1.13 Vassdrag og anadrome/katadrome fisk	77
5.1.14 Marin naturtypar og artar	79
5.2 Kulturminne	82
5.3 Samfunnsinteresser	90
5.3.1 Kommuneplan	91
5.3.2 Reguleringsplanar	93
5.3.3 Statleg sikra friluftslivsområde	94

5.3.4 Grunneigarrett.....	94
5.4 Næringsverksemd	95
5.4.1 Landbruk	95
5.4.2 Fiske	97
5.4.3 Havbruk	99
5.4.4 Havvind.....	99
5.4.5 Tare	99
5.4.6 Camping og overnatting	104
5.4.7 Andre verksemd	105
5.4.8 Nye verksemd	106
5.5 Brukarinteresser	106
5.5.1 Sanddyneområda, blått flagg	107
5.5.2 Sjø aktivitet.....	108
5.5.3 Turvandring og naturopplevingar	109
5.5.4 Jakt, fangst og fiske.....	111
5.5.5 Bandtvang	112
5.5.6 Motorferdsel	113
5.5.7 Organisasjonar	114
5.6 Skjøtsel og restaurering.....	114
5.6.1 Skjøtsel	114
5.6.2 Restaurering.....	117
<i>Sandstrender</i>	117
6. Bevaring av verdifull natur – Vestkyst Karmøy landskapsvern, Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat	119
7. Verneplan Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat.....	121
7.1 Kommentartutgåve av forslag til forskrift om vern av Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Karmøy kommune, Rogaland.....	128
7.2 Kommentartutgåve av forslag til forskrift om vern av Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat, Karmøy kommune, Rogaland	144
8. Referanser	149
9. Kjelder og offentlege databasar	153

1. Bakgrunn og føremål

Bevaring av verdifull natur (supplerande vern) har sin bakgrunn i og er forankra i stortingsmeldinga Meld. St. 14 (2015-2016) "Natur for livet", og vidareført i stortingsmeldinga Meld. St. 35 (2023-2024) "Berekraftig bruk og bevaring av natur". Arbeidet med vern av naturverdiar i Norge er forankra i nasjonale målsetnadar om å ta vare på eit representativt utval natur for framtidige generasjonar, og vil være et viktig bidrag inn mot internasjonale avtaler som Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald (Naturavtalen, 2022)³.

Ein naturfagleg evaluering av norske verneområde fann vesentlege manglar ved verneporteføljen for naturverdiar i Norge (Fremstad et al., 2010). Som ein oppfølging av desse funna og Stortingsmeldinga "Natur for livet" (Meld. St. 14 (2015-2016)), fekk Miljødirektoratet i oppdrag av Klima- og miljødepartementet (KLD) i 2018, å identifisere areal relevante for vern med det føremål å bidra til å nå nasjonale mål for naturmangfald.

På oppdrag frå Miljødirektoratet starta Statsforvaltaren i Rogaland (den gang Fylkesmannen i Rogaland) arbeid med å identifisere aktuelle område som var eigna til å oppfylle de nasjonale måla for bevaring av verdifull natur. I februar 2019 leverte Statsforvaltaren i Rogaland en liste over 62 områder i samsvar med målsetnaden og føringar for arbeidet. Miljødirektoratet sendte vidare sin tilråding til KLD våren 2019.

I oktober 2020 inviterte Statsforvaltaren i Rogaland, på oppdrag frå Miljødirektoratet med utgangspunkt i brev frå KLD 02.07.2020, til møter med utvalde kommunar for å informere og forberede grunnlaget for framtidig oppstart av vern av verdifull natur. Målet er å involvere kommunane og skape en større grad av lokal aksept for behovet for supplerande vern. I juni 2021 fekk Statsforvaltaren i Rogaland i oppdrag å starte verneprosess for 5 utvalde område (Mosvatnet, Klostervågen, Vestkyst Karmøy, Avaldsnes og Årabrot) fordelt på 3 kommunar (Haugesund, Karmøy og Stavanger).

Oppstartsmelding blei kunngjort i Haugesund avis i juni 2021, og varsel om oppstart sendt ut til grunneigarar, kommune og aktuelle interessentar for området.

Formålet med verneprosessen er å verne landskapsverdiar, inklusiv natur- og kulturverdiar, som er underrepresentert blant dagens verneområde og/eller områder i landet med lav vernedekning, jamfør mangelanalysen om vern (Fremstad et al., 2010).

Ifølge "Natur for livet" - Meld. St. 14 (2015-2016) er negativ påverknad av landskap som regel knytt til arealinngrep og arealbruk, i tillegg til forureining. Stortinget meiner at arealbaserte verkemidlar er viktigast for å ta vare på heilskaplege landskapa sine særpreg (utsjåande) og karakter (innhald av natur- og kulturverdiar).

Framlegget om vern av Vestkyst Karmøy i Karmøy kommune har som føremål å ta vare på eit heilskapleg natur- og kulturlandskap som skapar ein identitet for regionen. Landskapets særpreg inkluderer sjøbotn inntil 10 meter djupne, med alt frå taeskog, stein og

³ [Slik tar vi vare på naturen - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/slik-tar-vi-vare-pa-naturen-i-norge/id3145316/) <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/slik-tar-vi-vare-pa-naturen-i-norge/id3145316/>

sandstrender til det småkuperte knauslandskapet med ein mosaikk av kystklippar, steinstreder, sanddynemark, kystlynghei og naturbeitemark i utmark og innmark. Landskapet har svært store naturverdiar i sjø, på land og lufta, og menneskje har forma landskapet med beitedyr og fiskeri, som gir kulturminne i form av steingardar, naust, båtopptrekk heilt ifrå vikingtida til i dag. Saman med naturgitte forutsetningar ved geologi og klima og vær, har menneskeleg påverknad vore med å forme landskapet til den unike identiteten det har i dag, med eit rik og spesiell naturvariasjon i plantar, sopp, insekt og fugl mm. av nasjonal og internasjonal verdi. Ein vesentleg del av Vestkyst Karmøy er raudlista naturtypar, som også gir livsmiljø og økosystemfunksjonar til ein rekke raudlista artar. I tillegg gir kystområdet vesentlege økosystemtenestar til regionen, i alt frå friluftsliv og aktivitet, opplevingsverdi for tilreisande både fjernt og nært, samt matjord.



Fig. 1. Naturbeitemark, innmarksbeite, overflatedyrka, fulldyrka areal der terrenget blir ein faktor for hevdregimet og landskapets særpreg. Steingardar og vasspyttar aukar naturvariasjonen i kystkulturlandskapet.

1.1 Lovgrunnlag

Områdevern av særskilte areal og naturverdiar skjer i samsvar av lov 19.6.2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova 2009, nml.).

Områda som blir føreslått til vern bidreg til målsetnaden om å ta vare på «*et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner*», jf. Miljømål 1.3, Norges Klima- og miljømål⁴. Generelt vil områda, uavhengig av vernestatus, bidra til å beskytte, jf. § 33 i nml.:
«

- a. *variasjonsbredde av naturtyper og landskap,*
- b. *arter og genetisk mangfold,*
- c. *truet natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte arter*
- d. *..., eller*
- h. *referanseområder for å følge utviklingen i naturen.»*

I naturmangfaldlova kap. V er det heimel for å vedta fem ulike verneformer; nasjonalpark, landskapsvern, naturreservat, biotopvern eller marint vern, jf. §§ 35-39 i nml. Kongen i statsråd fastsett verneområde ved forskrift, jf. § 34 i nml. Verneforskrifta angir verneområdets formål, mellom anna kva natur- og kulturverdiar vernet skal ivareta og kva tilstand er ønska oppnådd med vernet, grensar for verneområdet, inkl. eigendomar og reglar om bruk av området.

I vurderinga av Vestkyst Karmøy som verneområde har det vore sett på landskapsvern, jf. § 36 i nml., med moglegheit for avgrensa areal som naturreservat, jf. § 37 i nml.

Som vern etter naturmangfaldlova er eit landskapsvern ein mild verneform, medan naturreservat er den strengaste verneforma. For områdevern er det spesifikke vilkår som må være oppfylt avhengig av verneform, jf. §§ 35-39 i nml.

Landskapsvern har som føremål å ta vare på det heilskaplege landskapet, med sitt utsjåande, dvs. landskapets særpreg, og innhald av natur- og kulturverdiar, dvs. landskapets karakter. For å rettferdiggjere eit vern som landskapsvern må det være naturverdiar som bærer: «*Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende.*», jf. § 37 første avsnitt i nml.

I landskapsvernet er det eit reguleringsintervall som setter nedre og øvre grense for kor streng ein forskrift kan være, jf. § 36 andre avsnitt i nml:

«*I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som alene eller sammen med andre tiltak kan endre det vernede landskapets særpreg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som alene eller sammen med andre tiltak kan endre landskapets særpreg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots.*»

Tiltak må ikkje aleine eller saman med andre tiltak påverke, i vesentleg grad, landskapets utsjåande eller natur- og kulturverdiar, men likevel kan pågåande verksemd fortsette og utviklast så fremt dei ikkje påverkar landskapets særpreg eller karakter. I eit landskapsvern er det ikkje rom for å regulere ferdsel til fots. Ferdsel til fots er regulert av friluftsløva.

⁴ [Norges klima- og miljømål - Miljøstatus - Norges klima- og miljømål](https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/miljomaal/)
<https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/miljomaal/>

For å kunne ta vare på landskapsvernets sitt særpreg og karakter er det viktig å anerkjenne at det vil være område som vil trenge strengare vern enn det eit landskapsvernområde gir heimel for å regulere. I slike høve vil dei påtenkte areala gis ein anna status, men må da sjølvstendig innfri dei krav som aktuell vernestatus krev, t.d. naturreservat.

For å kunne forsvare eit områdevern som naturreservat må vilkåra i nml. § 37 første avsnitt vere innfridd:

«Som naturreservat kan vernes områder som
a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b. representerer en bestemt type natur,
c. på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d. utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
e. har særskilt naturvitenskapelig verdi.»

I tillegg så kan eit område som ved fri utvikling eller aktiv restaurering oppnår ein tilstand gitt i første avsnitt, være gjenstand for ei vurdering, jf. nml. § 37 andre avsnitt.

Ved utøving av offentlig myndighet så skal dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12, jf. § 7 i naturmangfaldlova ligge til grunn. Det skal gå fram av grunnlaget for avgjerda korleis prinsippa er vekta og tatt omsyn til i vurderingane for saka. I tillegg vil tiltak som er heimla i naturmangfaldlova bli veid opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14 i nml.

Kunnskapsgrunnlaget for Vestkyst Karmøy, jf. § 8 i nml., skal *«så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger»*.

Vestkyst Karmøy var av dei første landområda fri for is etter sist istid, og eit landskap forma på kanten med granittiske bergartar og marine sediment. Her er det sterke krefter som formar landskapet med vær, vind, bølgeerosjon og sandedeponering, ut ifrå dei geologiske premissane gitt. Når isen trakk seg attende blei landskapet etter kvart tilgjengeleg for plantar og dyr både i sjø og på land. Menneske kom til området i eldre steinalder om lag 11 000 år sida. Kystlinja ved Karmøy var annleis etter istida, og mykje av areala i verneplanen kom fram av havet etter kvart som landet steig. Med landheving kom areal med marine lausmassar fram og er med på å forme den særeigne ytre kyststripa av Karmøy. Naturressursane i sjø og på land saman med mildt kystklima gir godt grunnlag for landbruksverksemd med dyr på beite. Det småtopografiske klippelandskapet har lagt grunnlaget for ein mosaikk av kystlynghei, naturbeitemark og innmarksbeite av varierende hevdintensitet. I dette kystkulturlandskapet er om lag 58% av landarealet registrerte raudlista naturtypar, mykje av dette er semi-naturlege, dvs. menneske påverka naturtypar, t.d. kystlynghei og naturbeitemark. Landskapets særpreg er i dag påverka av den historiske drifta, som synast ved etablerte kulturminne som steingardar og båtnaust og båstø. Landskapet har svært variabelt naturmiljø som saman med ein særeigen posisjon i eit vintermildt klima, gir grobott for ein svært rik flora med mange raudlista og sjeldsynte artar. Desse er fordelt på ulike naturtypar som strandområda, utmarksbeite, men også på innmarksbeite med svakare hevdpreg. Orkideartar som myrflangre og purpurmarihand har viktige bestandar langs kysten, og ved undersøkingane blei det funne 12 raudlista beitemarksopp og to nye artar for Noreg. Vestkysten av Karmøy er i sær grad viktig for fuglelivet, og det utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter. Dei økologiske

funksjonane til området spenner alt frå kvile- og næringssøkeområde under trekk, mytelokalitetar, hekkelokalitetar og overvintringsområde både for vadefugl, andefugl, måker og rovfugl. Dei rike tareskogane langs kyststripa er med på å gi grunnlaget for det særeigne fuglelivet. Arealane er nytta av lokale så vel som tilreisande for å få gode opplevingar av landskapet i kampen mellom hav og land. Området har både eit unikt særpreg (utsjåande) og karakter (natur- og kulturverdiar) av nasjonal og internasjonal kvalitet som bidrar til å oppfylle krava for vern som eit landskapsvernområde, jf. § 36 i naturmangfaldlova.



Fig. 1.1.1. Kystkulturlandskapet strekk seg på tvers av sjø og land.

Vidare er det ein differensiering av naturverdiar langs kyststripa, og for at eit landskapsvern som heilskap skal kunne halde på sin identitetsskapande karakter vil det være naudsynt å sikre naudsynte økosystemfunksjonar. For fuglelivet i Vestkyst Karmøy er det i verneplanprosessen identifisert område som er vesentlege for fuglelivet langs kysten, og da særleg i vår og hausttrekk og som overvintringsareal. Arealane her er viktige kvileplassar og næringssøkeområde for fugl i trekk, og dermed har dei ein betydning også utover sjølve verneplanområdet. I dei identifiserte periodane er fugl særleg sårbare mot forstyring, da dei er i næringsunderskot i høve til behov. Fugl på trekk må kvile og fornye lagra av næring før neste etappe, medan om vinteren er det eit stort energibehov for å kunne overleve kuldeperiodar samstundes om næringstilgangen er generelt lav. Å bli forstyrta i slike perioder vil være sløsing med energi, og klart redusere sjansen for overleving. Talet på raudlista fugl i områda er høgt, og vernet vil bidra å ta vare på sjeldsynte og truga artar og ein bestemt natur i overgangen mellom sjø og land. Områda sine karakterar gjer det særskilt attraktivt for viktig biologisk mangfald og det vil kunne oppnå vitskapeleg betydning. Dei formelle krava om vernestatus naturreservat er dermed oppfylt, jf. § 37 i nml.



Fig. 1.1.2. Makrellterne i blomstereng, foto Oskar K. Bjørnstad.

Kunnskapsgrunnlaget til høyringsdokumentet er henta inn via tilgjengelege offentlege data, f.eks. naturbase, artsobservasjonar og Artskart, publiserte vitskapelege arbeid, tilgang til vitskapelege data og direkte kontakt med fagpersonar med høg kompetanse innan naturfagfelt. I tillegg er det innhenta spesialrapportar på tema som marine økosystem, fugl, beitemarksopp, insekt i sanddyneområda, vassdraga, og kulturminne. Innan flora og vegetasjon bygger kunnskapen på eksisterande floraer og biofaglege rapportar, med kunnskap som er samla inn heilt sida midten av 1700-talet.

Gjennom tre verneforskrifter føreslår Statsforvaltaren ei rettsleg regulering av landskapsvernområdet og dei to naturreservata. Restriksjonane føreslått er retta mot bruk som kan medføre skade på eller skjemme føremålet med vernet og dei verneverdiane som finst i området. Samtidig vil forskrifta opne for vidareføring av pågåande verksemd. Einskilde aktivitetsformar som i mindre grad vil påverke verneverdiane vil også bli unnateke. For to områder som har svært store naturverdiar og er av vesentleg betydning for landskapets karakter har Statsforvaltaren føreslått ein strengare verneform, dvs. naturreservat. I så måte bør forskriftane sine reglar ikkje være meir restriktive enn naudsynt for å ivareta dei verneverdiane som ligg i landskapet for framtidige generasjonar. Med bakgrunn i dagens bruksmønster av området på den eine sida, og vesentlege landskapsverdiar, særleg knytt til fleire grupper av artar og deira funksjonsområder på den andre sida vil Statsforvaltaren arbeide frem forslag om vern av Vestkyst Karmøy som landskapsvernområde med Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat.

Ved å verne om både naturverdiar, dei økologiske funksjonane og økosystemtenestane desse gir saman med kulturminneverdiane og dei unike opplevingsverdiar Vestkyst Karmøy byr på vil det bidra til å ivareta og oppfylle forvaltningsmåla slik desse er stadfesta i naturmangfaldlova for naturtypar og økosystem, jf. § 4 i nml., og for artar, jf. § 5 i nml.

Kunnskapsgrunnlaget om arter, økologisk funksjonsområde, naturtypar og økosystem, samt korleis eit vern vil påverke desse naturverdiane er vurdert som godt. I tillegg er det god kunnskap om dei kulturminneverdiane som føreligg innafor verneplanområdet. Kravet om kunnskap er dermed regnet som innfridd, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Vestkyst Karmøy landskapsvernområde med naturreservat vil bidra med økt robustskap for bestandar i regionen gjennom både å bidra med økologiske funksjoner på staden samstundes som det vil være ein del av eit større nettverk av verneområde i regionen. Det er ein naturleg forlenging av Ramsar-områda i sør langs Jærkysten. Særleg med omsyn til fuglelivet, men også botaniske verdiar delast mellom sandstrendene i Rogaland. Med dette vil eit vernevedtak ha ein positiv verknad på økosystema lokalt og styrke dei regionale og nasjonale bestandane, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Eit vern av Vestkyst Karmøy har ikkje negative påverknadar på naturmangfald, og dermed er ikkje føre-var prinsippet, jf. § 9 i nml., relevant. Me ser heller ikkje at § 11 eller § 12 i naturmangfaldlova har relevans, da eit vernevedtak vil ha ein positiv påverknad på natur- og kulturverdiane langs vestkysten av Karmøy.

I vurdering av vedtak heimla i naturmangfaldlova må ein også vurdere andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14 i naturmangfaldlova. Det føreligg vesentlege samfunnsinteresser i Vestkyst Karmøy både i sjø og på land. Det være seg private grunneigeretter, næringslivsinteresser, landbruksinteresser, kommunale-, fylkeskommunale- og nasjonale interesser, samt private og organiserte aktivitetar. I landskapsvernområdet vil pågåande verksemd bli vektlagt og forskrift tilpassa slik at verksemd kan fortsette så fremt det i vesentleg grad ikkje går utover landskapsvernets særpreg og karakter. Med omsyn til private aktivitetar, så blir vernereglane tilpassa landskapets sårbarheit. I ein balanse mellom å ta omsyn til landskapets særpreg og karakter for ettertida og dei behov lokalsamfunnet har baa gjennom aktivitet og næring så vil Statsforvaltaren føreslå ein differensiert forvaltning av området. Det betyr at einskilte område vil få strengare regulering, medan andre område vil i større grad kunne få tilretteleggingstiltak tilsvarande dagens bruk. Dei to naturreservata er døme på strengare regulering av omsyn til særskilte naturverdiar.

1.2 Verneprosess

Å opprette eit landskapsvern og naturreservat etter naturmangfaldlova §§ 36 og 37 følger reglane for verneprosess i naturmangfaldlova §§ 41-43, og rundskriv T-2/15 (Klima- og miljødepartementet 2015).

Statsforvaltaren skal gjennom sakshandsamingsprosessen sjå til at verneforslaget blir grundig utreia, og med det oppfyller utreiingsplikta etter § 37 i forvaltingslova. Det er frå departementa sin side lagt stor vekt på at lokale mynde er innforståtte med vernet og verneprosessen. Derfor har Statsforvaltaren lagt vekt på eit tett samarbeid med kommunen, fylkeskommune, næringsorganisasjonar og interesseorganisasjonar. For Vestkyst Karmøy har det vore etablert ein lokal referansegruppe av organisasjonar og einskilte fagfolk: Anders Lundberg (botanikar og økolog), Karmøy ringmerkingsgruppe, Karmøy jeger-, fisker og naturvernforbund, Forum for natur og friluftsliv, Vest-Karmøy grunneierlag, Karmøy Bondelag, Karmøy sau og geit, Karmøy fiskarlag, Norsk Bonde- og småbrukarlag, Åkrehamn vekst, Skudesneshavn næringsforening, Åkrehamn kystmuseum, Friluftsrådet vest, Karmøy

brettseiler klubb, Skudenes historielag, Vestså turlag, Skudesnes fjelllag, Karmøy sportsdykkerklubb, Norges handikap forbund (NHF).

I referansegruppa representera den einskilde sin organisasjon og dei interessene organisasjonen har. Deltakarar vil ha høve å legge fram sine private innspel ved høyring på lik linje med andre grunneigarar og interessentar.



Fig. 1.2.1. Kystklipper som dannar ryggar innover land, er med på å skape lange smådalar med myrlendt terreng, tidvis oppdyrka. Kystlynghei preg oppå ryggene skaper stor naturvariasjon i eit kupert kystkulturlandskap. I horisonten, mot sør, kjem Syresåta som er landskapsvernets høgast punkt., og mot vest ser ein Gauksholmane.

I tillegg har kommuneadministrasjonen deltatt i ei kommunal referansegruppe bestående av representantar frå dei ulike avdelingane og Statsforvaltaren.

I landskapsvernområde er det lagt særleg vekt på pågåande verksemd. Difor fekk alle landbruksverksemd, dvs. dei som søker produksjonstilskot, tilbod om eit gardsbesøk. På denne måten vil verneplanprosessen sikre direkte innspel frå verksemda som blir påverka av landskapsvernet. Tilsvarande har andre næringsverksemdar blitt oppsøkt for direkte dialog om verneplanprosessen og kva det vil innebære for deira verksemd.

Verneprosessen for områdevern følger i grove trekk skjemaet vedlagt regjeringas retningslinjer for verneprosess (Fig. 1.1.4). For Vestkyst Karmøy blei Karmøy kommune informert om planlagt oppstart av verneprosess 27. november 2020, og 15. juni 2021 fekk

Statsforvaltaren i Rogaland oppdrag frå Miljødirektoratet om å starte verneprosess for Vestkyst Karmøy som landskapsvernområde. Kunngjeringa av påtenkt verneforslag, jf. § 42, oppstartsmelding, ble publisert i Haugesund avis, 26. juni 2021. Brev til grunneigarar blei sendt 23. august 2021. I perioden 2021 og 2022 blei gjennomført synfaringar for å etablere prinsipp for avgrensing av verneområdet. På grunn av ressurssituasjon hjå Statsforvaltaren i Rogaland blei arbeidet nedprioritert fram til februar 2024. Våren 2024 blei det etablert ein kommunal referansegruppe, og det blei følgt opp med ein lokal referansegruppe hausten 2024. Desse gruppene har møtast kvart halvår gjennom prosessen fram til høyringa. I perioden fram til vinteren 2023/24 har Statsforvaltarens arbeid bestått av å sikre kunnskapsgrunnlaget, og spesifisere forslag til verneavgrensing og forskrift for et landskapsvern. Det er eit tett samarbeid med referansegruppene med omsyn til utforminga av vernereglane.

Statsforvaltaren har i perioden motteke innspel og spørsmål frå publikum. Desse blir presentert her som innspel til oppstartsmeldinga.

Proessen vidare etter høyringsfrist er at Statsforvaltaren vil samanfatte uttalar, og forfatte sin tilråding om vern av Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat. Statsforvaltaren sin tilråding blir oversendt med alle høyringsuttalar til Miljødirektoratet. Dei vil samanfatte sin tilråding for Klima- og miljødepartementet. Vernevedtak fattast ved kongeleg resolusjon i statsråd.





Fig. 1.1.3. Kystklipper med vegetasjonen som tolerera påverknad frå salt hav.

Skjematisk framstilling av saksbehandlingsprosessen etter naturmangfoldloven §§ 41-43



1

Fig. 1.1.4. Sakshandsamingsprosess for områdevern etter T-2/15 saksbehandlingsregler for områdevern etter naturmangfoldlova (§§ 41-43), KLD (2015).

2. Merknader til melding om oppstart av verneprosess

Statsforvaltaren i Rogaland meldte 26.06.2021, med informasjonsbrev til grunneigarar/rettshavarar datert 23.08.2021, om oppstart av verneprosess for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde.

Det har i alt kom inn 19 uttaler ved oppstartsmelding om landskapsvern for Vestkyst Karmøy.

Gunnar Tangen, 25.08.2021 – ber, per telefon, om avklaring om gnr./bnr. 22/350 i Karmøy kommune, jf. avgrensing av undersøkingsområdet i oppstartsmeldinga. Arealet er avklart i reguleringsplan som fritidsbustad og areala er planert og tilrettelagt for bygging.

Statsforvaltaren: avklarar, 25.08.2021, at areal i godkjent reguleringsplan for eigedomen, med unnatak av grønt areal, ikkje var aktuelt for vidare vurdering i samband med avgrensing av landskapsvernet. Det blei lagt vekt på kommunen sitt ønske om utvikling av Ferkingstad hamn.

Therese Vaagan-Thorsen, i brev 23.08.2021 - ber om å få delta i ein referansegruppe. I brev 31.08.2021 informerer innsendar om offshore demonstrasjonsanlegg for flytande vindturbinar i samband med areal i verneplanprosessen. Korleis skal grunneigarar forhalde seg til dette?

Statsforvaltaren: informerer om at ein referansegruppe vil bestå at lokale organisasjonar og dei representantane dei vel. Vidare så vil Statsforvaltaren uttale seg om el-sak når den kjem på høyring. Grunneigarar vil sjølv få høve til å uttale seg til høyring av el-sak, men dette høyrar til etat som handsamar høyringa.

Marton Stava 27.08.2021 – peikar på at frist for uttale til høyringa annonsert i Haugesund avis er 01.09.2021, og at ein slik frist er for kort når brev til grunneigarane er datert 23.08.2021.

Statsforvaltare svarer, 27.08.2021, at eventuelle merknadar vil bli tatt i mot uavhengig av oppgitte fristar. Me opplys i tillegg at det vil bli gitt høve til å kome med uttaler når saka er opp til høyring.

Ole Magnus Stava, 29.08.2021, har på vegne av 8 grunneigarar i Stava meldt at dei ønskjer å motsette seg eit landskapsvern på deira eigendomar. Dei visar til Meld. St. 14 (2015-2016) "Natur for livet" om vern på privateigd grunn ved frivillig vern. Vidare viser til stortingsmeldinga sin vekt på lokalpolitisk grunnlag for verneplanprosessen og etterlys eit slikt lokalpolitisk grunnlag. Grunneigarane frykter at vern av føreslått område (oppstartsavgrensinga) vil medføre unaudsynte restriksjonar og vanskeleggjer fortsett drivverdig jordbruk.

Grunneigarane peikar på at i Haugesund avis 27.06.2021 blei vist til ein frist 01.09.2021 for merknadar til oppstartsmeldinga. I etterfølgjande brev til grunneigarane blei det ikkje vist til tilsvarande frist. Dei viser også til at einskilde grunneigarar ikkje har motteke oppstartsmelding. Det kjem ikkje fram av meldinga kvar til eventuelle merknadar skal adresserast. Dei ber Statsforvaltaren om å stanse verneplanprosessen for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde.

Statsforvaltaren: har tidlegare informert Ole Magnus Stava om orsak til at brev til grunneigar blei sendt ut i etterkant av oppstartsmeldinga. I brev til grunneigarane blei det ikkje satt frist for Statsforvaltaren ønskja å ta omsyn til dei merknadane som kjem inn, også

etter kvart som verneplanprosessen skrid fram. Statsforvaltaren kjenner ikkje til at einskilde grunneigarar ikkje er varsla, utanom einskilde emigrerte matrikkelførte eigarar der brev er sendt i retur. Med omsyn til lokalpolitisk forankring viser me møte med Karmøy kommune nov. 2020 og til vedtak i Karmøy kommune sitt formannskap 30.08.2021, der det blei gitt samtykke til å starte verneplanprosess for Vestkyst Karmøy landskapsvern og Avaldsnes naturreservat. Med omsyn til hovudbekymringa for ein verneplanprosess, som å inkludere jordbruksareal og hindring av framtidig drift, vil Statsforvaltaren vise til avgrensingsprinsippa som er satt i samband med verneplanprosessen og naturmangfaldlova § 36 andre avsnitt som tilseier at pågåande verksemd kan fortsette og utviklast så fram det ikkje påverkar landskapets særpreg og karakter vesentleg. Desse prinsippa ligg til grunn for Statsforvaltaren sitt framlegg av forslag til avgrensing og forskrift. Statsforvaltaren ønskjer ikkje å stoppe verneplanprosess da me var av den oppfatning av at ein vesentleg del av deira bekymring vil kunne løysast gjennom forskriftsarbeidet. Men Statsforvaltaren har likevel full forståing for uroa så tidleg i verneplanprosessen. For å imøtekome dei grunneigarane som driv gardsdrift og søker produksjonstilskot innafor areala har me på eit seinare tidspunkt gitt tilbod om gardsbesøk. Statsforvaltaren vel difor å fortsette verneplanprosessen.

Gisle S Stava 02.09.2021 varslar i brev retting av eigedomshøve om gnr./bnr. 21/3 i Karmøy kommune, for ein teig 77397651, som ligg aust for bygdevegen. I brev visar han til at grunneigedom gnr./bnr. 21/1 skal vere delt i tre der ein del høyrer til gnr./bnr. 21/3. I brev av 07.09.2021 utdjupar han sitt varsel om eigedomstilhøva ved gnr./bnr. 21/3 i Karmøy kommune. Han Informerer også om bygdeveg historie med ulike tiltak for utbetring inkludert konflikt i så høve med friluftsrådet og prosesser ved statleg sikring. Vidare omtalast generelle rettar knytt til tarehausting og båtstø i området.

Statsforvaltaren: viser til at det er kommunen som er ansvarleg for ajourføring av matrikkelinformasjon, og at eventuell eigedomstvist vil være privatrettslege. Vernegrensa går i austre kant av bygdevegen og markane knytt til eigedom gnr./bnr.21/1, jf. matrikkeldata, vil ligge utanfor verneplan. *Statsforvaltaren* takker for informasjon om bygdevegen og viser til at kulturminne vil ha eit særskilt vern i landskapsvernområdet. Restaurering og utbetring av kulturminne kan berre skje etter samråd med både forvaltingsmynde for verneområdet og forvaltingsmynde etter kulturminnelova. For verneområdet vil det være eit krav om dispensasjon frå verneforskrifta for å vedlikehalde kulturminne, noko som også vil gjelde dei delane av bygdevegen som inngår i vernet. Verneforskrift vil ikkje røre ved grunneigars rett med omsyn til tare eller båtstø, men det kan influere på korleis slike rettar kan nyttast, sistnemnte vil kome fram gjennom handsaminga av forslaget til forskrift.

Rune Skådel 02.09.2021 ber om å få tilsendt eit meir detaljert kart over verneavgrensinga for framtidige plan knytt til eigedom.

Statsforvaltaren i svar 06.09.2021 viser til at verneplanprosessen er i ein innleiande fase for informasjonsinnhenting, og ein meir detaljert avgrensing føreligg ikkje. Men me ber om at innsendar leverer ein meir utfyllande skildring av kva eigendomar og teigar uttalen skal gjelde for. Tilbakemelding føreligg ikkje.

Karmøy Bondelag 06.09.2021 – peiker på at det er vanskeleg å gi merknadar til ein oppstartsmelding da det ikkje er mogleg å si kva det betyr for bønder og grunneigarar. Dei er bekymra om grunneigarar vil i tilstrekkeleg grad bli involvert. Dei kjem med førebels merknadar: i) dei føreset at vern ikkje går ut over eigarar/leigetakarars næringsverksemd i

områda inkludert og tilgrensande vern. ii) Båttrettar, vegrettar samt henting av sand og tare, må vidareførast. Iii) Det må gis opning for nye verksemd i landskapsvernet. Til dømes turisme eller anna berekraftig aktivitet. iv) For å unngå tvist forut for vern må det være møter med kvar grunneigar slik at vernemynde har a) innsikt i gardens rettar, og b) innsikt i framtidige plan frå grunneigar. v) Dersom eigar må avstå frå rett skal slike rettar erstattast. vi) Ferdsel på beiteareal og privat veg og grunn er i einskilde område eit problem. Om ferdsel aukar som følgje av vern bør mynde bidra til å løyse desse utfordringane.

Statsforvaltaren: Merknadane til Karmøy bondelag går i kjernen av fleire problemstillingar som Statsforvaltaren har arbeida med gjennom prosessen fram mot høyringa. Me er takksame for merknadane som me har nytta i prosessen vidare. Statsforvaltaren vil peike på at Vestkyst Karmøy er eit kulturlandskap som eit resultat av lokal naturressursutnytting særleg gjennom bruk av beitedyr. For at det landskapsbilete som i dag dominerer Vestkyst Karmøy også skal kunne ivaretakast for framtida må det ligge eit grunnlag om at pågåande verksemd kan fortsette. Dette vil Statsforvaltaren ta med seg i arbeidet med forskrifta, slik at eksisterande landbruksverksemd kan fortsette så langt det ikkje påverkar landskapsvernets særpreg eller karakter vesentleg. Men det vil likevel bli nokre restriksjonar på aktivitet som er eigna til å endre landskapet. Dette blir avklart gjennom verneforskrifta. Verneforskrifta vil berre vere gjeldande for areal innafor verneområdeavgrensinga. Vidare så vil rettar knytt til båttrett, uttak av sand og tare vil vidareførast. Her vil uttak av sand være søknadspliktig for at mynde skal kunne ved behov regulere mengda sand som blir tatt ut. Vidare så vil sand og tang berre kunne nyttast til bruk i samband med drift av eiga gard, det vil ikkje kunne seljast eller gis bort. Vegrett er privatrettsleg og vil ikkje bli rørt. Vegrett kan nyttast så langt køyring er opna for i forskrift og følgjer av anna motorferdselsregulering. Ein kan vedlikehalde veg til den standarden den er i ved vernetidspunkt, men ein kan ikkje opparbeide eller lage ny veg sjølv med visning til vegrett. Det er ikkje eit generelt forbod mot ny verksemd i verneområdet, men det er forbod mot ein rekke aktivitetar som er eigna til å påverke landskapsvernets særpreg og karakter. Dersom ein ny verksemd ønskjer å etablere aktivitet så må desse ikkje påverke landskapsvernets karakter eller særpreg. Det vil ikkje være lov med nye anlegg/installasjonar. Dersom det er verksemd som ønskjer å nytte området til arrangement så vil dette kunne være søknadspliktig. Reglene gjeld likt for eksisterande verksemd som ønskjer å legge om til anna aktivitet. For nye verksemd vil må anlegg ligge på utsida av verneområdet, og aktuelle hamner vil til dømes være Åkra, Ferkingstad, Sandvehamn, Syre og Skudesnes. Pågåande verksemd kan utvikla seg så langt det ikkje påverkar landskapets særpreg eller karakter vesentleg.

Til iv) Statsforvaltaren tar sikte på å redusere konfliktpotensialet i sak, og vil derfor ha lokal og kommunal referansegruppe, samt gardsbesøk og bedriftsbesøk til einskilde verksemd med direkte tilknytning til areal og ressursar i Vestkyst Karmøy. Statsforvaltaren vil også halde folkemøte når det nærmar seg høyringa. Til v) Innskrenkingar som følgje av verneplanprosessen vil kunne medføre rett til erstatning. Eit eventuelt erstatningskrav må reisast i etterkant av vernevedtak. Til vi) Statsforvaltaren er klar over at ferdsel kan være forstyrrande både i samband med beitemark og privat grunn. I eit landskapsvernområde vil ferdsel til fots i utgangspunktet vere styrt av friluftslova. Det er ikkje heimel i naturmangfaldlova til å regulere ferdsel til fots i landskapsvernområde. Derimot vil det være strenge reglar for tilrettelegging, og skilte og rydde for ny sti vil være forbode, men tiltakshavar kan søke dispensasjon. Eit slikt løyve vil ikkje tilsidesette krav om grunneigars samtykke for tilrettelegging. Det vil difor leggjast opp til forvaltingspraksis der grunneigars samtykke må føreligge i forkant av eventuell dispensasjonsvurdering. Det vil være opp til forvaltingsmynde å sjå til at ferdsel følgjer friluftslova og er foreinleg med verksemd på land. For at det skal vere eintydig vil Statsforvaltaren føreslå bandtvang heile året innafor

verneavgrensinga. Laus hund vil ofte vere eit problem saman med dyr på beite, fuglelivet og til sjenanse for andre besøkande.

Helga Karin Torset Rannekleiv – 07.09.2021, ønskjer på vegne av grunneigar å avklare tilhøva om eigedom gnr./bnr. 19/76 i Karmøy kommune, som er regulert til bustadføremaal i gjeldande kommuneplan. I sak blei eigedom i 2015 frådelt som ein kompensasjon for overdraging av nå eigedom gnr./bnr. 19/77 som statleg sikra friluftsareal. Grunneigar søker avklaring på om ny relasjon i høve oppstartsmelding om landskapsvern på gjeldande teig.

Statsforvaltaren avklarte i brev av 09.09.2021 at eigedomen ikkje blir ein del av prosessen vidare med omsyn til supplerande vern Vestkyst Karmøy.

Magne Ferkingstad har per tlf. meldt inn bekymring om avgrensing av undersøkingsområdet teikna i oppstartsmeldinga med omsyn til fritidsbustad i Ferkingstad hamn, på eigedomane gnr./bnr. 22/283, 22/21 og 22/48.

Statsforvaltaren avklarar i brev 09.09.2021 at området Nautskjer ved Ferkingstad hamn vil følgje kommunal reguleringsplan for fritidsbustad, parkering og campingplass. Areal på aktuelle eigendomar aust for dette er framleis ein del av verneplanprosessen.

Mona Nes – 30.09.2021 – som oppfølging av dialog per telefon, ber dei Statsforvaltaren sjå på omsyn til det rike fuglelivet på gardsbruket gnr./bnr. 23/2 i Karmøy. Dei gjer også uttrykk for at eventuelle råderettsinnskrenkingar ikkje må gå på utover moglegheita til å fortsette med gardsdrift. I samtale kjem det også fram at det er eit område med vesentleg press frå ferdsel både på innmarksbeite og i gardstunet.

Statsforvaltaren: viser til § 36 andre avsnitt i naturmangfaldlova som sett premissane for reguleringsintervallet i eit landskapsvernområdet. Grunneigarane er også inneforstått med at ei vurdering av deler av området etter strengare verneform er mogleg, men det må dei grunnleggande krava til aktuelle verneform være sjølvstendig innfridd for aktuelle område. Verneplanprosessen tar som utgangspunkt å identifisere slike område. I verneplan for landskapsvernområde er ferdsel til fots ikkje regulert, dette vil følgje friluftslova, men tilrettelegging i og skilting av ferdsel vil være regulert. For tilrettelegging og skilting av ferdsel vil det i tillegg være naudsynt med grunneigars samtykke, med unnatak av der kanalisering av ferdsel er eit skjøtseltiltak styr av forvaltingsmynde.

Christopher Aanensen 25.11.2021 – oversend varslingsplanarbeid med omsyn til fritidsbustadar i Sandvehamn.

Statsforvaltaren: ser ikkje at planvarselet vil kome i direkte konflikt med planlagt verneområde.

Lars Hagen har vore i kontakt med Statsforvaltaren i fleire omgangar om avgrensing og bruk av deira eigedom, gnd./bnr. 32/9 i Karmøy kommune..

25.03.2022 – ønskje om å sette grensa vest for tiltaket gjort på marka for å kunne drive gard med hest gitt alle restriksjonar som følgjer av freding. Ønskje er å forlenge ha beite som gir god velferd til hest.

02.08.2022 – Dei ber om å flytte vernegrensa ytterlegare lengre vest, slik at innmarksbeite blir liggande utanfor landskapsvernet.

28.08.2025 – Ber om å få tilsendt føreslått vernegrense på gnr./bnr. 32/9, han viser til at området har vore beite å gjødsle i lengre tid.

04.10.2025 – Han repeterer krav om at grensa bør gå ved gjerde i vest for innmarksbeite, og viser til nabo med tilsvarande inntrykk.

Statsforvaltaren: Me synar til grunneigars uttalar samla, da dei uttrykker det same ønske om å få flytta grensa mot vest. Orsak til deira forslag er moglegheit for beitedrift med hest, inklusiv bruk av gjødsel, kalking og drenering. I landskapsvernet er det ikkje hinder for beite, med mindre ein ønskjer å legge om til gris. Kulturlandskapet er beitinga av at det er beitedyr på markane. Innafor landskapsvernet er det gjort ein vurdering av gjødselbruk, og innmarksbeite der markslaget indikerer tydeleg teikn på historisk bruk av gjødsel er det opna for at tiltakshavar skal kunne søke om bruk av gjødsel. Ein slik søknad må samordnast mellom verneforskrift og gjødselbruksforskrifta, det er kommunen som vil være forvaltar av både forskrift. Dei naturtypane som er svært sårbare for gjødselpåverknad er det forbod mot framtidig gjødselpåverknad, og desse areala vil være markert i vernkartet. På eigedom gnr./bnr. 32/9 er det ikkje slike naturtypar aust for gjerde grunneigar nemner. For landbruksverksemd er det difor ikkje noko hinder kalking, og gjødsling vil dei kunne søke løyve om. Vedlikehald av eksisterande veiter, grøfter, dreneringsrør er unnateke vernereglane. Vedlikehald er ikkje oppgradering, og ein kan ikkje nytte vedlikehald skal ikkje bær preg av nydyrking. I verneområdet er det berre på fulldyrka areal ein kan fritt så i plantar utan spreingspotensiale og på overflatedyrka areal må ein søke. På innmarksbeite er det forbod mot å innføre nye planteartar. Eit landskapsvern har til hensikt å ta vare på både landskapets utsjåande og karakter. Det betyr at variasjonen i knauser og beitemark er ein del av landskapets særpreg og er identitetsskapande. I området er det ikkje landbruksverksemda i seg sjølv som er i størst grad regulert, men moglegheita for å sette opp bygningar og anlegg. For å kunne ta vare på eit heilskapleg landskap i dette området er det å endre utsjåande som vil være vesentleg, og difor er det gitt opningar for å kunne drive landbruksverksemd med beitedyr, så fremt landskapets særpreg og karakter ikkje blir nemneverdig påverka. Grensa er satt som ein mellomløyse for å hindre skadar på landskapet potensielt forårsaka av nye bygg, anlegg og fysiske inngrep. Her spelar også ein arrondering av landskapsvernet i nord ein rolle da det på denne marka er kulturminne som har behov for eit styrka vern. Å følge forslag frå grunneigar vil gi ein uheldig arrondering i nord, det vil gi ein svært uheldig avgrensing i forhold til fare for framtidig bygg og anlegg som vil bryte horisonten og dermed påverke landskapsvernets særpreg i eit større område. I vurderinga konkret er det vurdert ein likehandsaming, i og med at innmarksbeite ikkje er inkludert som ein spesifikk orsak til avgrensing åleine.

Frøydis Thorsen 04.05.2022 har vore i telefonisk kontakt med Statsforvaltaren og melder inn informasjon om anlegg knytt til deira fritidsbustad gnr./bnr. 38/303. Dette gjelder særskilt anlegg i sjø.

Statsforvaltaren: tar informasjon til orientering, og har i etterkant vald å skilje ut einskilde fritidsbustadar frå verneplanprosessen, slik at prinsippet med å redusere tall bygg i verneområdet blir konsekvent. For fritidsbustadar i verneområdet vil det først være ein påverknad dersom påtenkt tiltak krev løyve/dispensasjon etter anna lovverk, jf. § 49 i naturmangfaldlova.

Ronny Solbakken 13.12.2022 Sandhåland camping ber Statsforvaltaren ta kontakt med eksisterande campingplass.

Statsforvaltaren: var i møte med eigar og dagleg leiar for Sandhåland camping på felles synfaring av eigedomen. I dialog gjekk me gjennom kva som ligg i forslaget til vern og verneavgrensinga, slik at me fekk ein tilpassing til eksisterande verksemd. Det blei særleg diskutert kva som ligg i å påverke landskapets særpreg.

Naturvernforbundet i Rogaland – 26.08.2021 ber Statsforvaltaren vurdere strengare verneform for Taravika pga. fuglelivet.

Statsforvaltaren: tar innspelet til orientering og vurderer reguleringsgrad i tråd med dei tilrådingane som kjem inn ved fagrapport om fuglelivet. I tråd med behov for skjerming av fuglelivet for aktivitetar i sjø og forbod mot jakt vil det være naudsynt å legge opp til eit naturreservat for eit avgrensa delområde Taravika.

Landbruksdirektoratet – 15.09.2021, uttaler at det er viktig å ta tilstrekkeleg omsyn til landbruksverksemd i området. Vidare peikar dei på den unike landskapet med sanddynemark og viktigheita av denne naturtypen for biologisk mangfald. Landbruksdirektoratet peikar på landbrukets ansvar for å ta vare og restaurere desse naturtypene der det er mogleg.

Statsforvalteren: vurderer vernestatus i utgangspunktet som eit landskapsvern der kulturlandskapet, historisk og moderne, er ein viktig del av landskapsverdiane som vil ligge til grunn i føremålet for forslaget om vern. Statsforvaltaren har arbeida gjennom interne prosessar og referansegrupper og gardsbesøk for å få ein heilskapleg tilpassing av avgrensing og regelverk som tek vare på pågåande landbruksverksemd. Her er det viktig at for eit levande kulturlandskap er det også tilstrekkelege moglegheiter for å vidareføre verksemda i framtida. Vidare takkar Statsforvaltaren for støtta frå landbruksdirektoratet i arbeid med å ta vare på sanddynemark som naturtype, og i verneplanarbeidet peikar Statsforvaltaren på areal som er eigna for restaurering til sanddynemark.

Forum for natur og friluftsliv – Melder interesse for å delta i eventuelle rådgivingsgrupper.

Statsforvalteren : har invitert FNF som paraplyorganisasjon for friluftslivsorganisasjonar og naturorganisasjonar i lokal referansegruppe.

Norges vassdrags- og energidirektorat – 14.10.2021, uttaler seg med omsyn til energi- og vassdragsinteresser, som eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vatnkraftverk, hydrologiske målestasjonar m.m. «*Så langt vi kjenner til er det ingen energi- og vassdragsinteresser knytta til vern av områda*». NVE oppmodar konsesjonær om å uttale seg, sjølv i høve utan konflikt.

Statsforvalteren: tar uttale til orientering, og merker at Haugnatt AS ikkje har respondert på oppmodinga. Likevel sikrar Statsforvaltaren konsesjonær om tilgang til vedlikehald av eksisterande anlegg, og ekstraordinær tilgang ved akutte utfall eller fare for akutte tilfelle. Dette er i tråd med nye vernevedtak i kongelege resolusjon.

Leif Sigmund Liknes - uttaler 23.02.2026, seg munnleg til verneavgrensing i sjø. Avgrensinga bør gå ved minst 15 m djup for å inkludere heile stortareskogen utanfor Vestkysten av Karmøy. Stortareskogen utanfor vestkyst Karmøy er svert viktig for det marine økosystemet, og dei negative effektane etter taretråling kjem tydleg fram av det som blir skylt på land i stormane etter tråling. Det rapporterast at tråling skjer heilt inne ved land.

Statsforvaltaren: tar uttalen til orientering, og vurderer dei samla effektane av taretråling.



Fig. 2.1. Tarevoll i liten vik med steinstrender.

3. Endringar etter oppstartmeldinga av verneplanprosess

Etter oppstartmeldinga, datert 26.06.2021, har Statsforvaltaren vore i dialogmøte med Karmøy kommune ved fleire høve.

Først i verneplanprosessen blei det satt prinsipp for avgrensinga. Prinsippa er ei prioriteringsrekkefølgje for kvar ei grense bør plasserast. Orsaka til at å sette ein rekkefølgje på korleis grensa skal trekkast i kart, etter informasjon både i terreng og kart, er vesentleg for å sikre eit rettferdsmessig forslag om vernegrense. Med å følgje prinsippa vil me sikre same vurdering både i nord langs Åkrasanden som i sør ved Syre, vurderinga for grenseforslaget skal vere gjennomskinleg og etterprøvbare. Prinsippa må sikre at føremålet med vernet kan bli tilstrekkeleg ivareteke for framtida, og det må tilfredsstille dei vilkåra som ligg til grunn for eit landskapsvern, jf. § 37. Utover det er det ein rekke samfunnsmessige/næringsmessige omsyn som må vektast, jf. § 14 i nml. For avgrensing av føreslått verneplan mellom Åkra og Syre vil prioriteringa følgje desse prinsippa:

- i) Ferkingstad hamn og Sandvehamn skal ligge på utsida av vernet.
- ii) Naturverdiar
- iii) Kulturminne
- iv) Landbruk – unngå overflatedyrka og fulldyrka areal
- v) Bustad/fritidsbustad/bygg/driftsbygg – så langt som rå ligge utanfor vern
- vi) Reguleringsplan – kommuneplan
- vii) Eigendomsgrensar
- viii) På tvers av Eigedom
 - a. Følger gjerde – naturlege linjer
 - b. Synlege fastpunkt i terrenget
- ix) I sjø – -10 m kote

Vidare arbeid med forskrift blei påbegynt haust 2024, og første utkast ferdigstilt desember 2024. I samråd med Miljødirektoratet blei det avklart at me kunne nytte forskriftstrukturen som finst for frivillig skogvern også for landskapsvernområde. Utkastet blei samordna internt hjå Statsforvaltaren og så presentert for referansegruppene våren 2025. Justeringar i

forskrifta blei gjort som følgje av merknadar frå kommunal og lokal referansegruppe. Særleg tema er korleis regelsettet vil kunne påverke pågåande landbruksverksemd. Området er eit aktivt landbruksområde med fulldyrka mark og overflatedyrka mark, innmarksbeite og utmarksbeite. Fulldyrka mark skal kunne driftast som om det låg på utsida av verneområdet. Slike areal er inkludert i avgrensinga pga. av vesentlege natur- og kulturverdiar ikring, jf. prioriteringsrekkefølgja for avgrensing.

Etter oppmoding frå lokal referansegruppe har alle med produksjonstilskot for areal i verneområdet motteke tilbod om gardsbesøk. Dette blei gjennomført i mai-juni 2025. Som følgje av innspel frå gardsbesøk og frå lokal referansegruppe blei det gjort endringar i mellom anna vilkåra for søknadspliktig gjødselpåverknad for innmarksbeite. Vilåret blei endra frå forbod mot kanon eller liknande til forbod mot å gjødselpåverke nakent berg, knausar og fjell i dagen på innmarksbeite. Orsak til dette er eit skifte frå metode for utlegging av gjødsel til å verne om dei naturtypene som er sårbare mot direkte gjødselpåverknad. Vidare blei det opna for riding på vegetasjonslaus forstrand.

Heilt i sør i verneområdet er det nokre mindre areal av buskfuru og sitkagran. Desse areala vil være ein vesentleg del av verneområdet, og det vil være eit ønske om å restaurere desse areala til utmarksbeite og kystlynghei. I samtale med AT Skog SA, som skogeigarorganisasjon representerer skogbruksnæringa, kom det fram at desse areala må inn under ordninga frivillig skogvern. Statsforvaltaren i Rogaland har difor i samråd med Miljødirektoratet vald å ta desse areala ut av verneplanprosessen for Vestkyst Karmøy, for så å be AT Skog SA starte opp ein separat prosess for frivillig skogvern her. Orsaka til denne vendinga er dei fundamentale skilnadane mellom prosessane i supplerande vern og frivillig skogvern.

Sumaren 2025 blei forskrifta vurdert av Miljødirektoratet, som da kom med merknadar om heimelsgrunnlaget. Mellom anna blei eit særskilt vern av einskilte planteartar tatt bort frå landskapsvernet. Eit landskapsvern skal verne om vegetasjonen og variasjon i vegetasjon i landskapet, framfor eit fokusert vern av einskilte artar. Vidare i landskapsvernet var det identifisert to areal, Åkrasanden-Stavasanden og Taravika, som har svært stor betydning for fuglelivet langs Vestkysten av Karmøy. I desse områda var det ønska ein ferdselsregulering på sjø for å unngå forstyrring, og eit jaktforbod. Det ikkje er heimel til å forby jakt i landskapsvernområde. Det er kan bli oppfatta som urimeleg å ha eit forbod mot vassaktivitet for å unngå unaudsynt forstyrring av fuglelivet som ein del av landskapets karakter og særpreg, viss ein skal samstundes skal kunne skyte fuglane. Difor blei det fremja forslag om å innføre naturreservat for dei same areala. For Åkrasanden-Stavasanden blei det gjort ein avveging mellom aktivitetsinteressar og naturverdiar. Dette medfører at forslaget er avgrensa til å gjelde for Stavasanden som naturreservat. Det blir ein mindre endring i areal og tidsrom frå det forbod mot tilsvarande ferdsel i sjø som er stadfesta i kommunen sin reguleringsplan. Tilsvarande for Taravika naturreservat er det teke omsyn til sjøsportsaktivitet, surfing, i avgrensinga mot sørvest. Reglane for naturreservatet er identiske landskapsvernet, men har i tillegg ein regulering av aktivitetar på vatn og forbod mot jakt. I dialog med Miljødirektoratet har Statsforvaltaren kome til at det blir lagt fram ein forskrift for kvart av dei tre verneområda. Naturreservata vil ha lik ordlyd, og bygge på reguleringane som gjeld for landskapsvernet. På den måten får me eit sett med reglar som gjeld for heile verneplanprosessområde, med tillegg i regulering og unnatak for naturreservata.



Fig. 3.1. Vind og bølger slår uavtretteleg mot klippene langs Vestkysten av Karmøy, foto: Oskar K. Bjørnstad.

4. Dialog gjennom verneprosessen fram mot høyring

Her lister me opp møtepunkt for dialog med ulike interessentar i samband med verneprosessen fram mot høyringsdokumentet (tabell 4.5.1). I tillegg har det ved fleire høve vore munnleg kontakt mellom Statsforvaltaren og Karmøy kommune der einskilde tema ved verneprosess har blitt diskutert.

4.2 Gardsbesøk

Statsforvaltaren tok utgangspunkt i dei bruk som har søkt produksjonstilskot for areal som er inkludert i avgrensingsareala våren 2025. Desse gardane fekk tilbod om eit gardsbesøk der det ville vere fokus på korleis eit utkast til forslag om vern vil påverke deira drift. Det var nyttig for prosessen, og var medverkande til endringar i forslaget.

Tilbakemeldingar; bandtvang for hund heile året pga. konflikter mellom dyr på beite og lause hundar. Jagande hundar vil også kunne være svært problematisk i dei høve der ein nyttar «nofence» gjerdesystem. Droneflyging er opplevd som skremmande for husdyr. Vedlikehald av eksisterande anlegg, veg, osv.. Vedlikehald av grøfter, kanalar, m.m., motorferdsel, gjødselregulering, forvaltingsmynde.

Kvifor vern framfor innstramming av driveplikt og reglar om byggeforbod i 100 meters belte. Eit verneområde vil ikkje tilsidesette driveplikt eller byggeforbod, men landskapet strekker seg utover dei nedste 100m . Av omsyn til byggeforbod er det i verneområdet eit forbod mot nye bygg og anlegg, og det er eit langt snevrare høve til å gi dispensasjon frå regelverket i eit verneområde samanlikna med ein dispensasjonssak etter plan- og bygningslova. I vernereglane er det ikkje opna for søknad om nye bygg, dvs. at eit tiltak må samstundes ikkje påverke verneføremålet og verneverdiane nemneverdig for at forvaltingmynde kan vurdere

dispensasjon, jf. § 48 i naturmangfaldlova. Dette skal ei streng vurdering ligge til grunn. I landskapsvernet vil restaurering av beitemark i attgroing vere eit skjøtselstiltak som er i tråd med landskapsvernets særpreg som kulturlandskap. I verneområdet vil forvaltingmynde ha større rådighet til å sette i gang med slike tiltak som skjøtsel av verneområdet, jf. § 47 i naturmangfaldlova.

Statsforvaltaren har vurdert innspela og korleis det er mogleg å få til eit vern av landskapet i Vestkyst Karmøy med så små konsekvensar for landbruk og anna verksemd som mogleg. For å få til dette har Statsforvaltaren sett på alt frå føremålet med vernet, og kva type aktivitet som vil forringe landskapets særpreg og karakter. Dette blir styrande for forslaget til regulering gjennom forskrifta. Her skiljast det på kor inngripande eit tiltak/aktivitet er og i kva frekvens er det forventat at aktiviteten blir gjennomført. For aktivitetar som er forbode, vil ein freiste å ha generelle unnatak for dei som er naudsynt for dagleg drift og har låg påverknad på landskapets særpreg. For tiltak som ein kan forvente å berre gjennomføre frå år til anna eller kan påverke landskapets særpreg vil ein måtte ha ein kontakt med forvaltingsmynde. For å sikre at slik kontakt blir til er det søknadsplikt for slike høve. For tiltak som ein ikkje forventar som aktuelle eller situasjonar ikkje forutsett som aktuelle i framtida vil ein måtte eventuelt søke dispensasjon frå vernevedtak. Desse kan berre vurderast om vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er innfridd.



Fig.4.2.1. Det er gras bak kvar ein knaus.

4.3 Besøk næringsverksemd

Etter dialog med Karmøy kommune har Statsforvaltaren tilbydt einskilde lokale pågåande næringsverksemd moglegheit om besøk/samtale for å informere om verneplanprosessen. På denne måten får prosessen opplyst i kva grad deira verksemd blir påverka.

Innspel frå desse går inn som ein del av forarbeidet, og verksemda som blei besøkt er Raw Ocean Lodge (byte av eigarar undervegs i prosess), Sandhåland camping (turistnæring), Roquette, Alginor AS, Hav og Himmel AS.

4.4 Lokal referansegruppe

Lokal referansegruppe er eit særskilt viktig møtepunkt mellom Statsforvaltaren sin arbeidsgruppe for verneplanprosess (både miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga) og lokale organisasjonar. Til den lokal referansegruppa har om lag 20 organisasjonar og

lokalkunnskap vore invitert; Anders Lundberg (botanikar), Karmøy ringmerkingsgruppe, Karmøy jeger-, fisker- og naturvernforbund, Forum for natur og friluftsliv, Vest-Karmøy grunneigarlag, Karmøy bondelag, Karmøy sau og geit, Karmøy fiskarlag, Norsk bonde- og småbrukarlag, Åkrehamn vekst, Karmøy næringsråd, Skudeneshavn næringsforeining, Åkrehamn kystmuseum, Friluftsrådet vest, Karmøy brettseilerklubb, Skudesnes historielag, Vestsia fjellag, Karmøy sportsdykkarklubb og Norges handikapforbund. Kommunen har vore invitert som observatør. Miljødirektoratet var også observatør på eit av møta.

Lokal referansegruppe har løfta fram generelle omsyn i forhold til deira interessegrupper. Det er ein gruppe der prosessen har vore diskutert, og dei aktuelle versjonane av forlag til forskrift og avgrensing.

I dialogen med referansegruppa er det klare hovudtema som blir viktige; medverknad i prosess, pågåande verksemd kan fortsette – landbruksverksemd og anna næring, grunneigar og rettshavarar sine rettar, t.d. båtstø/båtopptrekk, tang og tare, sandrett, m.m., ferdsel og restaureringstiltak.

I tillegg blei einskilte restaureringsprosjekt løfta fram som mogleg mellom anna tilbakeføring av Vikrasanden ved Sandvehamn.

Referat frå dei ulike referansegruppemøta ligger vedlagt i prosess, saman med skriftlege innspel frå gruppa. Innspela blir svart og freista løyst i påfølgjande referansegruppemøte.

Referanse gruppa har hatt direkte påverknad på utforminga av forskrifta, og tiltak for auka medverknad i prosess.

4.5 Kommunal referansegruppe

Karmøy kommune har i dag delegert forvalting av sine verneområde og ein legger opp til at kommunen skal ha forvaltingsmynda etter vernevedtak, så dei har vore aktivt deltakande i verneplanprosessen.

Det har difor vore etablert ein kommunal referansegruppe der Statsforvaltaren sin arbeidsgruppe (miljøvernavingdelinga og landbruksavingdelinga) møter kommunedirektør og deltakarar frå kommuneadministrasjonen har deltatt. Dei kommunale referansegruppemøta skjer i etterkant av møte med lokal referansegruppe, slik at me får vidareformidla deira synspunkt.

I møta blir progresjonen av verneplanprosessen presentert og diskutert. Her er det sterkt fokus på konsekvensane for innbyggjarane, næringsverksemd og tilreisande diskutert, samt kunnskapsgrunnlag og konsekvensar for kommunen sitt arbeid i etterkant av vedtak. Særleg med omsyn til landbruk og arealressursar (Ar5-oppdatering), planarbeid, derimellom § 49 i naturmangfaldlova og i dei høve der vedtak vil medføre ein samordning i kommunen mellom ulike regelverk kommunen har mynde for.

Med delegert forvalting av verneområda, dvs. kommunen er forvaltingsmynde for sine verneområde, vil medføre ein byrde som vil falle til administrasjonen. Det er klart at eit verneområde av storleik Vestkyst Karmøy med svært mange interesser og til dels kryssande interesser vil være krevjande å forvalte etter vernevedtak. I tillegg til kommunen sin forvaltingsmynde vil dei få assistanse til oppsyn av Statens Naturoppsyn, som er Miljødirektoratet sitt tilsynsorgan.

Statsforvaltaren har også einskild kontakt med ulike interessefelt i kommuneadministrasjonen ved behov, t.d. landbruk, naturforvaltning, friluftsliv, næringsliv, plan, m.m.. for å innhenta spesifikk kunnskap og for å få tilstrekkeleg oversikt over mangfaldet av samfunnsinteresser.

Som eit ledd i interaksjon med Karmøy kommune, har også Statsforvaltaren presentert verneplanprosessen for kommunen ved formannskapsmøte og i kommunestyremøte.

Tabell 4.5.1. Oversikt over kontakt punkt i verneprosess

Motpart	dato	form	tema
Karmøy kommune	30.11.2021	Formannskapsmøte	Presentasjon av verneplanprosess
Karmøy kommune	03.08.2021	Formannskapsmøte	
Karmøy kommune	08.03.2024	Møte	Etablering av kommunal referansegruppe – presentasjon av verneplanprosess
Raw Ocean Lodge	26.06.2024	Teams-møte	Avgrensing og moglegheiter i vern
Lokal referansegruppe	17.09.2024	Møte	Etablering av lokal referansegruppe – presentasjon av verneplan og avgrensing
Karmøy kommune	25.09.2024	Møte	Verneplan, framdrift i kunnskapsinnhenting, avgrensing
Rogaland fylkeskommune	29.10.2024	Møte	Kulturminne i supplerande vern
Karmøy kommunestyre	11.11.2024	Møte	Presentasjon av verneplanprosessen Vestkyst Karmøy
Lokal referansegruppe	11.03.2025	Møte	Svar på deira innspel + gjennomgang av utkast til forskrift
Kommunal referansegruppe	12.04.2025	Møte	Gjennomgang av utkast til forskrift
Gardsbesøk	05-06.2026	Møte	Gjennomgang av utkast til forskrift og avgrensing med fokus på konsekvensar for drift – innspel til verneplanprosess
Lokal referansegruppemøte	22.10.2025	Møte	Endringar i utkast til verneforskrift og avgrensing
Friluftsrådet Vest	12.09.2025	Teams-møte	Statleg sikra friluftareal

Sandhåland camping	11.11.2025	Møte	Presentasjon og diskusjon av avgrensing og forskrift med omsyn på deira drift og utvikling
Karmøy kommune	05.12.2026	Møte	Forslag forskrift
Roqette	28.04.2026	Møte	Forslag om forskrift og marine interesser
Karmøy kommunestyre	17.06.2026	Kommunestyremøte	Presentasjon av verneplanforslaget for høyringa.
Hav og Himmel AS	02.07.2026	Møte	Presentasjon og diskusjon av avgrensing og forskrift med omsyn på deira drift og utvikling
Alginor AS	10.08.2026	Møte	Forslag om forskrift og marine interesser

5. Faggrunnlag - verneverdiar

Vestkysten av Karmøy sør for Åkrahamn er eit særskilt landskap med ein kyststripe der berggrunn frå den kaledonske fjellkjeda kjem fram som bart fjell gjennom marine lausmassar (NGU). Vestkysten av Karmøy er eit svært småkupert landskap med knausar som møter hav med klippar og sand og rullesteinstrender i små og store buktar. Landskapet var tidleg bart frå sist istid, og den ytre kyststripa av Karmøy steig or havet. Her har menneske henta naturressursar og påverka landskapet i generasjonar, heilt ifrå tidlege jeger- og fangstfolk til meir landbruksbaserte hushald. Der teigstrukturar sikra tilgang til strandlinje og havressursar, innmark og utmarksbeitet i lyngheiar. Moderne aktivitet har i hovudsak involvert marin hausting og husdyrhald. Teigar vart dyrka og steingardstrukturane er framleis ein viktig del av landskapets særpreg. Likevel er det fortettinga i Åkrahamn og utbyggingspresset ved Åkrasanden som har vore eit sterkt arealpress i ny tid. Med endringar i landbruket, intensivering og opphøyr, vil eit kulturlandskap vere i ein endring. Da blir det viktig at ein tek vare på det som bærer særpreget og grunnlaget for sameksistensen av natur- og kulturmiljøa.



Fig. 5.1. Beitemark på oppsida av kystklippene, eit typisk lappeteppe av stein, fjell, beite og oppdyrka areal der det gjekk.

I dette arbeidet vil me løfte fram det som gir Vestkyst Karmøy sitt nasjonale- og internasjonale særpreg, som eit levande landskap med karakter av naturverdiar og kulturminne. På land er det eit kulturlandskap dominert av beite i utmark og innmark, overflate og fulldyrka areal førekjem der marka var dyrkbar. Naturressursane var utnyttar og tre er så godt som fråverande. Einskilde leplantingar med buskfuru og sitkagran finst heilt i sør ved Syre fort. I fjøra blei det henta tare for bruk på markane eller brenning av jod. I sjøen var det fiskeliv, med fiskehamn på Ferkingstad og Sandvehamn. Den særeigne toporafien og direkte påverknad frå havet har gitt grunnlag for jordsmon og ein mosaikk av beitemarkar med ulik grad av hevdintensitet. Med marin påverknad både med mineral/næringssalt og vintermildt klima har det medført ein særskilt rik flora, både på og i bakken. Det er eit yrande fugleliv, og Vestkyst Karmøy leverer unike økologiske funksjonar heile året, da det mellom anna ligg sentralt i trekkruta for eit stor mangfald fugl. I sjøen er det rike førekomstar av stortare og sandbotn. Dette er svært viktige område for næringsområde for livet i sjøen og på land.



Fig. 5.2. Utsyn nordover frå Syreglåna, Vestkyst Karmøy sitt høgaste punkt.

5.1 Naturverdiar

Gjennom verneplanarbeidet for bevaring av verdifull natur er det lagt opp til at ein skal prioritere areal som supplerer eksisterande verneportefølje slik at fellesskapet når dei nasjonale miljømåla. Naudsynte verkemiddel er å ta vare på eit representativt utval av natur for framtidige generasjonar, og at truga artar og truga naturtypar ikkje skal forgå.

I samband med verneplanprosessen for Vestkyst Karmøy er det tatt utgangspunkt i eit landskapsvern der ein definera både særpreget og karakter. Her er særpreget utsjåande til landskapet i alt frå geologiske formasjonar, sandstrender, beitemark, steingardar, dyrka areal og båtopptrekk m.m. Medan landskapets karakter vil være dei natur- og kulturminneverdiane som bygger opp utsjåande. Her er det viktig at verneverdiane kan både vere natur og kultur, og einskilte element vil både inngå som karakter og særpreg. Til dømes vil fuglelivet være i seg sjølv ein naturverdi og karakter med dei einskilte artane fugl som førekjem, og det bidreg til landskapets særpreg og variasjon i særpreg gjennom året.

For å kunne ivareta dei einskilte kjeldene variasjon i landskapas særpreg og karakter må ein vurdere kva verdiar det er som gir landskapet og korleis ein best kan vidareføre desse. Den første delen av avsnittet er faktagrunnlag for natur og kulturminne, og så er det faktagrunnlag for andre samfunnsinteresser, som landbruk, næring, friluftsliv m.m.

5.1.1 Bioklimatiske soner og seksjonar

Noreg er delt inn i ulike bioklimatiske regionar som i stor grad følger variasjon i klimastyrte naturkarakteristiske trekk i landskapet (Moen 1998; Edvardsen et al. 2024, Artsdatabanken⁵).

Bioklimatisk tilstand følger ein temperaturvariasjon (sone) og ein humiditetsvariasjon (seksjon). Temperaturvariasjon skildrar energitilhøva med varme i sør og låglandet til kalde nord og høgfjell. I skilnad varierer humiditet med auka nedbør og reduksjon i temperatur, og omtalast gjerne som variasjon i oseanitet (nærleik til hav) i vest og kontinentalitet (innlandspeg) i aust.

Karmøy som eit heile er klassifisert i den boreonemorale sone og i den klart oseaniske seksjon. Boreonemoral sone viser til overgangen mellom nemoral lauvskogsregion og boreal barskogsbelte. Det betyr at det er et område der temperaturregimet indikerer førekomst av varmekjære edellauvtre, t.d. hassel, eik, etc. i sørhellingar, og blandingsskog med boreale bar og lauvtre elles, t.d. furu, bjørk etc. Som ein del av den klart oseaniske seksjonen styrt av humiditet, forventast det eit klima med kjølige sumrar og milde vintrar. Kombinasjonen av det milde klima og høg humiditet er medverkande til ein rik variasjon i natur året rundt. Her finner ein natur med lågare toleranse for vinterkulde og artar som krev jamn fukttilhøve gode levekår.

På lik linje som de bioklimatiske sonene på land er satt saman av værsystema, skildrar dei marine bioklimatiske sonene påverknaden frå dei store havstraumane på dei marine livsmiljøa langs Norskekysten. Det gir som soner på land i hovudsak eit bilete på temperaturfordelinga frå sør til nord. Her er farvatna ved Vestkyst Karmøy i kategorien Nordsjøen og Skagerrak (Marine bioklimatiske soner, Artsdatabanken⁶).

5.1.2 Landskapsklassifisering

Landskapsklassifisering følger dei store trekka i landskapet både i sjø og på land, og skildrar dei store areala med få detaljar (Edvardsen et al. 2024). I Natur i Noreg (NiN) systemet er landskap hierarkisk delt inn i hovedyptegrupper, hovedyper og grunntyper. Av hovedyptar er kystslettelandskapet aktuell kategori for skildringa av Vestkyst Karmøy, jf. Økologisk grunnkart.

Kystslettelandskapet inkluderer både marint areal og tilgrensande landområde som vekslar mellom +/- 50 m frå havoverflata. Einskilde areal stig over men er likevel rekna som ein del av kystslettelandskapet. Areal inkluderer strandflatar frå under havoverflata til kystnære landskap. Landformane er her skapt med eit samverke med landformprosessar knytt til nedising, breerosjon, sedimentering, bølgeerosjon og landheving, mm. Ein vesentleg del av arealet i verneplanprosessen har kome fram som ein del av landhevinga og har blitt suksessivt påverka av menneskeleg aktivitet frå jakt og fangstkulturar til landbruksaktivitet og utvikling. Hovudtypen kystslettelandskap er delt inn i 63 ulike grunntypar der omfanget av landbruksverksemd og tettstadutvikling er vesentlege parameter.

Vestkyst Karmøy er delt inn 7 ulike landskapsgrunntypar; eksponert ytre kystslettelandskap, eksponert ytre kystslettelandskap med tett bustadutvikling, middels eksponert ytre kystslettelandskap med tett bustadutvikling og landbruksdominans, eksponert ytre kystslettelandskap med jordbruksdominans, middels eksponert ytre kystslettelandskap, eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tett

⁵ [Artsdatabanken | Kunnskapsbank for naturmangfold](https://artsdatabanken.no/) <https://artsdatabanken.no/>

⁶ [Marine bioklimatiske soner | Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/naturtyper/natur-i-norge/NiN-3.0-V-A-N-RM-GK-W-MS-W) <https://artsdatabanken.no/naturtyper/natur-i-norge/NiN-3.0-V-A-N-RM-GK-W-MS-W>

bustadutvikling og jordbruksdominans, og eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap, jf. Økologisk grunnkart⁷ i Artsdatabanken.

I ingrediensane til kystlandskapet på Vest Karmøy er både historisk og moderne landbruksaktivitet, det er tettstadutvikling, saman med geologiske og økologiske prosessar. Dei geologiske prosessane har saman med klimatiske tilstand og variasjon gitt grunnlaget for det landskapet der menneskeleg aktivitet og økologiske prosessar er i samspel.

I mindre skala kan me dele landskapet på vestkysten av Karmøy opp i tre hovudelement, den ytre kyststripa er det landskapet i overgangen mellom det marine og land med strender (sand og rullestein) , kystklippar, i mosaikk med naturbeitemark og kystlynghei. Innafor denne tynne stripa finner me eit slettelandskap med aukande mosaikk med berg i sør. Dette låglandskapet strekker seg i underkant av 2 km inn på Karmøy ved Åkra og blir smalare sør for Sandve. Desse areala er dominert av lausmassar med opphav i morenemateriale, skjellsand og torvmasser, og her er landskapet dominert av meir intensiv landbruksdrift. Innafor låglandet stig terrenget inn mot indre Karmøy dominert av utmark med kystlynghei, myrparti og tilplanta sitkagran.

I landskapsvernet er det i all hovudsak den ytre kyststripe som er i fokus, men naturressursane har gjennom tid vore utnytta i alle områda. I nord der slettelandskapet i større grad strekk seg ut i sjø, får me sandstrender og landbruksaktiviteten har pressa sandområda i bakkant. Medan i sør er det i større grad samband med heiområda i innlandet av Karmøy og her er areala i større grad nytta i tråd med kystlyngheikultur.



Fig. 5.1.2.1. Kulturlandskapet med fulldyrka areal som går over i beiteareal og ein oppreven kystlinje. Merk teiggrensene som går frå sjøen og innover, på den måten får gardane fordelt ressursane.

⁷ [Økologiske grunnkart](https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/?favorites=false) <https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/?favorites=false>

5.1.3 Klima

Det ytre kystlinja av Karmøy er påverka av dei store klimatiske prosessane som Golfstraumen sin nordatlantisk sirkulasjon, og vindsystema som førar milde og fuktige luftmassar inn mot kysten. Dei vestlege delane av Norges kyst høyrer til det tempererte regnklima utan tørkeperiodar, jf. Köppens klimaklassefisering SNL⁸.



Fig. 5.1.3.1. Vind, hav og klipper skaper dramatiske tilfelle både for fastbuande og tilreisande både menneskje som fugl, foto Oskar K. Bjørnstad.

Normalværet er samanstilt vêrsituasjon over ein 30 års periode (1991-2020), og ved Haugesund lufthamn (Karmøy, id 47260) er normal årsmiddel temperatur 8,1 C og 8,3 ved Skudenes (Skudenes II, id 47200). Middeltemperaturen i februar (kaldast) er 2,4 og 2,1 C for stasjonane, og i august (varmast) er temperaturen 15,4 og 15,2 C. I tillegg er årsnedbøren for Skudenes i normalperioden er 1397 mm, med april til juni som dei tørraste månadene. Karmøy er relativt lavt så mykje av den fuktige lufta flyt forbi Karmøy og når desse skylaga treffer høgareliggande areal på innsida av Karmøy stig luftmassane og me får orografisk nedbør. Det betyr at sjølv om Vestkyst Karmøy er lengst vest så er nedbørsmengda moderat i forhold til lengre aust i Rogaland. Derimot får Vestkyst Karmøy ein del fukt gjennom havtåke som sig inn over land. Jamn fukt og vintermilde klimatilhøve er med på å gi grunnlaget for ein særprega natur, særleg for kuldeintolerante artar.

På vestkysten av Karmøy er stille vær unormalt, og vindrosa (Fig. 5.1.3.2) viser ein dominerande vindretning frå sydaust og nord nordvest, medan dei sterkast vindane kjem oftast frå sørvest til nordvest.

⁸ [Jordas klimasoner – Store norske leksikon](https://snl.no/K%C3%B6ppens_klimaklassifikasjon) https://snl.no/K%C3%B6ppens_klimaklassifikasjon




Fig. 5.1.3.2. Vindrose for Haugesund lufthamn på Karmøy siste 30 år, jf. Norsk klimaservicesenter⁹.

Vinden saman med havet er ein sterk landskapsformande faktor, og med stormflo kan vatnet stå høgt innover strendene. Dette er med på å skape erosjon og dynamikk i sanddyneområda ved at vind og bølger kontinuerleg flytter på sandmasser til og frå sanddyneområda.

5.1.4 Geologi og lausmasser

Bergartane frå Åkra til Syre er en del av Vest Karmøy intrusive kompleks (Vest-Karmøy suiten). Denne samlinga av djupbergarter blei presset opp i overliggende ofiolittiske bergarter. Dette er danna ved oppsmelting av nedsenka havbotnsediment. Det er rapportert fleire dateringar innanfor disse bergartane, med alder innanfor tidsspennet 479-472 mill. år (Pedersen & Dunning, 1997).

Dei intrusive bergartane vest på Karmøy varierer frå tonalittiske til granittiske bergarter. Mellom Åkra og Mortensvika er bergarten granodioritt. Frå Mortensvika til Otravik førekjem meir finkorna, lys-grønlege bergarter. Dette er hornblendeførande kvartsdioritt. Med enkelte unntak går vi frå Otravika og vidare sørover inn i granittar, blant annet Alleskjergranitt og Syregranitten. Særleg Syregranitten, men også de andre granittførekomstane som opptre her, er karakterisert av eit stor mengd xenolittar. Slike xenolittar er fragment av eldre bergartar som ikkje har smeltet i den granittiske smelten som omgir dem. På vestsida av Karmøy har bergartane så mange xenolitter at det først ble tolka som om bergartane var konglomeratar. Xenolittane vi kan sjå her er stort sett sedimentære bergartar som kvartsitt, marmor og kalksilikatbergarter.

Lausmassar - Dei geologiske prosessane og avsluttinga av siste istid om lag 12 000 år sida har dominert fordelinga av berggrunn og jordsmonn. Mot slutten av siste istid og i perioden etter stod sentrale deler av Vestkyst Karmøy under den marine grense. Noko som medfører en marin lausmasseavsetningar (Fig. 5.1.4.1). Dette er frå den tid havnivået var høgare og den marine grense låg vesentleg lengre aust enn i dag, særleg i dei nordre delane av Vestkyst

⁹ [Vindrose med frekvensfordeling - Seklima](https://seklima.met.no/windrose/?timeresolution=last_30_years&locationid=SN47260)

https://seklima.met.no/windrose/?timeresolution=last_30_years&locationid=SN47260

Karmøy. I sør var Syreglåna ein øy, og i areala rundt blei det mindre marine avsetningar anna enn sunda mellom Syreglåna og Grøtheimstuva. Her er lausmassane i større grad påverka av dei harde bergartane. Dette kan me også sjå i dei ytste strøka der berg stikk opp av markane og går mot strandberg ut mot havet. Denne variasjonen i lausmassar er med på å skape variasjonen me ser i naturverdiane, frå dei blømerike strandengane på marine avsetningar til meir artsfattige kystlyngheiar på skrinne jorddekte berg. Dei mineralrike marine avsetningane er svært god dyrkingsjord og er i dag i vesentleg grad dyrka opp for gras eller grønsaksproduksjon. Men me finner ennå att rike beiteengar på marine avsetningar, gjerne der avsetningane er mindre tykke og det blir ein mosaikk med berg i dagen, t.d. Lakseodden er eit slik døme der marine avsetningar på berg har medført ein svært rik naturbeitemark.

Etter landhevinga frå sist istid har meir og meir i av avsetningane og strandberga kome fram, og i all vesentleg grad er verneområdet havbotn frå historisk tid i bergartane lausmasseavsetningar kome fram etter sist istid.




Fig. 5.1.4.1. Lausmasseavsetningane langs Vestkyst Karmøy viser en dominans av marine avsetninger, mørk blå = tykt dekke og lys blå = tynt dekke <0,5 m. Grøn farge indikerer moreneavsetningar og brun farge er torv og myrmasser. Anna landareal er bartfjell med stadvis tynt lausmassedekke. Informasjon henta frå NGU – Noregs Geologiske undersøkingar¹⁰.

¹⁰ [Geologiske kart | NGU](https://www.ngu.no/geologiske-kart) <https://www.ngu.no/geologiske-kart>

5.1.5 Naturtypar og vegetasjon på land

Naturvariasjon og vegetasjon har vore studert i lengre tid på Karmøy frå dei tidlege pionerane t.d. J.M. Normann sin ekskursjon i 1850 og Helga Eide sitt arbeid (1885-1895) (Lundberg 1998), fram mot omfattande undersøkingar og arbeid av Anders Lundberg, inklusiv *Plantesosiologiske og økologiske studier i dynevegetasjon på Karmøy* (Lundberg 1982), *Havstrand og nasjonal naturvernstrategiar* (Lundberg 1992), *Sandstrendene på Vest-Karmøy* (Lundberg 1997), *Karmøys flora* (Lundberg 1998), *Kulturlandskap og biologisk mangfald på Haugalandet* (Lundberg 2010). For tidlegare arbeid visar me til Botanisk bibliografi for Rogaland 1814 – 1983 (Lundberg 1985). Det langvarige arbeidet har medført ein grunnleggande forståing av naturen og drivkrefter for naturvariasjon på Karmøy. Derimellom fordelinga av naturtypar, som ein einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, jf. § 3 bokstav j i naturmangfaldlova. I Noreg føreligg kunnskap om fordelinga av naturtypane etter Direktoratet for naturforvaltning sin handbok – 13 (DN-HB13), etter Miljødirektoratet sin instruks for naturtypekartlegging NiN, og som kartleggingseiningar 1:5000 NiN¹¹. Sistnemnte er omsett til naturtypar, og kjelde til informasjon er miljødirektoratet sin naturbase.



Fig. 5.1.5.1. Kystlandskap på ein roleg dag med dei store landskapsformasjonane tydlege sørover frå Sandvesanden mot Syresåta.

I ein heildekkande naturtypekartlegging i 2015-2016 etter Miljødirektoratet sin instruks, blei naturtypar registrert langs heile kyststripa av Vestkyst Karmøy. I kartlegginga blei det

¹¹ [Kartleggingsenheter NiN](https://register.geonorge.no/data/documents/Produktark_kartleggingsenheter-nin_v1_kartleggingsenheter-nin_.pdf)

https://register.geonorge.no/data/documents/Produktark_kartleggingsenheter-nin_v1_kartleggingsenheter-nin_.pdf

registrert 584 einingar i området og desse fordelast på 28 hovudtypar med 62 ulike naturtypar. Omfanget av naturtypevariasjonen er stor og betydninga av dette med omsyn til biologisk mangfald kjem fram når ein ser at det må minst vere 25% skilnad i arts samansetnad mellom naturtypar. Det betyr at naturvariasjon som ligger innafor avgrensinga av Vestkyst Karmøy er svært stort. Av dei registrerte naturtypane i landskapsvernet er det heile 239 registrerte førekomstar fordelt på 22 ulike raudlista naturtypar (Artsdatabanken 2018). I det vesentlege er desse knytt til semi-naturlege naturtypar. Det vil si at naturtypane er avhengig av menneskeleg skjøtselsaktivitet. Dette er beiteareal med ulik grad av intensitet i hevd og praksis, frå kystlygnhei til eng vegetasjon på naturbeitemark. For naturbeitemarkane så er det varierende hevd intensitet frå ekstensivt beite utan gjødselpreg, til areal med klart hevdpreg og med svakt preg av gjødsling. Dei beiteareala med klart gjødselpreg vert ikkje vurdert som raudlista (Artsdatabanken 2025). I tillegg kjem beiteprega myrareal, våtengar og strandengar.

Artsdatabanken har revidert raudlista for naturtypar i 2025, og alle dei semi-naturlege naturtypane er oppgradert frå sårbar (VU) eller sterkt truga (EN) i raudlista 2018 til kritisk truga (CR) i raudlista 2025. Kritisk truga er den sterkaste trugselkategorien etter raudlistesystemet, neste steg er regionalt utdøyd. Orsak til denne nedgangen er vurdert til endring i drift til meir intensiv drift eller opphøyr av drift med attgroing eller nedbygging, jf. Artsdatabanken¹².

I verneplanområdet er det baa registreringar av HB-13 og Miljødirektoratet sin instruks (2015-2016), jf. naturbase¹³. Kartinformasjonen frå desse registreringane er noko metodisk ulike, men dei samanfeller i all vesentleg grad for naturen dei omtalar er den same (Fig. 5.1.5.2). HB-13 areal for svært verdifull natur (verdi A) dekker om lag 77% av landareala, medan raudlista naturtypar¹⁴ etter miljødirektoratet sin instruks dekker om lag 57% av landareala. Dette viser at Vestkyst Karmøy har ein vesentleg naturvariasjon av nasjonale og internasjonale kvalitetar.

¹² [Artsdatabanken | Kunnskapsbank for naturmangfold](https://artsdatabanken.no/) (https://artsdatabanken.no/)

¹³ [Naturbase kart](https://geocortex02.miljodirektoratet.no/vertigisstudio/web/?app=a3a09afee5c24c459c53a9a9ff0915f1)

<https://geocortex02.miljodirektoratet.no/vertigisstudio/web/?app=a3a09afee5c24c459c53a9a9ff0915f1>

¹⁴ [Norsk rødliste for naturtyper 2018 | Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/naturtyper/rodlista-naturtyper/2018)

(https://artsdatabanken.no/naturtyper/rodlista-naturtyper/2018)




Fig. 5.1.5.2. a) Nasjonalt viktige naturtyper, samtlege av verdi A, etter DN-HB 13 (naturbase, Lundberg (2010)), b) raudlista naturtyper etter Miljødirektoratet sin instruks 2015-2016 (naturbase); mørkt raudt = sterkt truga, raudt = sårbar og ljøs raudt = datamanglande (usikker status) etter Norsk raudlista for naturtyper 2018, etter revisjon av raudlista 2025 vil heile kartlaget bli mørkeraudt da alle semi-naturlege naturtyper blir vurdert som kritisk truga.

Naturtypene registrert etter HB-13 dekker om lag heile kyststripa, med ein hovudvariasjon av naturbeitemark brote opp av sanddyner, sand- og grusstrand, strandeng og strandsump og Tangvoll, kulturbeitemark og fulldyrka eng. Naturbeitemarkane dekker store areal, og har svært variabel utforming, t.d. Taravika-Hebneståa (BN00082310) med 22 utformingar av vegetasjonstyper i naturbeitemark, kystlynghei og strandtyper (Lundberg 2010).

Landskapet er dominert av semi-naturlege naturtyper. Med andre ord naturtyper som over lang tid har blitt ekstensivt påverka av menneskeleg aktivitet med beitedyr, slått, brenning og hausting av naturressursar, t.d. tare i fjørebelte for gjødsel på dyrka mark. Desse ekstensivt påverka naturtypene er klart i overtal med omsyn til raudlista naturtyper innafor planlagt landskapsvern. Heile 90% av arealet for raudlista naturtyper er avhengig av skjøtsel, medan det utgjør berre 60% av raudlista naturtyper. Av dei skjøtelsavhengige naturtypene er 61% kystlynghei og 35% semi-naturleg eng (naturbeitemark).




Fig. 5.1.5.3. Raudlista naturtypar; grøn = naturbeitemark, raudt = kystlynghei, gul = sanddynemark, blå = myr og våteng,

Kystlyngheia¹⁵ er ein kritisk sterkt truga naturtypeog utvalt naturtype etter naturmangfaldlova. Tradisjonell skjøtsel av kystlynghei er ekstensivt beite der vegetasjonen blir regelbunden brunne¹⁶. Brenningsintervalla er tradisjonelt om lag 15-20 år, alt etter tilvekst av lyngartar som røsslyng, purpurlyng og klokkelang. Brenning frigjer næringsstoff for plantevekst gras og lyng, som beitande dyr, hovudsakeleg sau, kan dra nytte av heile året. Kystlyngheiar er ein dominerande naturtype i sentrale delar av Karmøy, mens i landskapsvernet er naturtypen mest å finne sør for Sandve. I tillegg til nokre samanhengande areal førekjem ved strekket mellom Hemnessanden til Otravika. Utover det finst kystlyngheivegetasjon på rabbar og knausar der beitetrykket er moderat og gjødselpåverknad fråverande. I fuktområde vil kystlynghei få eit større innslag av meir fukttålande halvgras og klokkelang kjem meir til sin rett. Naturtypen går da i uttrykk mot myrkantpreg.

¹⁵ [Norsk rødliste for naturtyper 2025 Fattig kystlynghei | Artsdatabanken](https://lister.artsdatabanken.no/naturtyper/2025/236)
(<https://lister.artsdatabanken.no/naturtyper/2025/236>)

¹⁶ [Handlingsplan for kystlynghei - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/handlingsplaner-for-utvalgte-naturtyper/handlingsplan-for-kystlynghei/)
(<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/handlingsplaner-for-utvalgte-naturtyper/handlingsplan-for-kystlynghei/>)



Fig. 5.1.5.4. Kystlynghei ved Syre.

Naturbeitemark¹⁷ er en semi-naturleg eng med langvarig ekstensiv hevd gjennom beiting, og ingen eller berre svake spor etter gjødselpåverknad. Naturbeitemarkene langs vestkysten av Karmøy er svært varierende alt ifrå dei rikare utformingar i sanddyneområda og tørkeutsette rabbar til meir fattige våtengar. Variasjonen i naturtypane er i tillegg avhengig av hevd regime der me finner ugjødsle eng til svakt gjødselpåverka naturtypar. Variasjonen i fukttilhøva i mark og kalkinnhald vil i stor grad avhenge av naturgitt fordeling av marin avsetningar og naturlege dreneringstilhøve. Det er her ein glidande overgang til beitemarkar som har ein meir intensiv drift der det i større grad nyttast gjødsel og/eller førekjem dreneringstiltak i form av veiter og grøfter. Naturbeitemark er ein raudlista naturtype som treng skjøtsel, og polariseringa i landbruket mot meir intensiv drift eller opphøyr er ein hovudårsak til at naturtypen i dag er vurdert i tilbakegang. Naturbeitemarkar er grasdominerte naturtype med ein rik flora og variert flora. Utforminga er mellom anna styrt av dyreslag, beitetrykk og gjødselintensitet. Mellom anna ved opphøyr av beite vil artsmangfaldet i feltsjiktet på naturbeitemark reduserast (Moe & Fludal 2026), noko som samsvarar med negativ korrelasjon med artsmangfald og ljøsavhengige artar i naturbeitemark (Kapfer et al. 2022). Tilsvarende reduksjon i mangfald får ein også i motsett høve med meir intensiv drift der gjødselpåverknad fremmer meir konkurransekraftige artar tilpassa høg næringstilførsel. I ein nasjonal undersøking av beitemark har Nibio vist at biologisk mangfald vert redusert med auka innslag av nitrofile artar (Kapfer et al. 2022). Naturbeitemark blir gjerne påverka ved sig frå dyrka mark i overkant og dyr som beiter fritt

¹⁷ [Naturbeitemark - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturtyper/naturbeitemark/)

(<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturtyper/naturbeitemark/>)

mellom intensivt gjødsla beite og naturbeitemark. Naturbeitemark er fordelt utover heile Vestkyst Karmøy, men særskilt nord for Skiftesvikholmane. I sør finner me noko fattigare utformingar, medan særskilt artsrike utformingar finner me att ved Sandvesanden og Laksodden. Elles ser me at i sandstrandområda vil naturbeitemark få ein rik utforming. Her er naturtypane påverka av sandflukt og mineraltilførsel frå havet. Det er berre ein svært smal stripe att av desse naturtypane langs vestkysten av Karmøy. Orsak til dette er eit sterkt press frå nedbygging eller intensivt landbruk. Arealane er attraktive til bustadområde med utsyn og nærleik til strandområde, og det er areal som naturleg er lett å dyrke på jordsmonn eigna for både gras og grønsakdyrking.




Fig. 5.1.5.5. a) Overflatedyrka og naturbeitemark. I eit typisk småkupert kystlandskap, b) naturbeitemark, kystlynghei og fjellknausar i salig mikstur ved Syre.

Strandområda omfattar både rullesteinstrender og sanddynekompleks¹⁸., medan det er naturtypene i sanddyneområda som er vurdert for nasjonal raudliste¹⁹. Ein sandstrand er eit naturkompleks som eigentleg startar i sjøen der dei marine naturtypene medverkar til graden av sandpålegging i strandsona blir tilstrekkeleg for å bygge opp sandstrender og dynesystem. Som naturkompleks vil naturtypene som utgjer sanddynene bli prega av dei same økologiske prosessane, dvs. vindpåverknad, tilførsel av sand og variasjon i stabilitet av sandsubstrat²⁰. På land byrjar sandstrender med ein vegetasjonslaus forstrand, for så å gå over i primærdynar, kvite og grå dynar og til slutt brune dynar og dynehei. I einskilde flate sandstrandkompleks vil ein også finne dynetrau der grunnvatn kjem opp i bakdynelandskapet. Ein sandstrand har svært ulike utformingar med omsyn til stabiliserande faktorene som må til for å kunne bygge opp ein sanddyne.



Fig. 5.1.5.7. Frå strendene ved Åkra, vegetasjonslaus forstrand, vegetasjonsetablering og marehalm sanddyner, og etablert dynevegetasjon.

I området er det registrert 9 sandstrandområde (Lundberg 1997); Åkrasanden (Litlesand/kaiasand, Tønnessand, PeraHans-sand, Medhaugsanden, Sandodden, Skiftessand, Sjursand, Larssand, Folanessand og Liknessand), Bønasanden, Stavasanden, Nessanden, Taravikje, Hemnessand, Hålandsand, Sandvesanden og Mjølhussanden. Utover desse finst det fleire mindre sandstrender og rullesteinstrender langs store deler av kyststripa, om enn nokre færre i sør. I tillegg var Vikrasanden ein velutvikla sandstrand nord for Sandvehamn. Ved utbygginga av moloen i Sandvehamn blei anlagt ein veg på utsida av strandområdet. Dette har medført at strandbyggande prosessar er avskåre og området har utvikla seg til ein takrøyr-brakkvatnsump.

¹⁸ Lundberg, A. 2013. Havstrandnatur. Tilstand, overvåking. DN-utredning 6-2013. Direktoratet for naturforvaltning.

¹⁹ [Norsk rødliste for naturtyper | Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/naturtyper/norsk-rodliste-naturtyper) (https://artsdatabanken.no/naturtyper/norsk-rodliste-naturtyper)

²⁰ [Sanddynekompleks | Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/naturtyper/natur-i-norge/NIN-3.0-T-C-SE-NK-0-K-E01/beskrivelse) (https://artsdatabanken.no/naturtyper/natur-i-norge/NIN-3.0-T-C-SE-NK-0-K-E01/beskrivelse).



Fig. 5.1.5.8. Sandstrand med tarevoll, ved Liknessanden, Åkra.

I sandstrandkomplekset er det fleire naturtypar, og innafor kvar naturtype er det ein vesentleg variasjon i artsmangfald og vegetasjonsutformingar (Lundberg 2010). Ein vesentleg faktor er sandstabellisering med karakteristiske vegetasjonssonering, frå ustabil forstrand med einskilte urter i tangvollsona, via primærdynar med strandkveke, kvite og grå dynar med marehalm til brune dynar og dynehei der vegetasjonen blir samanhengande og stabil. Dette er ein dynamisk prosess (fig. 4.53 i Edvardsen mfl. 2024 Natur i Norge) mellom destabiliserande erosjonskrefter og stabiliserande krefter av plantevekst. Innanfor brundynene kjem dei meir stabile dyneheiane. Desse areala er mineralrike og gir gode beiter og enkle tilhøve for dyrking og slått, men har vore utsett for sandflukt frå strendene. I dei vegetasjonstette bakdynene har det vore ein semi-naturleg hevd i generasjonar, og særleg med beitedyr og slått (Lundberg 1997). I moderne tid har også strandområda vore pressa av utviklinga av Åkra (Fig. 5.1.5.9), med bustadutvikling heilt ut i dynelandskapet. Denne utviklinga har medført at i særskild grad den sørlege stabiliserte sanddynemark (brundynar og dyneheiar) er naturtypar som sterkt truga (EN – Raudlista for naturtypar 2018 og 2025), medan vurderinga av dei sørlege ustabile sanddynene (kvit og grå dynar) er løfta frå sårbar (VU) til sterkt truga naturtype (EN, jf. Raudlista for naturtypar 2018 og 2025). Med moderne press av utbygging og tilrettelegging for andre føremål, har det medført eit opphøyr av semi-naturleg driftsregime. I langtidsforsøk ved Åkra er det vist at eit ekstensivt slåtteregime vil være positivt for artsmangfaldet over tid (Lundberg mfl. 2017).



Fig. 5.1.5.9. Flyfoto frå Kaiasanden til Liknessanden frå: a) 1964 og b) 2021

Sanddyneareala er av svært ulik utforming, der dei nordlege sanddynearela i større grad er tilknytta eit flatt landskap i bakkant, medan på Sandvesanden og Mjølhussanden i sør stig terrenget raskare. Dette medfører at strandpartia er naturleg meir kompakte i sin utforming frå forstrand til etablerte sanddyner.




Fig. 5.1.5.10. Endringar i sanddynemark ved revisjon av norsk raudlista for naturtypar. Alle aktuelle sanddyneområder er vurdert som sterkt truga. Grus og steinstrender er vurdert som livskraftige naturtypar.

Av særleg landskapsaspektar ved sanddyneområda er landformar som tombolo der sandavsetningar skapar ein strandbru mellom sandstranda og holmar, slik som sett ved Medhaugshamaren (Fig. 5.1.5.11).

Sanddynesystema langs Vestkyst Karmøy er omtalt i detalj både utforming og prosessar av naturtypar og med omsyn til flora, fauna og kultur i arbeida til Anders Lundberg (1992, 1997, 1998, 2010).



Fig. 5.1.5.11 Tombolo ved Medhaugshamaren.

Myr og våteng

Klimatilhøva er gunstige for myr og fuktmarkvegetasjon på Vestkyst Karmøy. Det er ein relativt høg råmetilhøve både med nedbør og havtåke. Torvdanning i myr skjer der nedbrytingstempo er seinare enn produksjonen av organisk materiale, dvs. tilveksten overgår nedbryting. Slike tilhøve finst hovudsakeleg i sør der jordvassmyrar har fått utvikla seg i fleire tusen år. Det er særleg to store myrkompleks som går parallelt i nordvest-søraustleg retning med lengre samanhengande myrsystem. Desse myrene høyrar til kategorien jordvassmyrar der vatnet er i kontakt med berggrunnen slik at næringsgrunnlaget i myra blir påverka. I tillegg finner me myrvegetasjon i einskilte skråningar der sigevatnet samlar seg opp.

Myrsystema var ein viktig ressurs for samfunnet, med uttak av torv som brensel, og grøfting av torvflatar for oppdyrking. Kulturelle spor synast i fleire av dei myrflatane som er att i landskapet. Av våtmarksområda med noko areal er det vært å nemne myrane ved Syre fort, og myrsystemet sør for tuemyr. Sistnemnte myrsystem er i alt om lag 12 km langt, men er delt om lag på midten av Mjølhusvegen.



Fig. 5.1.5.11. Våtmark meir framtrédande sør for Otravikvegen. Langstrakt myrflate sørvest om Tuemyr. Med innslag av framande treslag sitkagran.

Å ta vare på myrsystema er ein viktig del naturbasert klimatilpassing, og nasjonalt leggast det vekt på å restaurere myrflatar og ta vare på dei økosystemtenestane desse leverer til samfunnet.

Våteng er ein særskilt naturtype der vassmetta mark i større grad er dominert av grasvegetasjon. Vegetasjonsinntrykket på slike stader kan minne om ein fuktig kystlynghei (fukthei) eller ein myrkantvegetasjon. Slike område har tidlegare ofte vore drenert ut og det er berre få område att. I Vestkyst Karmøy er det berre ein førekomst som er særprega av eit større samanhengande våteng rett sør for Otravika. Her er våtenga i eit kompleks med myr og fuktig kystlynghei.



Fig. 5.1.5.12. Det er kort avstand mellom fuktig naturbeitemark og kystlynghei.

5.1.6 Artar

Artsmangfaldet på vestkysten av Karmøy er styrt av den geografiske posisjonen, berggrunn, istidshistorie, og menneskeleg aktivitet. Dei økologiske forholda og variasjon i økologisk funksjon gir stort mangfald. Området er rikt på artar og sjølv med ujamn registreringsaktivitet mellom artsgrupper finn me artar som trivst godt i dei barske tilhøva på kysten. Her er det vind og saltpåverknad i dei fleste årstida. Det er fleire artar som har sin hovudbestand langs den tynne kyststripen av Noreg, og for desse artane er Vestkyst Karmøy eit sentralt areal. Det skil seg frå Jærens langstrakte strandområde, og klippekysten lengre nord, med å være ein heilt unik mosaikk av habitat knytt til strandområde, kystklippar, og ekstensivt landbruk (naturbeitemark og kystlynghei). I desse habitata vil me finne fleire vanlege karakteristiske artar, men også artar som er sjeldsynte eller der den nasjonale bestanden er truga. Desse artane er identifisert av Artsdatabanken sin ekspertgruppe og inkludert i Norges raudliste for artar. Her blir kvar art vurdert i kva grad den nasjonale bestanden er i tilbakegang og kva som er orsak til dette.




Fig. 5.1.6.1. Registrerte observasjonar i: a) alle observasjonar og b) raudlista artar (kategoriane CR, EN, VU og NT), jf. artskart i Artsdatabanken. Uttrekk av informasjon datert 05.01.2026.

Av 59826 registrerte observasjonane i artskart, jf. Artsdatabanken, er det 160 artar som kategoriserast som raudlista. Av desse er 100 av artane vurdert til at dei er i fare for å bli utrydda nasjonalt, dvs. dei er anten kritisk truga (CR), sterkt truga (EN) eller sårbar (VU), i tråd med den internasjonale naturvernunionen (IUCN) sin rettleiing²¹. Av registreringane i Vestkyst Karmøy er det 11578 artar som er rekna for å ha livskraftige bestandar i Noreg (Tabell 5.1.6.1). Fordelinga av 59826 observasjonane av artar i Vestkyst Karmøy er noko ujamn med fleire registreringar i områda Åkrahamn-Ferkingstad, og noko færre sørover med unntak av sanddyneområda der det også er fleire registreringar (Fig. 5.1.6.1a).

Tabell 5.1.6.1. Tal på artar i ulike organismegrupper fordelt på raudlistekategorisering, jf. Artsdatabanken, andre = andre organismegrupper. Registreringar = tall på einssilde observasjonar av organismegrupper.

Organisme	RE	CR	EN	VU	NT	LC	Sum	Registreringar
fugl	1	9	14	30	23	133	210	53104
karplanter			12	10	20	390	432	3306

²¹ [Metode – kategorier og kriterier | Artsdatabanken](https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Metode-kategorier-og-kriterier) <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Metode-kategorier-og-kriterier>

moser			1	4		159	164	379
lav				2	1	59	62	134
sopp			2	9	10	95	116	724
sommerfugl			1	2	1	301	305	1066
eddekoppdyr				1		27	28	44
tovinger/veps					2	126	128	373
pattedyr				2	1	7	10	31
andre				1	2	281	284	665
Sum	1	9	30	61	60	1578	1739	59826

Når me samanliknar generell fordeling av artsobservasjonar med funn av raudlista artar (Fig. 5.1.6.1b), så skil sanddyneområda seg ut. Områda Stavasanden og nordover utgjer viktige sanddyneområder og i kombinasjon med sentrale funksjonsområde for fugleliv, gjer eit høgt besøktal det naturleg å forvente at det registrerast fleire raudlista artar her. I dette ligg det at naturtypar som er svært sårbare for påverknad, og artar tilpassa desse miljøa, fort blir utsett for tilbakegang gjennom redusert areal, slitasje og næringsstoffpåverknad.

I områda føreslått for særskilt vern, dvs. Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat, ser me at dei fleste fugleartane fangast opp med desse områda, medan for karplantar så er raudlista artar fordelt utover fleire strandområde (Tabell 5.1.6.2). Det er likevel viktig å merke at desse områda åleine er ikkje tilstrekkeleg for å fange opp alle førekomstane av truga artar i dei ulike organismegruppene. Det er ein jamn fordeling av førekomstar også utover dei særskilte nemnde miljøa også i sør (Fig. 5.1.6.1b). Dette er artar assosiert med andre naturtypar og leveområde. Mellom anna fant undersøkinga for beitemarksopp to nye artar for Noreg (sjå avsnitt om sopp under), dette er artar som favoriserast av naturtypen naturbeite (semi-naturleg eng, jf. Natur i Noreg). Det er difor viktig for eit dekkande vern om sjeldsynte og truga artar og naturtypar at me ser på det heilskaplege landskapet.

Tabell 5.1.6.2. Antall arter registrert i artskart (05.01.2026) fordelt på raudlistekategori, RE = regionalt utdøyd, CR = kritisk truga, EN = sterkt truga, VU = sårbar, NT = nær truga og LC = livskraftig.

Kategori	Verneområda (LVO+NR)			Stavasanden naturreservat			Taravika naturreservat			Sandområda		
	totalt	fugl	karplantar	totalt	fugl	karplantar	totalt	fugl	karplantar	total	fugl	karplantar
RE	1	1										
CR	9	9		6	6		8	8		9	9	
EN	30	14	12	13	13		12	12		24	13	10
VU	60	30	10	27	23	1	28	25	2	41	28	8
NT	60	23	20	19	17	1	24	23	1	46	23	17
LC	1551	133	390	217	88	55	276	116	116	953	112	335

5.1.7 Karplanter

Vestkyst Karmøy er eit unikt landskap med ein heil særeigen variasjon av planteliv. Dei naturgitte tilhøva med påverknad frå hav, vind, geologi, jordsmonn og menneskeleg påverknad gir eit lysopent eksponert landskap. Den småtopografisk kuperte terrenget gir variasjonar over svært kort avstand. Til saman gir rom for ulike planter skal finne livsmiljø der dei kan vekse, bloma og sette frø/sporar. Variasjonen i flora heng saman med den store variasjonen me ser i naturtypar og utformingar av naturtypar. Her er det i utgangspunktet eit fattig grunnfjell som stadvis blir overlaga med marine lausmassar og skjellsand, som rester av vår istidshistorie med landheving etter at isen trakk seg attende. Dette gir opphav til ein svært variert flora frå dei fattige røsslyngheiane til artsrike strandenger og grasbakkar (Lundberg 1997). Grasmarkane blei beita og slått, sjølv dei mindre områda innimellom

bergknausar og steinstrender vart utnytta. Desse utvikla over tid ein eigenarta og svært rik flora.

Med omsyn til særskilte habitat som sanddyneområda så kjem det fram av raudlistefordelinga for Stavasanden naturreservat, Taravika naturreservat og sandområda generelt at det er ein variasjon mellom strendene og at det er eit behov for å ta vare på eit større omfang av desse for å fange opp vesentlege raudlisteverdiar med omsyn til karplantar. Vidare så er det særskilte karplantar som er knytt til heilt spesielle leveområde som fuktareal i beitemark, t.d. jærsev (sjå under). Det er artar knytt til naturbeitemark td. hjartegras, tiriltunge, blåklokke, mm. artar knytt til hei områda, t.d. røsslyng, purpurlyng (sjå under), tusengylden. På kartet (Fig. 5.1.6.1b) så kjem det tydeleg fram at sjølv om raudlista artar først og fremst er registrert i nord ved Ferkingstad og Åkra med sanddyneområda er det funn av truga artar jamt over heile Vestkyst Karmøy.



Fig. 5.1.7.1. a) Registrerte karplanter, blå sirkel = livskraftige arter, raud sirkel = raudlista førekomstar. b) Brudespore ein livskraftig orkidé som synast ved Åkrasanden, foto: Anders Lundberg. Slike plantar gjer seg best i naturen.

Kunnskapsgrunnlaget for Karmøy med omsyn til førekomstar av planteartar er dekkja gjennom Karmøy flora (Lundberg 1998), arbeidet rundt naturtypevariasjon på Karmøy (Lundberg 2010), og tilgjengeleg artsregistreringar i artsobservasjonar og artskart, jf. Artsdatabanken.

Her omtalar me berre eit knippe av dei planteartar ein kan treffe på om ein vandrar langs vestkysten av Karmøy.

Purpurmarihand (*Dactylorhiza majalis* ssp. *purpurella*), tidlegare namn strandmarihand, er ein orkidee med mørke purraude blomar med svak kløft i leppa (Fig. 5.1.7.2) og blad er nokså breie og tjukke og ofte fleire enn 5 i tal (Lundberg 1998, Elven 2026²²). Arten er i dag vurdert som sterkt truga (EN), og arten er freda mot skade, øydelegging, innsamling og anna for form direkte negativ påverknad²³. Arten trivs best i sandig og fuktig jordsmonn, og er kjent frå sanddyneområde spredt langs kysten frå Jærstrendene i sør og nord til Trondheimsfjorden, med ein eldre registrering så langt nord som Bodø. På Karmøy er arten i all hovudsak knytt til sandig mark langs vestkysten. Det er fire hovudførekomstar på Ferkingstad, Laksodden, Sandvehamn og Sandvesanden. Utover det er det einskilde mindre bestandar av purpurmarihand. Arten er i dag rekna som sterkt truga mykje pga. av attgroing nedbygging, jf. Artsdatabanken. Førekomstane ved Ferkingstadhamn og Sandvehamn er særskilte da desse er på opparbeida grusmark. Arten er sårbar for hausting og tilfeldig plukking. Purpurmarihandblomar veks uregelbunden og kan tilsynelatande bli borte frå ein lokalitet i nokre år før den kjem attende får frø og rotknoll. Dette gjer at arten er utsett for tilfeldig uheldige inngrep. Arten er omfatta av forskrift om freding av truga artar, og det betyr at det ikkje er lov til å plukke heile eller delar av planten eller på anna måte etterstreve deira førekomst.




Fig. 5.1.7.2. A) Nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) purpurmarihand, foto Anders Lundberg..

²² Reidar Elven: Purpurmarihand *Dactylorhiza majalis* subsp. *purpurella* (T.Stephenson & T.A.Stephenson) D.M.Moore & Soó

Hentet 08.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/arter/takson/132208/beskrivelse>

²³ [Forskrift om fredning av truede arter - Lovdata](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-12-21-1525) <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-12-21-1525>

Myrflangre (*Epipactis palustris*) svært sjeldsynt plante med berre to bestandar i Rogaland, Ognasanden og sør for Åkrasanden. Arten er sterkt truga (EN) på grunn av få og små bestandar (Artsdatabanken 2021), og arten er freda²³. Planten bli om lag 40 cm høg, med talrike lansettforma, spisse blad, og frå 5-14 små blomar. Arten førekjem oftast i fuktig mark i myrområde og einskilde stadar i dynetrau. På Karmøy er arten kjent frå ein lokalitet der den blei registrert talrik bestand i 1984 (Lundberg 1998), der Lundberg peikar på trugslar som framleis er aktuelle. Etter tusenårsskifte er arten kjent frå minst 17 lokalitetar nasjonalt, og ein lokalitet sør på Åkrastrendene. Lokaliteten ved Åkrastrendene blei funnet att i 2016, 2020 og 2022.




Fig. 5.1.7.3. a) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) myrflangre, foto Anders Lundberg.

Blodstorkenebb (*Geranium sanguineum*), lokalt i vest-Karmøy er arten kjent som hattablom. Dette er ein art med ein livskraftig nasjonal bestand langs kysten nord til Bergen og spreidde førekomstar nordover (Fig. 5.1.7.4). Arten kjenneteiknast med ein fem-tallig blom med djup raud til purpurfarga kronblad. Blad er djupt handflika og blir tydeleg raude om hausten, derav namnet *sanguineum* (blodrød). Blodstorkenebb er ein varmekjær art og trivs best i kalkrike habitat, t.d. sanddynemark med innslag av skjellsand. Lokalt førekjem arten langs alle strendene i Vestkyst Karmøy, men i varierende bestand. Arten er mellom anna sårbar for sauebeite, men også for generelt tråkk og slitasje. Det er tydeleg at arten sin bestand har variert gjennom tid etter bruk av strandområda (Rosseland 1934 i Lundberg 1998).




Fig. 5.1.7.4. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) blodstorkenebb.

Berghøgsmole (*Rumex bryhnii*) er ein middels høg plante opptil 60 cm, med krusa langsmale blad. Liknar svært på krushøgsmole, men skil på fruktdekkblad. Arten førekjem på grus- og steinstrender og sprekkjer i strandberg. Arten er vurdert som sårbar (VU) på grunn av små og få bestandar i område utsett for nedbyggingspress. I Noreg er arten berre kjent frå Rogaland ifrå Hå til Karmøy, og globalt er dette hovudbestanden av førekomstar noko som gjer at arten er ein av Noregs ansvarsartar. I vestkyst Karmøy er arten kjent frå eldre funn av Rosseland på Vikrasanden og Åkrastrendene, moloen på Ferkingstad, Laksodden og i 2021 blei ein bestand registrert på Stong, jf. Artskart. Arten er til forveksling lik krushøgsmole, men utgjer i mindre grad eit problem i naturbeitemark og slått da den er knytt til grus- og steinstrender.



Fig. 5.1.7.5. A) nasjonale og b) lokale førekomstar av c) berghøgsmole, foto: Anders Lundberg

Tusengyliden (*Centaurium littorale*) er ein art om lag 10 cm høg, med opprette rosa fem-tallig blomar. Arten er kjent frå etablerte strandnære grasbakkar med innslag av skjellsand (Lundberg 1998). Nasjonalt er arten svært sjeldsynt og rekna som nær truga (NT). I nyare registreringar etter år 2000 har arten sin nordgrense på Karmøy. Der er den funne på Laksodden, Sandvesanden og ved Røyrvika. I Røyrvika er arten registrert i noko meir heiprega naturtype enn vanleg. Tusen gylden høyrar til søterotfamilien og ein nær slektning **bakkesøte** (*Gentiana campestris*) er også ein sjeldsynt art på Karmøy knytt til etablerte sanddynemark og grasbakkar. Denne arten noko større og har opprett fiolette blomar i klase.



Fig. 5.1.7.6. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) tusengyllen, foto Anders Lundberg.

Fagerknoppurt (*Centaurea scabiosa*) er ein vanleg livskraftig art med ein meir austleg hovudutbreiing og einskilde bestandar langs kysten opp til Nordland. Arten er ein fleirårig urt med særprega kuleforma blomsterstand i korg. Dekkblada i korga er grønne med svart kant og frynsa topp. Blomane er i hovudsak raudlege til lilla i farg. Arten er kjent frå kalkrike tørrbakkar, og førekjem lokalt difor mest i etablerte sanddynemark. Den er å finne langs alle dei større strendene i Vestkyst Karmøy.



Fig. 5.1.7.7. A) Nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) fagerknoppurt, foto Anders Lundberg..

Blodtopp (*Sanguisorba officinalis*) er ein halv til ein meter høg plante med finna blad, der småfinnane med ru bladkant. Blad består av 3-4 par finnar og ein endefinne. Blomsterstanden er tett og danner eit raudt avlangt hovud øvst på lengre skaft. Stengel ruhåra nedst, men for Karmøy rapporterer Lundberg (1998) om individ med hår langs heile stengelen. Arten er lett å kjenne att og førekjem i det meste av Karmøy, nasjonalt førekjem den i ein austleg bestand rundt Oslofjorden, og ein vestleg bestand frå Mandal til Bergen, samt einskilde førekomstar lengre nord (Fig. Xx). I Vestkyst Karmøy førekjem den på alle strendene og er viktig del av dei etablerte sanddynemarkane. I desse utgjer den ein særskilt økosystemfunksjon for mellom anna blodtoppraktviklar (*Eupoecilia sanguisorbana*) som er ein sterkt truga art (EN), jf. Norsk raudliste for artar - Artsdatabanken. Historisk er det signal i pollenanalyse av kjernemateriale at arten har vore stadeigen for Karmøy frå seinglasial tid (Paus 1989 i Lundberg 1989).




Fig. 5.1.7.8. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) blodtopp, her med blodtoppraktvikler (*Eupoecilia sanguisorbana*), foto Bjørn Mo.

Kjeldegras (*Catabrosa aquatica*) er eit gras som er knytt til næringsrike sig og bekker av ferskvatn på strender. Den er tolerant for gjødsel og kan også førekome i tangvoll (Elven 2022). Graset har blad om lag 1 cm breie, med ein tupp som er forma som baugen på ein båt. Den veks i mjuke mattar, og dei einskilde strå kan bli opp til 50 cm lange. I Noreg er arten noko på retur og dermed vurdert som NT, jf. Norsk raudliste for artar – Artsdatabanken. I sør-Noreg er arten knytt til kystnære strøk. På Karmøy finst arten på alle strendene, inklusiv tidlegare funn på Vikrasanden (Lundberg 1998).



Fig. 5.1.7.9. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) kjeldegras.

Hjartegras (*Briza media*) eit fleirårig gras som veks i opne tuer. Dei opprette stråa med ein topp der fleire flate hjarteforma små aks heng i tynne skaft (Elven 2022). Arten førekjem på slått og beite i baserik grunn. Dette er ein art det alltid er kjekt å finne og lokalt går den under namnet bevande hjarte (Lundberg 1998). Arten er tilknytt rike slått- og naturbeitemark og førekjem i heile låglandet nord til Steigen i Nordland. Bestanden i Sør-Varanger er etablert etter sprenging via høy som for til hestar i andre verdskrig. På Karmøy er arten kjend frå dei fleste strendene med etablerte sanddynemark og nærliggande grasbakkar påverka av skjellsand. På grunn av at habitatet til arten er i tilbakegang og bestanden er redusert blir arten vurdert til nær truga (NT). Arten som lett å kjenne igjen og er vakker og sjå til har vore tatt med inn til pynt (Høeg 1974).



Fig. 5.1.7.10. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) hjartegras, foto: Anders Lundberg.

Kystfrøstjerne (*Thalictrum minus*) er ein art vurdert som sårbar (VU) og førekjem i sparsame bestandar langs kysten til Karmøy og einskilde førekomstar i indre Hardangerfjord (Fig. 5.1.7.11a). På Karmøy er arten fåtalig og berre kjent frå Sørbo, Laksodden og Åkrasanden. Blad er tre til fire gonger finna som blir eit mangfald av småblad. Stengelen er tydeleg sikksakk vekstform og endar i ein open topp med mange gule blomar (Elven 2022). Det er to underarter av arten og det er liten kystfrøstjerne som er funne langs kysten vest for Agder. På Karmøy er arten å finne i og ved sanddyneområda (Lundberg 1998). Etter år 2000 er arten stadfesta for alle kjende hovudførekomstar (Fig. 5.1.7.11b).



Fig. 5.1.7.11. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) kystfrøstjerne, foto: Anders Lundberg.

Purpurlyng (*Erica cinera*) er ein vestlandsspesialitet der den førekjem langs kysten frå Stavanger til Vigra på Mørkekysten (Fig.) På Karmøy er det ein velkjent plante med leveområde knytt til tørre kystlyngheiar, og særleg aust og nord på Karmøy. Innafor Vestkyst Karmøy finner me arten på Syre, samt einskilde funn nord for Kvalvika og på Laksodden (Fig. X). Arten er vurdert som nær truga (NT) på grunn av tilbakegang i naturtypen kystlynghei. I lyngheiane er arten kjent for tidleg bløming med lilla blomar, og står gjerne litt meir varmekjært til enn røsslyngen. Einskilde år vil også purpurlyngen kunne ha ein haustbløming også, og det er eit fenomen som er vanlegare ut mot kysten. Lokalt er arten også kjent som limalyng, da den blei nytta som skrubbekost (Lundberg 1998). Kva lyngart som går i lima variera frå region til region (Høeg 1974).




Fig. 5.1.7.12. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 20000 av c) purpurlyng.

Ormetung (*Ophioglossum vulgatum*) er ein lita karsporeplante, med ein samanhengande bladplate under eit udelt aks av sporehus (sporangium). Planta spreiar seg med sporar. Arten har ikkje blomar, og kan vere vanskeleg å sjå der den står mellom gras og urtar, i baserike grasmark og strandenger. Arten veks med få unnatak kystnært (Fig. 5.1.7.13), og etter år 2000 er den berre funn ved Laksodden i Vestkyst Karmøy. Tidlagre er den også kjent frå Sandveklubben og Vikra (Lundberg 1998).



Fig. 5.1.7.13. A) nasjonale og b) lokale førekomstar etter år 2000 av c) ormetung, foto: Anders Lundberg.

5.1.8 Mosar

Mosar er plantar som ikkje har internt leidningsvev for transport av næring og vatn. Dei har heller ikkje eit rotsystem. Artane er normalt fleirårige og spreier seg anten ved sporar, ved fragmentering eller spesialiserte grokorn (gemma) som faller av og blir til nye plantar. Mosar tar opp næring og vatn direkte gjennom bladvevet, som oftast er eit cellelag tjukt. Dette gjer at dei også lett tørkar ut, og fleire moserartar er svært sensitive til fukttilhøve, mens andre moseartar tørkar heilt ut kan overleve i «dvale» til vatn blir tilgjengeleg att. Denne variasjonen av eigenskapar gjer at mosar finst over det heile landet, men det er ein særleg høg artsmangfald i dei fuktige kystområda. Mosar kan vekse som små einskilde opprette skot, eller matter av krypande mosar som eit botnsjikt i vegetasjonen. Sjølv om den einskilde mose er ganske lita så vil dei binde store mengder karbon, til dømes i myrer som i all hovudsak er bygd opp av torvmosar (*Sphagnum*).

Mosar utgjer eit viktig del av landskapet Vestkyst Karmøy, om ein ser på steinar og bergknausar så er desse ofte dekt av moseartar. Det er gjerne spesialistar som toler vekslunga mellom å vere vassmetta og tørke ut. Desse artane får sin næring gjennom vatn som sig over steinflatane, tek dette opp direkte gjennom bladflaten. Fleire av desse artane er svært sensitive mot gjødsel og særskilt husdyrgjødsel som gir svært konsentrert løysingar, og at påleiring av gjødsel vil hindre vassutskifting og fotosyntese. Dette medfører at berg og fjell i dagen som blir gjødsla får eit nakent preg utan vegetasjon.

Vidare så er mosar ein viktig bestanddel av sanddynemarka, og overgangen frå gråsanddynar og brune sanddyner, dvs. overgangen mellom ustabile sanddyner og stabile sanddyner enklast kan sjåast med eit etablert mosedekke i botn av vegetasjonen. Dette er også område som er svært tørkeutsett både gjennom effektar av drenering, men også gjennom saltpåverknad frå sjø. Mosar i slike høve har også ein økosystemfunksjon for einskilde blomsterplantar i og med at dei behald fukt over lengre tid enn utan mosedekke. Dette vil einskilde planteartar dra nytte av.

Når me ser på fordeling av moseartar på Vestlandet så er det ein topp av fuktkrevjande artar som følgjer nedbørsmaksimum. Desse områda ligg aust for Karmøy. Men ut mot kysten er det ein kombinasjon av vintermilde og tilstrekkeleg fukt som gir grunnlag for eit høgt potensiale av spesielle kystnære artar. I artskart er det berre 379 individ som er registrert fordelt på 164 artar derav 1 sterkt truga (EN) og 4 sårbare (VU). Desse artene er: dynevrinose (*Tortella flavovirens*) er ein sterkt truga art (EN) berre funnet 33 gonger i Noreg derav eit sør for Taravika. Artens økologi er lite undersøkt, men den veks ofte i assosiasjon med skjellsand, jf. Artsdatbanken²⁴. Havmose (*Conardia compacta*) ein sårbar art (VU) som er kjent frå etablerte sanddynemark funnet på Åkrasanden²⁵. Heikurlemose (*Didymodon asperifolius*) ein sårbar art (VU). Denne arten har ein spesiell utbreiing frå Svaldbard, kysten av Finnmark sør til Nordland, sentrale fjellområde i Sør-Norge (Dovre, Jotunheimen, Hardangervidda) og Åkrasanden og Rennesøy i Rogaland²⁶. Sporemose (*Archidium alternifolium*) er ein sårbar art (VU) som veks i Sandvehamn. Arten har svært store sporar og

²⁴ Torbjørn Høitomt, Kristian Hassel: **Dynevrinose** *Tortella flavovirens* (Bruch) Broth. Hentet 15.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/arter/takson/188130/beskrivelse>

²⁵ Kristian Hassel, Torbjørn Høitomt: **Havmose** *Conardia compacta* (Müll.Hal.) H.Rob. Hentet 15.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/arter/takson/187525/beskrivelse>

²⁶ Artsdatabanken: **Heikurlemose** *Didymodon asperifolius* (Mitt.) H.A.Crum, Steere & L.E.Anderson Hentet 15.01.2026 fra <https://artsdatabanken.no/arter/takson/188112>

er for det meste funnet i strandenger, men i Sandvehamn veks den på skrotemark. Arten blir opp til 2 cm høg og sporar opp til 200 mikrometer (0,2 mm), som er av dei største blant mosar. Dette har vore tolka som ein tilpassing til habitat som har regelbunden forstyrning, men at habitatet oppstår på same stad (During 1979). Strandkjølmose (*Zygodno stirtonii*) er ein tuedannende mose i bergsprekker i på kalkrik mark ved kysten. Arten er vurdert som sårbar (VU) på grunn av nedbygging og endra arealbruk²⁷.

I perioden 13-15. april 2026 blei det gjennomført ein mosetur (Asbjørn Erdal, Lars Dalen, Tor Helgeland og John Inge Johnsen) til Vestkyst Karmøy med fokus på strandområde, som tidlegare har vore lite undersøkt. Karakteristiske sanddyneartar som dynehårstjerne, sandsilkemose, bleiklundmose blei registrert dei fleste stadene. Strandkjølmose (VU) blei funnet på Stavasanden, Laksodden-Hemnessanden og Sandvesanden-Sandklubben. I tillegg blei pionermark oppsøkt i hamneområdet Sandvehamn og på lokalitet for pupurmarihand fant dei også mosane sporemose (VU), tungekurlmose (*Didymodon tophaceus*, VU) og strandkjølmose (VU).



Fig. 5.1.8.1. a) Foredling av moser i Vestkyst Karmøy, blå sirkel = livskraftige art og raud sirkel = raudlista art. b) Typisk habitat for torvmosar, der vatn samlast og terrenget tørkar sjeldsynt ut. I tillegg kjem habitat på stein og sanddyner så habitatvariasjonen for mosar er vesentleg, som gir grunnlag for eit stort potensiale av artar.

5.1.9 Sopp og lav

Sopp er ein svært mangslungen gruppe organismar, som i det store og heile veks i det skjulte. I marka dannar dei hårfine trådar (hyfar) som veks saman i eit underjordisk nettverk (mycel), og av desse kjem det ein og anna gong opp eit fruktlekam som bærer sporar. Det er fruktlekamen me i stor grad forbind med soppen, men dette er vanlegvis berre ein liten del av organismen. Fruktlekamen finst i eit mangfald av formar og identifisering av art har

²⁷ Høitomt T, Blom HH, Brynjulvsrud JG, Hassel K og Kyrkjeeide MO (24.11.2021). Moser: Vurdering av strandkjølmose *Zygodon stirtonii* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken. <https://lister.artsdatabanken.no/rodliseforarter/2021/20818>. Nedlastet 15.01.2026

tradisjonelt vore knytt til karakterar i fruktlekamen. I nyare tid har også arvestoffanalysar (DNA) også vore nytta for å sjå på mangfald av sopp i jordprøvar.

Sopp er ein særskild viktig komponent i økosystema da dei bidreg med å bryte ned dødt organisk materiale, parasitterer levande organisk materiale eller lever i samarbeid (symbiose) med andre organismar. Soppens funksjon i økosystema kan ikkje overvurderast, sjølv om soppen er sjeldsynt synleg, så finst sopp kvar enn du er i landskapet både på og i stein, jord, vatn og luft.

Som nedbrytar (saprotrof) av organisk materiale gjer soppen næringsstoff tilgjengeleg for vekstar i økosystema. I tillegg vil andre soppartar samarbeid direkte med rotsystema til plantevekstar. Soppen forenkler opptak av vatn og næringsstoff frå jorda til vekstane, og får plantesukker attende. Slikt samarbeid skjer under bakken der sopp-tråd (hyfar) veks saman med rotsystemet og dannar sopprot (mycorrhiza).

Dette samarbeidet kan være heilt naudsynt for at einskilte planteartar skal kunne etablere seg og vekse, t.d. orkidear har eit eiga type sopprotsystem som er svært delikat da orkidear også kan danne kjemiske forsvarsmidlar mot sopp og soppinfeksjonar. Særskilt i sanddyneområda i Vestkyst Karmøy er det gode høve for både sopp og orkidear. I kystlynghei spelar også sopp ein viktig rolle, nye undersøkingar av lyngarter viser at einskilte vertplantar kan danne samarbeid med fleire enn 50 ulike soppartar samstundes (Blaalid & Davey 2022). Dette viser eit svært stort potensiale for artsrikdom også i Vestkyst Karmøy. Sopprot er også svært viktig for grasvekst i beitemarkar. Naturbeitemark er raudlista naturtype (kritisk truga) på grunn av endring i driftsregime, anten opphøyr av drift, intensivert drift, jf.

Artsdatabanken. I naturbeitemark (semi-naturleg eng) er det økologiske grupper av sopp (beitemarksopp) som også vil i større grad vere truga, jf. raudlista for artar Artsdatabanken. Fleire studie konkluderer også med at mangfaldet av sopprot-artar blir sterkt redusert om område tilførast gjødsel (Mårtensson mfl. 2020), og konvensjonell dyrking.

Beitemarksopp - Innafor avgrensinga føreslått for Vestkyst Karmøy er det i alt registrert 27 raudlista beitemarksoppartar (Tellnes 2025). Dette er basert på tidlegare undersøkingar (Fadnes 2009), rapportar i artsobservasjonar og ein ny feltundersøking for faggrunnlag om beitemarksopp til verneplanprosessen (Tellnes 2025). Ved sistnemnte undersøking i 2024 var soppsesongen diverre dårleg, dvs. få fruktlekam kom til syne. Likevel fann dei fruktlekam av 180 vanlege beitemarksopp og 5 raudlista artar. Som eit supplement samla dei 6 jordprøvar for arvestoffanalyse (eDNA – «environmental DNA»). I dei 6 prøvane fann dei i alt 2212 ulike «artar», derav er berre 286 artar kjent til nivå art, resterande funn blei klassifisert til høgare nivå, dvs. slekt, familie, orden etc. Av dei 286 artane er det 187 moglege beitemarksopp og 12 av desse er kjente raudlista soppar. I tillegg blei det funne 2 artar som er nye for Norge, og artar som nyleg er nyleg påvist i Noreg. Artar som er nye for Norge er *Entoloma riparium* (Sandvesanden) og *Geoglossum chamaecyparium* (Breivik N) (Tellnes 2025), slike artar vil ikkje ha raudlistestatus. Dette synar noko av det viktige og store mangfaldet som ligg nærmast usynleg i jorda i naturbeitemarkane på Karmøy.

Tabell 5.1.9.1. Raudlista beitemarksopp i Vestkyst Karmøy, med både Norsk og internasjonal status. Henta frå tabell 1 i Tellnes 2025.

Latinsk namn	Norsk namn	Raudlistekategori Noreg	Global raudlistekategori
<i>Cuphophyllus atlanticus</i>	tinnvokssopp	EN	VU
<i>Geoglossum difforme</i>	slimjordtunge	EN	NT
<i>Cuphophyllus colemannianus</i>	brun engvokssopp	VU	VU
<i>Cuphophyllus flavipes</i>	gulfovokssopp	VU	VU

<i>Entoloma prunuloides</i>	melrødspore	VU	VU
<i>Entoloma rhombisporum</i>	rombesporet rødspore	VU	
<i>Gloioxanthomyces vitellinus</i>	gul slimvokssopp	VU	EN
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	rød honningvokssopp	VU	VU
<i>Microglossum atropurpureum</i>	vrangjordtunge	VU	VU
<i>Microglossum olivaceum</i>	oliventunge	VU	
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudspore	VU	
<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	VU	
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	VU	VU
<i>Cuphophyllus lacmus</i>	skifervokssopp	NT	VU
<i>Cuphophyllus russocoriaceus</i>	russelærvokssopp	NT	
<i>Dermoloma cuneifolium</i>	grå grynusserong	NT	
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå rødspore	NT	VU
<i>Hygrocybe mucronella</i>	bittervokssopp	NT	VU
<i>Hygrocybe quieta</i>	rødskivevokssopp	NT	VU
<i>Neohygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	NT	VU
<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	NT	VU
<i>Entoloma ameides</i>	grå duftraudspore	NT	
<i>Entoloma albotomentosum</i>	pusleraudspore	NT	
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	midnattsblå raudspore	NT	
<i>Geoglossum cookeanum</i>	dynejordtunge	NT	
<i>Camarophyllopsis atrovelutina</i>	fløyelsnarrevokssopp	DD	
<i>Lamelloclavaria petersenii</i>	skivekøllesopp	DD	

I norsk samband er det verdt å nemne tinnvokssopp (*Cuphophyllus atlanticus*), som er kjent frå 21 lokalitetar derav Neset sør om Åkrasandane (Jordal 2019). Arten er observert gjennom fleire år i området (Tellnes 2025), noko som indikerer ein etablert bestand. Karmøy er sørgrensa for den nasjonale bestanden, og elles i Europa finst den berre i Sverige og Skottland (Branderud mfl. 2021). Arten er knytt til mager og ugjødsel semi-naturleg eng (naturbeitemark) i kyststrøk, og hovudtrussel for bestandane er endring i driftsform, dvs. oppdyrking og intensivt gjødselregime eller opphør av beitedrift. Arten er i dag sterk truga (EN) nasjonalt og sårbar (internasjonal raudliste) (Tabel 5.1.9.1). Tinnvokssopp er eit art Noreg har ansvar for, med andre ord Noreg har ein hovuddel av den Europeiske bestanden, og den er med på Miljødirektoratet sitt oppfølgingsprogram for truga natur og har høgast prioritet der²⁸. I tillegg finst me arten gul slimvokssopp som nasjonalt er sårbar (VU), men internasjonalt er sterkt truga (EN) (Tabell 5.1.9.1).

Beitemarksoppene finst om lag berre i naturbeitemark (semi-naturleg eng) og ikkje på areal som vert tilført gjødsel (Tellnes 2025). For at landskapsvernet skal ha ein effekt for desse artane er det viktig at ein har fokus på naturtypen semi-naturleg eng, og da er det viktig å sjå på samspelet mellom eit aktivt landbruk og natur i kulturlandskapet Vestkyst Karmøy.

²⁸ [Veileder: Oppfølgingsplan for trua natur - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/oppfolgingsplan-for-trua-natur/)

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/oppfolgingsplan-for-trua-natur/>



Fig. 5.1.9.1. Kjente førekomststar av sopp, blå = livskraftig og raudt = raudlista.

Lav - Lav er ein annan form for samarbeid som kan oppstå og da saman med microalgar eller cyanobakteriar. I lav dannar soppmycelet faste strukturar som er spesifikke for arten, dette kan være tynne faste skorper gjerne på stein og tre (skorpelav). Til dømes marebek (*Hydropunctaria maura*) som veks som eit svart belte på berg og stein i tidevassona (Fig. XX). Det kan være bladliknande strukturar som er lausleg festa til substratet, t.d. stiftnavlelav (*Umbilicaria deusta*) som er festa til stein i kulturlandskapet. I tillegg kan lav ta form som små buskliknande vekstar (busklav) som til dømes kystraudtopp (*Cladonia floerkeana*) som veks frå basalskjell, festa til substratet, med opprette «stilker» (thallus) som ender i eit til fleire skarlagensraude fruktlekam på toppen. Lav artar veks på jord og direkte på stein og berg (Fig. 5.1.9.2). Artane tar opp næring frå lufta og regnvatn, og fleire er svært sårbare for ytre påverknad og forureining. Lav er vanlege å finne vaksande på stein og rett på bakken,

men kan også vekse på tre og busker. I eit landskapsbilete er lav artene mest synbare der dei veks på stein og berg, og sopp-hyfar frå lavartar er også kjent for å kunne vekse inn i steinen. Hyfane kan produsere kjemiske stoff, lavsyre, som er med på å bryte ned stein. Lav er dermed med på ein fysisk og kjemisk nedbryting av berggrunnen. Dette har vore eit problemstilling mellom anna i bevaring av kulturminne som helleristingar (Bjelland mfl. 2011). Saman med mosar vil dei ofte kle heile bergflater og danne ein viktig komponent til landskapets særpreg.



Fig. 5.1.9.2. a) Klipperagg (*Ramalina siliquosa*) på stein i haveksponterte stader, b) messinglav synast som gule rosetter på stein og berg.

I Vestkyst Karmøy er det få undersøkingar om lav-samfunn, men ein rekke einskilte observasjonar er akkumulert over tid (Fig. 5.1.9.3). Innafor avgrensinga er det registrert 72 ulike artar, derav 3 er raudlista. Artane hårkrinslav (*Parmotrema crinitum*) og kystgaffel (*Cladonia subrangiformis*) er både vurdert som nasjonalt sårbare (V), medan rynkehinnelav

(*Scytinium schraderi*) er vurdert som nær truga, jf. Norsk raudliste for artar (Artsdatabanken 2021²⁹).

Av særskilte artar på Vestkyst Karmøy kan man nemne vanleg messinglav (*Xanthoria parietina*), som er lysgule/orange sirkclar på stein og bergflater (Fig. 5.1.9.3b). Sentralt på thalluset vil ein finne mange små begre (apothecium) og det er her sporane for vidareføring av arten produserast.



Fig.5.1.9.3. a) Kjente førekomstar av lav, blå = livskraftig, raud = raudlista lista.

5.1.10 Pattedyr

Pattedyra på Vestkyst Karmøy må sjåast i samband med areala rundt både i sjø og på land. Dei fleste artane har eit større område dei kan drive næringssøk i, og vert registrert når dei oppheld seg i områda. Einskilde mindre dyr vil ha hi i området, t.d. mink, oter, krattspissmus og brunrotte. Medan andre har behov for større område med varierte tilhøve, t.d. hjortedyr. I følgje artskart (Artsdatabanken) er det registrert 18 dyreartar innafor Vestkyst Karmøy, dette inkluderer både på land og i sjø. Av desse er det fire artar som er raudlista; nordflaggermus (VU), havert (VU), hare (NT) og piggsvin (NT), jf. artskart. Av sjøpattedyr er det registrert steinkobbe, havert, grindhval og nise, og dette er artar som må reknast å være på gjennomfart og eller næringssøk i sjøområde inkludert i verneplanen. Havert som ein truga art har sin næraste koloni ved Kjørholmene naturreservat utanfor Jæren.

Av artar som lever på land men nyttar sjøareal til næringssøk finner me oter og mink. Oter er ein livskraftig art som har vore sjeldsynt i Rogaland, men er nå i ein bestandsauke. Mink derimot er ein introdusert art, ved rømming frå tidlegare oppdrettsanlegg, og er ein

²⁹ Artsdatabanken (2021, 24. november). Norsk rødliste for arter 2021.
<https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021>. Nedlastet 20.01.2026

svært effektiv jeger. Arten livnærer seg på fugl og fisk, og kan gjere svært stor skade på fuglekoloniar. Mink er ei reell trugsel mot fleire stadeigne sjøfuglartar, og på Karmøy inklusiv Vestkyst Karmøy har det i ein årrekke vore drevet fangst av mink i eit samarbeid mellom lokale jegerar, Karmøy ringmerkingsgruppe og kommunen.

Av artar på land er det vært å nemne raudrev, ein av hovudpredatorane i området. Arten vil kunne angripe også sau og særleg lam tidleg om våren. Bestanden av rev blir difor i nokon grad forvalta aktivt i samarbeid med kommunen. Anna jaktbart vilt i område er hjortedyr, rådyr og hjort. Jaktvalda strekk seg meir opp i heiane, men dyra vil også kunne nytte beiteareal innafor Vestkyst Karmøy til næringsområde. Hjortedyra liker å trekke mot skogsområde for å finne skjul. I Vestkyst Karmøy er det ikkje skogsareal, men mindre klynger med tre og buskar førekjem. I sør ved Syre at dette er tilstrekkeleg til å kunne utgjere eit opphaldsområde. Områda er vintermidle og fortilgjengelegheita er god heile året, sjølv om grasandelen blir mindre vinterstid. I Vest-Karmøy grunneigarlag sitt jaktvald blei det i perioden 2021-2024 tatt ut mellom 31-38 rådyr i året og mellom 9-15 hjort i året. Dette er i underkant av tildelt kvote.

Elles er det i lufta observert nordflaggermus som er ein sårbar art (VU). Desse artene jaktar insekt i skumringa, og tar gjerne skjul i eldre bygg. Elles er det observert dyreartar krattspissmus, ekorn, og piggsvin.

Havert (*Halichoerus grypus*) – er ein sel som er knytt til dei ytre kystområda. Arten er på grunn av liten bestand og pågåande reduksjon, raudlista med status som sårbar (VU) i Noreg, jf. Artsdatabanken. Hovudbestanden av arten finst frå Trøndelag og nordover, men det er framleis ein mindre bestand i Rogaland. I Europa førekjem arten sør til den Engelske kanal, og dei største koloniane finst i Storbritannia. Havert er normalt spraglete gråtonar frå lyst til mørk, medan også brunfargar førekjem³⁰. Store individa kan bli opp mot 300 kg og litt over 2 meter lang. Yngleperioden er frå november-desember i Rogaland, men varierer noko lengre nordover langs kysten. Hovudnæringa for havert er fiskeslag, t.d. torsk, sei, lyr.



Fig. 5. 1. 10.1. Havert, foto: Per H. Olsen, NTNU, CC BY 4.0.

³⁰ Haug, Tore: *havert* i *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 13. april 2026 fra <https://snl.no/havert>

5.1.11 Fugl

Karmøy og Vestkyst Karmøy er ein særstilling viktig område for fugleliv, og ein av dei viktigast bidragsytarane til biologisk mangfald på Karmøy. Miljøfaglig Utredning AS har i samarbeid med Karmøy ringmerkingsgruppe samanstilt faggrunnlaget for Vestkyst Karmøy (Larsen mfl. 2025). Det er klart at områda i Vestkyst Karmøy leverer ein svært stor variasjon av økologiske funksjonar for fugl til alle årstider. Det være seg overvintringsområde, næringssøkeområde, hekkeområde, kvileområde i trekk, hekkeområde, osv. Viktigheita av Vestkyst Karmøy kjem fram om ein løftar blikket, og ser at det er ei strategisk posisjon i trekkruta frå sør til nord, det binder saman dei fuglerike våtmarksområda i sør og Jærkysten med hekkeområde lengre nord. Ein kan sjå områda som ein forlenging av Ramsar-områda på Jæren.

På Vestkysten av Karmøy vil fuglar finne ly og område for næringssøk. Her er ein svært variert kyststripe med **rullesteinstrender** og sandstrender med svært viktige tangvoll-system. Slike tangvollar har ein heilt unik produksjonsevne av insekt og utgjør ein viktig matkjelde for fleire fugleartar, særleg vadefugl. I tillegg er det sjøområde som er viktig for sjøfugl og andefugl, både under trekketid men også som overvintringsstad. Den vêrharde kyststripa har går i eit relieff av buktar og nes, der det er mogleg å finne ly i dei fleste vindretningar. For sjøfugl er stortarebeltet viktig som næringssøkeområde. Stortaren førekjem langs heile kyststripa og er i god tilstand. I sjøen er det fleire stader mudderbotn, som går over i eit tarebelte på fast berg som stig relativt raskt mot overflata, i vikane er det sand eller steinstrender alt etter dei fysiske tilhøva for naturleg pålegging av sand. I sjøen er det eit betydeleg biologisk mangfald som gir godt næringsgrunnlag. I kulturlandskapet på land hekkar det fleire artar som er knytt til opne område, t.d. vipe (CR). Det rike fuglelivet har også medført at det er fleire rovfugl som trekker til desse områda for hekking og næringssøk. Derimellom hubro og andre sensitive artar, lokalisering av desse er rekna som sensitiv informasjon og blir ikkje frigitt i samband med høyring av verneplan.



Fig. 5.1.11.1. Taravika, med avgrensing av Taravika naturreservat for å beskytte fugleliv særskilt og å ivareta tarebeltet i strandsona.



Fig. 5.1.11.2. Taravika med flokk av hettemåker og tjeld, foto: Oskar K. Bjørnstad.

I faggrunnlaget er det peika særleg på to område som svært viktige for fuglelivet i Vestkyst Karmøy. Det eine strekker seg frå Stong til Ferkingstad, og det andre er Taravika. Taravika er som namnet tilseier ein svært viktig tarevoll, der store fuglemengder samla seg for næringssøk. Her er det registrert 56 raudlista artar, derimellom lomvi, svarthalespove, hortulan, taigasædgås, knekkand, bergand, krykkje, makrellterne og lunde for å nemne nokre. Området er trengt og sjø skyl tang på land innafor eit avgrensa område (Fig. Xx).

Stong til Ferkingstad er det andre område med svært viktige strandområde og marine grunt-vassområde for ein rekke sjø-, vade- og andefugl, jf. kap. 5 i rapport om fuglelivet (Larsen mfl. 2025). Her er det vanleg med store mengde ulike fugleartar. Dei mindre holmane i nærleiken av land er også viktige hekkebiotop for ein rekke fugleartar. Områda ved Stong-Ferkingstad er særleg viktige vinterstid. Fugl trekker til vintermilde mindre krevjande overvintringsstader langs kysten, og strandområda lange vestkysten av Karmøy er ettertrakta (Fig. XX). For å nemne nokre fugleartar hettemåke, lomvi, bergand, makrellterne, krykkje, sjørre, ærfugl, steinvendar og raudstilk. I Åkrasanden område er det registrert 45 raudlista artar, og ved Stavasanden er det registrert 49 raudlista artar. Her førekjem også store bestandar under trekkperiodar (Larsen mfl. 2025). Vinterstid er klimamessig ein hard tid å komme gjennom for mange fugl, det er kalde netter sjølv ute på kysten, og det er lite næring tilgjengeleg. Fuglane er difor ofte i ein stadium av sparebluss, der dei freistar å konservere mest mogleg energi til dei kritiske periodane. Å fly utan naudsyn eller å flykte vil krevje energi som fuglane treng for å kome gjennom dei påfølgjande periodane. Det har vist seg at sjøfugl generelt er i nedgang og mellom anna næringstilgang har vore ein orsak. Når det er lite næring så trengs det meir energi for å skaffe denne næringa, og da blir det mindre att. Om fugl må føreta unvikande manøvre eller flykte så er det å kaste bort dyrbar energi, i fall vil det faktisk kunne være kritisk. Det er klart at om Vestkyst Karmøy som eit natur og kulturlandskap skal ivareta sin sitt særpreg og karakter så må ei også ta vare på fuglelivet.



Fig. 5.1.11.3. Tjeld på Stavasanden, foto: Oskar K. Bjørnstad.



Fig. 5.1.11.4. Stavasanden, med avgrensing av Stavasanden naturreservat for å beskytte fugleliv særskilt. Området inkluderer viktig fugleområda: Bønasanden, Gjerpevika, Godamed, Bådsvika og Stavasanden, jf. Larsen mfl. 2025.

Tabell 5.1.11.1. Samandrag av raudlista artar i dei viktigaste fugleområda i Vestkyst Karmøy.

	Raudlista	RE	CR	EN	VU	NT
Åkrasanden	45		3	4	19	18
Stavasanden	49		4	8	21	16
Taravika	56	1	4	9	21	21

I tillegg til artar nemnt over førekjem fleire observasjonar av sensitive artar, denne informasjonen er unnateke det offentlege.

Sanglerke (*Alauda arvensis*) er en liten spurvefugl som er sterkt knytt til det opne kulturlandskapet. I kulturlandskapet hekker den gjerne på opne beiteenger, lynghei, men kan også finne plass på meir oppdyrka eng. Reir blir plassert i groper på bakken. Arten jakter både insekt og frø. Individ som hekker i Noreg trekker til Vest-Europa om vinteren, men enkelte kan overvintrere i dei kystnære strøk som Vestkyst Karmøy. Overvintrande er gjerne individ som hekker lengre aust eller nordover langs kysten. Arten har vist ein nasjonal nedgang, som er representativt for fleire av dei typiske kulturlandskapsfuglane våre, og er difor vurdert som nær truga (NT) i nasjonal raudliste medan Europeisk bestand er vurdert til livskraftig.



Fig. 5.1.11.5. Sanglerke, foto: Oskar K. Bjørnstad.

Sandlo (*Charadrius hiaticula*) er ein art me kjenner lett att på fjørdrakta der den trippar langs strendene. Arten drar nytte av tangvollar og insektlivet der den spis tag Kloppar, krepsdyr og insekt. Arten hekker både langs kysten og i fjellet, og bestandane i Sør-Noreg trekk til Vest-Europa, medan frå Nord-Noreg trekk dei lengre distansar, ned til Vest-Afrika (Artsdatabanken³¹). Ved matsøk langs strendene førekjem den gjerne i mindre flokkar.



Fig. 5.1.11.6. Sandlo med ringmerke, foto Oskar K. Bjørnstad.

³¹ Stokke BG, Dale S, Jacobsen K-O, Lislevand T, Solvang R og Strøm H (24.11.2021). Fugler: Vurdering av sandlo *Charadrius hiaticula* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken. <https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021/28406>. Nedlastet 21.01.2026

Makrellterne (*Sterna hirundo*) og søsterarten **raudnebbterne** (*Sterna paradisaea*) karakteriserer kystlandskapet. Makrellterna er vurdert som sterkt truga (EN), medan raudnebbterne er livskraftig(LC) bestand (Artsdatabanken 2021). Artene opptrer ofte saman og dei lever av liknande diett av småfisk og krepsdyr. Dei slanke vingane og hovudform med ein svart kalott og raudt nebb med eller utan svart tupp, gjer at dei er lette å skilje frå andre fuglar der dei seglar over vassflata. I matssøk er dei lette å auge på da dei stupdykkar etter småfisk på grunt vatn. Makrellterna førekjem noko meir sørleg enn raudnebbterna. Artene hekker gjerne i små koloniar på holmar, og sjølv om dei er kjent for å forsvare kolonien er dei utsett for predatorar, særleg mink utgjør ein trugsel. Dette saman med menneskeleg forstyrring, attgroing av hekkehabitat og næringsvikt i sjø har medført ein betydeleg nedgang i bestand langs kysten opp til Vestland³². Makrellterne og raudnebbterna har vore i fokus for mellom anna Karmøy ringmerkingsgruppe som har arbeida for mellom anna å redusere predatortrykket på hekkekoloniar.



Fig. 5.1.11.7. Raudnebbterne, foto: Oskar K. Bjørnstad.

³² Stokke BG, Dale S, Jacobsen K-O, Lislevand T, Solvang R og Strøm H (24.11.2021). Fugler: Vurdering av makrellterne *Sterna hirundo* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken. <https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021/31752>. Nedlastet 21.01.2026

Tjeld (*Haematopus ostralegus*) er ein karakteristisk vadefugl som signaliserer at nå kjem våren. Den er relativt stor med svart rygg og hovud og kvit mageparti, raude bein og lange rett raudoransje nebb. Arten hekker i strandsona langs kysten og i kulturlandskapet attmed. Tjeld går på nærringssøk i fjøresona og i tangvollar der den leitar etter blautdyr, snegl og insekt. Dei hekkande fuglane i Noreg overvintrar mykje i England og ved Vadehavet. For Karmøy kjem tjeld frå overvintringsområda i mot slutten av februar, og har tilsynelatande ein lengre trekkperiode om hausten, til den berre blir sporadisk observert frå midten av oktober (Fig. 5.1.11.9)



Fig. 5.1.11.8. Tjeld mater kylling, foto: Oskar K. Bjørnstad.




Fig. 5.1.11.9. Histogram for observasjonar av tjeld på Karmøy, uavhengig av aktivitet, data henta frå artsobservasjonar (21.01.2026).

Havelle (*Clangula hyemalis*) er ein av artane som overvintrar i Vestkyst Karmøy. Den hekker i ferskvatn, men trekker til kysten for vintrane. Arten er lett å kjenne att med sine karakteristiske teikningar og lange stert. Det er vesentleg skilnad mellom vinterdrakt og hekkedrakt både hjå ho og han. Om vinterstid kjenneteiknast dei med eit lys hovud, mørk kinnfleck (Fig. 5.1.11.10). Fuglane er klart mørkare i hekkeperioden. I Vestkyst Karmøy er det førekommande frå tidleg oktober til midten av mai (Fig. 5.1.11.11). Da er område med sandbotn viktige, og flokkar opp mot 600 individ er observert ved Stavasanden. Dei beitar på krepsdyr, muslingar, men kan også ta småfisk. Arten er vurdert som nær truga (NT), både som ein funksjon av påverknad vinterstid og i hekkeområda³³. Vestkyst Karmøy har svært viktige funksjonsområde for denne arten og arter med liknande vandringsmønster, t.d. fleire av dykkendene hekker i fjellvatn og overvintrar langs kysten.



Fig. 5.1.11.10. Havelle, hannfugl i typisk vinterdrakt. Foto: Oskar K. Bjørnstad.




Fig. 5.1.11.11. Histogram for observasjonar av havelle langs Vestkyst Karmøy, data hentet 13.04.2026 frå artsobservasjonar³⁴.

³³ [Clangula hyemalis - Rødlista 2021 | Artsdatabanken](#)

³⁴ <http://www.artsobservasjoner.no/Share/ViewSightingAsChart/12890403/A8A68752>

Gravand (*Tadorna tadorna*) er ein karakterfugl for Vestkyst Karmøy. Dette er ein stor andefugl med tydeleg kjenneteikn i raudt nebb mørkt hovud og hals. Lyse kroppsfargar med brunt band rundt brystet, og mørke vengetuppar. Arten er livskraftig og hekker i Vestkyst Karmøy. Arten spis mest marine invertebrate, snegl, musling og andre botndyr som den gjerne finn i mudderbotn på gruntvassområde. Arten er monogam og held saman i fleire år, reira finner ein i jordholer eller holrom under stein, t.d. i uthus og steingardar. Arten kjem tidleg til Vestkyst Karmøy, allereie i februar, og hausttrekket er avslutta mot slutten av september. Nokre individ ser ut til å overvintre i verneplanområdet (Fig. 5.1.11.13).




Fig. 5.1.11.12. Gravand – foto: Oskar K. Bjørnstad..




Fig. 5.1.11.13. Histogram for observasjonar av gravand langs Vestkyst Karmøy, data henta 13.04.2026 frå artsobservasjonar³⁵.

³⁵ [Artsobservasjoner - rapportsystem for arter i Norge](https://artsobservasjoner.no/) <https://artsobservasjoner.no/>

5.1.12 Insekt og edderkoppdyr

Både insekt og edderkoppdyr har vært lite undersøkt i Vestkyst Karmøy. Potensialet er vurdert som vesentleg da Vestkyst Karmøy inkluderer fleire habitat som er kjent for å være hotspots for insekt og edderkoppdyr langs strendene på Jæren. I 2025 blei det gjennomført ein undersøking på utvalde lokalitetar (Mjølunes 2026). I løpet av 12 fangstdagar frå april til august blei det fanga inn 425 artar, derav 257 artar nye for Vestkyst Karmøy og 8 artar som er på nasjonal raudliste. Totalt for Vestkyst Karmøy er det funne 799 artar insekt og edderkoppar, med 9 raudlista artar. Mangfaldet av insekt og edderkoppdyr var lågare enn forventet sjølv om det var mykje insekt i dei blømerike strandengane og på svaberga. Dette kan ha fleire orsakar, t.d. klima er noko tøffare enn tilsvarande hotspots på Jærstrendene, at sanddyneområda er mindre, vind sjølv på dagar med fint vær vil redusere fangstresultat, og nokre biologisk interessante lokalitetane blei ikkje oppdaga før mot slutten av sesongen. Dette medfører at rapporten framleis vurderer potensialet for funn av insekt og edderkoppdyr som stort, også blant artar som er raudlista for Noreg (Mjølunes 2026).



Fig. 5.1.12.1. Blømande eng med fagerknoppurt, storkenebb og ryllik ved Åkrasanden. Viktige område for insekter.

Ved Åkrasanden er det registrert svært høg tettleik av blømande plantar, heile 182 karplantar (Lundberg 2010). Ved lysfangst i 2025 vart det registrert heile 145 nye sumarfuglartar langs desse strendene, mellom anna strandstjernepraktviklar (*Phalonia affinitata*) og storflekket metallfly (*Autographa bractea*). Ved Åkrasanden er blodtopp vanleg førekommande, og det gir gode livsvilkår for den sterkt truga (EN) arten blodtoppraktviklar (*Eupoecilia sanguisorbana*). Av villbier var det berre engbladskjærrerbie og engmaskebie som blei påvist ved Åkrasanden, men honningbier og humler var vanlege i heile området. Typiske sandinsekt med unnatak av nattsumarfuglar var stort sett fråverande frå Åkrastrendene, noko uventa tatt i betraktning førekomst av både blomar og sand (Mjølunes 2026).

Bådsvika til Hopstjørn er eit område med variert habitat og moglegheit for insektsliv. Stavasanden er eit godt utvikla sanddyneområde med eit fint mangfald av blomar, men likevel er talet på insekt noko avgrensa. Særleg gjeld dette for graveveps, snyltefluer, planteveps og parasittveps. Likevel etter nattfangst med lys blei det funne heile 450 artar i dette området. På Stavasanden blei det funnet strandskrubbederkopp (*Arctosa perita*) ein sårbar art kjent frå sanddynemark lengre sør. I området Bådsvika til Hopstjørn blei det funnet fem raudlisteartar, mellom anna kysthumle (*Bombus muscorum*) som er nær truga.




Fig. 5.1.12.2. A) Førekomstar av raudlista insekt, b) lysfelle klar for fangst av nattsumarfugl ved Sandvesanden, c) Storflekket metallfly og d) strandskrubbederkopp.

Strandområdene ved Hålandsanden og Hemnes inkluderer Laksodden som ei svært blomsterrik naturbeitemark, med fleire sjeldsynte planteartar. I området er det registrert 340 artar av insekt og edderkoppar, derav seks raudlista: trekantgullsnipeflue (*Chrysophilus nubecula*), blodtoppraktviklar, gressmøll (*Elachista argentella*), strandstjernepraktviklar, myrstengelfly (*Amphipoea lucens*) og løpebilla *Bembidion pallidepenne*. I tillegg blei fleire fåtallig nattsumarfuglar funne derimellom trekksumarfuglar.

Sandvesanden og Mjølhussanden blei hovudsakeleg undersøkt dagtid, da det var ugunstige tilhøve under forsøk med lysfelle. Sandvesanden er utsett for bølgeerosjon medan i Mjølhussanden er marka dyrka heilt ned til strandkanten. Desse områda er også statleg sikra friluftsområde og eit av to blåflagg strender i Vestkyst Karmøy. Arter verdt å nemne er strandskrubbedderkopp (VU), løpebilla *B. pallidipenne*, gressmøllen *E. argentella* og blodtoppraktviklar.

Samla sett er det relativt få registrerte raudlista artar jamfør forventningane knytt til habitatvariasjonen i området. Dette tyder på at området bør undersøkast nærare over fleire år slik at ein fangar opp variasjonane i samansetnaden av artar fult ut. Likevel er det vert å bite seg merke i artar som blodtoppraktviklar (EN), ein art som er knytt tett til blomsterplanta blodtopp. Blodtopp er ein vanleg art langs fleire strendar i Vestkyst Karmøy. I tillegg finner ein trekantgullsnipeflue (*Chrysophilus nubecula*) ein nær truga art som har sin hovudutbreiing på Karmøy. Av edderkoppdyr fant dei berre eit individ av strandskrubbedderkopp og det var ein ho med ungar på Stavasanden. Elles er det gjort fleire funn av seksflekka bloddråpesvermar (*Zygena filipendula*) ein vanleg art og lett art å kjenne att med raude prikkar på svarte bakgrunn.

5.1.13 Vassdrag og anadrome/katadrome fisk

Utover å grense til sørvestsida av Litlavatnet inngår opne stilleståande vassflater i avgrensa omfang innafor Vestkyst Karmøy. Stilleståande vassflater førekjem først og fremst som mindre myrtjern, vasshol i beitemark, kulpar i bekkfara, brakkvasshøler på svaberg og ein brakkvasspoll ved Gryteberget sør for Ferkingstad og ein kunstig brakkvasspoll ved Vikrasanden. Disse stilleståande små vassflatene er ein svært viktig del av økosystema som utgjer landskapsvernet sitt særpreg og karakter. Det biologiske mangfaldet til desse habitatene er i det vesentlege knytt til parameterane uttørkingsfare, næringstilførsel og saltinnhald. På svaberg er det balanse mellom ferskvatn med nedbør og saltvatn ved sjøsprøyt, dette gir rom til mellom anna tarmgrønse og einskilde kransalgar, og det kan vere eit yrande liv med små krepdyr, sneglar og skjell. Lengre opp på land vil myrpyttar vere avhengig av mineralinnhalde i sigevatn, er det grunnlag for ein variasjon mellom område med rik myrvegetasjon og fattig myrvegetasjon. Dei største myrflatane finner me i sør ved Syre, og desse er i all hovudsak intermediært rike jordvassmyrar. Dette er areal som er svært gode tilhøve for ein rekke insektartar, særleg da desse småvatna er fisklause. I beitemarkar så finne ein både naturlege vassflater og kunstige vassflater. Slike vasshol er viktige for vasstilgangen for dyra som beitar landskapet, og desse leverer viktige økosystemtenestar i tillegg til å vere med på å skape naturvariasjon og biologisk mangfald. For vasshol i beitemark er uttørkingsfare og næringstilførsel dei styrande faktorane for mangfaldet ein finn. Utover desse vassflatene så vil ein finne rolege vassflater som kulpar i vassdraga.

Vestkyst Karmøy høyrar til Haugalandet vassområde³⁶, og ein undersøking av Vestkyst Karmøy i samband med faggrunnlaget for verneplanprosessen identifiserte 33 vassdrag

³⁶ <https://www.vannportalen.no/vannregioner/rogaland/vannomrader-i-rogaland/haugalandet-vannomrade/om-haugalandet-vannomrade2/>

innafor avgrensinga av Vestkyst Karmøy (Ege 2025). Bekkene som blei synfart blei klassifisert etter potensiale for anadrome og katadrome fiskeslag (Tabell 5.1.13.1). Anadrome fiskeslag er dei som gyter i ferskvatn for så å vandre ut i sjø før dei etter ein tilvekstperiode vendar attende til ferskvatn for å gyte. Katadrome fisk er dei som har ein motsett livssyklus med gyting i sjø og ein vaksen periode i ferskvatn. Det er fire vassdrag som ha bestand av både anadrome og katadrome fisk; Liknesbekken, Stolsåna, Langåkeråna og Sandvebekken, og tre vassdrag kan ha potensiale for vandrane fisk; Hemnesbekken, Vikrabekken og bekk 27, jf. rapport om kartlegging. Dei resterande vassdraga har ikkje potensiale for vandrane fisk.




Fig. 5.1.13.1. A) Utløpspunkt i sjø for vassdraga i Vestkyst Karmøy. Raud farge = minst mogleg førekomst av anadrom fisk, grå punkt = Ikkje anadrome/katadrome strekk, b) utløpet av Sandvebekken, ei bekk som kan endra utløp år om anna.

Tabell 5.1.13.1. Utdrag av kjente vassførekomstar som inngår i Vestkyst Karmøy. Her er alle registrerte vassførekomstar, jf. vassnett, samt førekomstar med mogleg oppgang av anadrome fiskeslag.

Førekomst	ID:	Koordinater utløp	Økologiske tilstand	Årssikker vannføring:	Anadrom katadrom:	Anadromt strekning (m)
Liknesbekken	040-100-R	N: 6572554, Ø: 282487	Dårlig	Ja	Ja	1974
Stolsåna	040-39-R	N: 6572137, Ø: 282197	Moderat	Ja	Ja	5580
Langåkeråna	040-41-R	N: 6570441, Ø: 282051	Svært dårlig	Ja	Ja	5940
Sandvebekken	040-65-R	N: 6565321, Ø: 282535	Moderat	Ja	Ja	1433
Vikrabekken	040-65-R	N: 6566101, Ø: 282121	Moderat	Sannsynleg	Usikker	Hinder i sjø, potensiale 400 m
Hemnesbekken	040-65-R	N: 6568519, Ø: 281908	Moderat	Usikker	Usikker	Usikkert
Tuemyrbekken	040-65-R	N: 6564838, Ø: 282508	Moderat	Sannsynleg	Nei	Bekken er lagt i rør
Bekk 22	040-65-R	N: 6564519, Ø: 282449	Moderat	Sannsynleg	Usannsynleg	----
Bekk 27	----	N: 6562393, Ø: 283137	----	Usikker	Usikker	Usikkert

Av dei sju bekkane med minst eit potensiale for anadrome fiskeslag er det berre bekk nr. 27 med utløp aust i Vindbalsvika, som renn i sitt heile innafor verneområdeavgrensinga (Fig. 5.1.13.1). Dei andre bekkane har ein større del av sitt nedbørsfelt på utsida av verneavgrensinga. Desse bekkene renn hovudsakeleg gjennom eit jordbrukslandskap med til

dels intensiv drift tett på vassdraga, og vil dermed være påverka av næringstilsig. Dette betyr at vasskvaliteten varierer frå svært dårleg til moderat (Tabell 5.1.13.1). For dei bekkane som har anadrom fisk er det i tillegg gjennomført ein habitatkartlegging (Ege 2025), med føreslått tiltak for å forbetre vass- og habitattilstand. Det er ikkje observert elvemusling i vassdraga som kryssar Vestkyst Karmøy.

5.1.14 Marin naturtypar og artar

I verneplanen for Vestkyst Karmøy er det om lag 3684 daa hav, jf. arealressurskart Ar5. Dette sjøarealet strekker seg langs heile vestsida av verneområdet frå Syre til Åkrahamn. Her står Nordsjøen rett på berre brote av Jarsteinane i sør og Ferkingstadøyane i nord.

Det karakteristiske relieffet som pregar vestkysten av Karmøy fortsett i sjøareala. Formasjonane har oppstått ved kontinuerleg påverknad frå havet med bølgar og straum, lausmassar er flytta på og bølger riv og slit i vegetasjonen. Dette skapar ein kystlinje der økosystema er eksponert for sterke fysiske krefter. I stormar kan vegetasjonen rive laust deler av vegetasjonen, i all hovudsak stortare, og mengder vil bli skylt på land, i buktar og strendene.




Fig. 5.1.14.1. a) Stortareskog observert langs heile Vestkyst Karmøy og b) ålegrasenger med småfisk på grunnare vatn, foto: Rådgivende Biologer AS.

Ein marin undersøking av området stadfestar store samanhengande areal med stortare (*Laminaria hyperborea*), naturtype med stortare dekker heile 3052 dekar av sjøareala (Rustad 2026). Dei marine undersøkingane er basert på 25 videotransekt med undervassrobot og syv område undersøkt særskilt med omsyn til grunnvasstilhøva. I all hovudsak finn dei ein variasjon mellom fjell, stein og skjellsand. Havbotn startar ofte på skjellsandbotn og går over til stein og fjellgrunn, betre eigna for feste for tarevekstar, og så avhengig av eksponeringsgrad variasjonar av sand og stein grunn opp mot strandsona. I dei beskytta vikane er det førekomstar av blautbotnområde, som er sjeldsynt i desse områda, med flekkvis tette førekomstar av ålegras (*Zostera marina*).

Det blei observert stortare i alle 25 transekta, men kronehøgda variera vesentleg frå 0,4 m til 2,6 m og mengda i prøvepunkta dekning, dvs. tal per kvadratmeter, varierer mellom 1 og 10. Det er ingen tilsynelatande samband mellom kronsjikthøgde og dekning av stortare, jf. vedlegg 1 (Rustad 2026). Ut ifrå skildringa frå transekta heng fordelinga av stortare saman med fordelinga av substrata, med tettare stortareførekomstar på fast botn. Det blei funnet nokre kråkeboller i 24 % av transekta, men det er ikkje samband mellom desse funna og transekt med låg kronesjikt eller låg tettleik av stortare. Transekta starta utanfor avgrensinga verneplanområdet og stortare blei observert ned til om lag om lag 26 m djup, men tettleika aukar grunnare enn 15 m. I estimat av stortareproduksjon over og under 10 m blei det påvist noko høgare tareproduksjon grunnare enn 10 m, 15,2 kg/m² (2-10m) og 10,1 kg/m² (10-15m) (Rustad 2026). Kronesjikhøgda er tilsvarande funn frå havforskningsinstituttet (HI) for fiskeridirektoratet sitt haustingsfelt innafor verneplanprosessen, dvs. område 55E³⁷, og relativt høg biomassetettheit til Rogaland å være. Rådgjevande Biologer AS estimerer taremengda innafor vernet til å være om lag 46 000 tonn. Arealet er ein samanhengande tareskog med einskilde førekomstar av sukkertare, tilstanden av tareskogen karakteriserast som intakt, og verdisettast som A-verdi etter Miljødirektoratet si handbok for marin kartlegging DN-HB19 (Rustad 2026). Arealet er noko redusert i samanlikning med tidlegare registrert tareskog (BM00102559³⁸), på grunn av avgrensing mot skjellsandområde. Synfaringa gjennomført i 2025 (Rustad 2026) var ein habitatsynfaring og ikkje ein biologisk mangfaldsynfaring, men likevel så er det klart at økosystemet er intakt med mengder av observerte småfisk og påvekster i tareskogene.



Fig. 5.1.14.2. Flyfoto frå Kaiasanden til Liknessanden frå: a) 1964 og b) 2021

³⁷ [Tilstandsvurdering av høstefelt for stortare i Rogaland og Vestland 2025 |](https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2025-50)

[Havforskningsinstituttet](https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2025-50) <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2025-50>

³⁸ [Naturbase faktaark](https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00102559) <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00102559>

Det er observert skjellsandområde, og blautbotn førekjem i einskilde strandsonar. Desse blautbotnområda har stadvis tette bestandar av ålegrassamfunn. I tillegg er det fem skjellsandførekomstar som er verdivurdert (Fig. 5.1.14.3). Desse skjellsandområda står i samband med større areal med skjellsand som strekker seg utover føreslått vern. Skjellsandområda er viktig for naturleg variasjon i naturtypar, og desse skjellsandområda er viktige av omsyn til tilførsel av sand til sandstrendene. Sjølv med bølgepåverknad og vindpåverknad som medfører eit dynamisk naturmiljø i sanddynemark og sandavsetningar og strandlinje, er det også relativt stabile element i sjø. I flyfoto for Åkrasanden (Kaiasanden til Liknessanden) ser me tydeleg korleis strandlinja er endra, medan om me vurdere dei mørke vegetasjonsdekkare areala i sjø er desse nokolunde stabile for ein 57 årsperiode.

Tabell 4. Oversikt over registrerte delområder og verdier i innenfor og delvis overlappende med kartleggingsområdet.

Delområde	Type	Størrelse, total (daa)	Verdi
1 Karmøy	Storre tareskogforekomster: tareskog med kun stortare	3 052*	Stor
2 Akrehamn	Skjellsandforekomster	4 646	Stor
3 Håskjærfluene	Skjellsandforekomster	1 597	Stor
4 Djupvik	Skjellsandforekomster	150	Middels
5 Marlaukeholmen	Skjellsandforekomster	192	Middels
6 Ferkingstad-Visnes	Skjellsandforekomster	54	Noe
7 Åkrasanden	Bløtbunnsområder i strandsonen	164	Stor
8 Akrehamn 2	Bløtbunnsområder i strandsonen	7	Noe

*Tareskog innenfor kartleggingsområdet, og justert for feltobservasjoner.

Fig. 5.1.14.3. Tabell for registrerte delområde i marin undersøkning, jf. Rustad (2006).




Fig. 5.1.14.4. a) Oversikt over undersøkingane som ligg til grunn for Rustad (2026, og b) registrerte delområde for marine naturtypar og deira verdi, jf. figur 11 i Rustad (2026).

Stortare (*Lamaria hyperborea*) høyrar til dei skogdannande makroalgane som veks langs heile kysten. Stortare er vurdert som ein livskraftig bestand (LC), jf. Norsk raudliste for artar – Artsdatabanken. Arten veks gjerne på eksponerte stader der den kan finne feste i fast botn, stein og fjell. Stortare kan danne store tette bestandar og gir grunnlag for svært artsrike økosystem, På 1 kvadratmeter kan det være opp mot 100 000 individ fordelt på 100 artar (Norderhaug mfl. 2002, Christie mfl. 2003). Tareskogar er ein essensiell del av livet langs kysten, både i sjøen, på land og i lufta. Få organismar har så stor rekkevidde med dei økosystemfunksjonane tareskogen produserer. Tareskog er livsmedium for artar knytt til dei einskilde plantane ved mellomrom i festeorgana (hapter) til artar som sitt fast på stilk og blad (epifyttar), t.d. mosedyr og hydroider. Det er også eit mangfald av krepsdyr og fisk som drar nytte av næringa taren produserer eller beitar på artar som veks på taren eller jaktar kvarandre. Det er yngle og oppvekst område for fleire artar fisk og krepsdyr. Det er næringssøkeområde for rovfisk, t.d. sei og torsk, for pattedyr, t.d. oter, det er fugl som dykk etter molluskar, fisk og krepsdyr i tareskogane. I tillegg gir tareskog økosystemfunksjonar når dei blir skylt på land og tilført næringsstoff på land, særskilt viktige blir tarevollar, som gir eiga næringsgrunnlag for både plantar, insekt og fugl. På denne måta bidreg tareskog til eit mangfald i skogen men også utover skogens omfang.

Ein intakt tareskog gir viktige økosystemtenester, dvs. funksjonar som er til nytte for mennesket. Samfunnet har nytta tareskogar både direkte og indirekte gjennom historia. Tare var henta i strandsona og nytta som gjødsel på dyrka mark, og på vestsida av Karmøy blei tare hausta for framstilling av jod. På midten av 1960-talet byrja ein også å hauste tare ved tråling for produksjon av mellom anna alginat, dette har blitt ein viktig næring på Karmøy. I dag er det to fabrikkar som vidareforedlar tare, Roquette AS og Alginor AS. Til saman har desse over 150 tilsette, og dei innhentar tare frå leverandørar som haustar tare langs heile kysten av Noreg. Roquette AS opplyser om at dei har taretrålarar som i all hovudsak haustar i tarefelte lengre nord. Frå fiskeridirektoratet sin kartinformasjon er tarefelte i Vestkyst Karmøy nytta i samsvar med forvaltingssektorane. I tillegg er tareskogane viktige gyte- og oppvekstområde for fisk og krepsdyr gir grunnlag for fiskerinæringa. Tareskogane binder svært store mengder med karbon, i Vestkyst Karmøy står det opp mot 15 kg/m, og estimat utgjer dette om lag 45 000 tonn tare (Rustad 2026). Tareskogane leverer opplevingsverdi for mellom anna dykkarar og fritidsfiskarar. Tareskog dempar bølgeenergi og vil redusere faren for erosjon.

5.2 Kulturminne

Karmøy smelta tidleg fram etter siste istid, og har med påfølgjande landheving bokstaveleg talt stege opp av havet. Den forrivne kyststripa med knausar, vikar og småstrender har vore heimstad for kystbonden, som drog nytte av ressursar både i havet og på land. Dette set spor ikkje berre i fysiske kulturminne men i heile kulturmiljø som pregar landskapet i Vestkyst Karmøy. I dag er det synlege kulturminne og arkeologiske spor som koplar eit organisert samfunn med ein vesentleg tidsdjupne med omsyn til bruk av naturressursar både på land og i sjø.

I om lag kvar ein vik med stein- og sandstrender er det spor av eldre nausttuftar, båtstøer og båtopptrekk. Nokre av dei eldste ligg lengre inn på land da havnivået eingong var høgare. Kontinuiteten i desse anlegga frå førreformatorisk tid (automatisk kulturminnevern, jf. § 4 i kulturminnelova) til moderne fiskarhamnar vitnar om tyding av ressursgrunnlaget i havet. Av eldre båtstøer er det gjort funn ved Stong (id: 215512, Gamle Stødne)³⁹, naustanlegg på Hop,

³⁹ Kvæstad, C.F. 2021. Nausttuftene på Stong Åkrahamn. Frå haug ok heidni. s. 7-12.

Ferkingstad (id: 61137) og Haga (id: 64809, Breivika). Når naustanlegget ved Hop var aktivt, var havnivået om lag 2 meter høgare enn i dag (Rogaland fylkeskommune fagnotat kulturminne 2025⁴⁰). Da var Hopstjørnet ein beskytta marin poll, og båtnausta låg om lag 50 meter mot syd.




Fig. 5.2.1. Naustanlegg ved Hop, Ferkingstad. Raud indikera automatisk freda båtanlegg, blå strek er om lag 2 m havnivå, og svart strek er forslag på avgrensing mot aust av Vestkyst Karmøy landskapsvernområde.

På Hop finn ein tre båtnaust som gav rom til opp mot 30 meter lange båtar. Dette var eit sterkt senter knytt til kong Ferking, og sonen som bygde det lengste båtnaustet. Deira gard låg om lag 200 m aust på Kongsborgen (id: 33958). I dag er det ingenting att av gardsanlegget, men sogn om kong Ferking tilseier at det var eit viktig maktpunkt på Karmøy. Kongsborgen ligg delvis innafor føreslått avgrensing, men er i dag i all vesentleg fulldyrka areal.

Båtnausta på Stong er mindre for båtar opp mot 12 meters lengde, og var i større grad knytt til lokal bruk og aktivitet for fiskarbonden (Kvæstad 2021). Sjølv om havnivået søkk så har havet vore ein viktig del av livsgrunnlaget for kystbonden, og etter kvart var det behov for større hamnar og mot slutten av 1800-talet blei Ferkingstad hamn påbegynt med ein

⁴⁰ Rogaland fylkeskommune, 30.04.2025. Fagnotat kulturminne – verneplanprosesser – vern av verdifull natur i Rogaland.

molo. Aktivitet utvida og ny hamn ble byrja på midten av 1930-talet og slutført i 1957. Ein pådrivar for ein lokal fiskarhamn var Didrik Ferkingstad. Når moloen var på plass og hamna ferdig utgrave, hadde massar blitt henta med jernbane frå Nes og Nedre Liknes, og overskotsmassar blei deponert på nordaustsida av Stavasanden, der det i dag er ein parkeringsplass. Ferkingstadhamn har etter kvart fått mindre tyding som fiskarhamn, men er framleis aktiv båthamn og var tidleg ute med konseptet rorbu-utleige.

Andre hamnar som utvikla seg i omfang var Hemnes, der ein 100 m lang molo blei starta i 1914 etter ein underskriftskampanje blant lokale bønder. Det var om lag 20 båtar som hadde opptrekk ved Hebnes i rullesteinstrendene der. Eldre båtopptrekk er framleis synlege på rekke og rad, men det har blitt støypt ei båtslipp innafor moloen (Fig. 5.2.2).



Fig. 5.2.2. Molo som vart påbegynt i 1914 ved nordsida av Hemnes med ein rekke båtstør og ein nyare båtslipp.

Sør for Hemnes ligg tettstaden Sandve, der det også var stor fiskaraktivitet, men inntil Sandve hamn der fiskerihamna trong vern mot bølgar og vêr frå nordvest. I uver vart båtar dregne over land opp mot 5 km for å kome seg på sjøen. Etter at molo kom på plass i 1890-åra, blei det lagt planar om å utvide hamnebassenget (180 m langt og 2,5 m djupne) arbeidet vart ferdig i 1906 (Fig. 5.2.3). Arbeidet blei fotodokumentert, jf. Haugesund avis 17.12.17 og Arkivverket⁴¹.

⁴¹ <https://nye.digitalarkivet.no/search/photo?media=photo&s=sandve>



Fig. 5.2.3. Arbeid med Sandvehamn i byrjinga av 1900-talet, foto: Digitalarkivet.

Seinare utviding av Sandvehamn omfatta ein molo nord for Vikrasanden. For å få til dette arbeidet blei det anlagt ein veg i sjøen på utsida av Vikrasanden (Fig. 5.2.4). Vegen førar i dag til verksemda på Landrau og ytre molo for Sandvehamn. Diverre endra inngrepet tilhøva for Vikrasanden som har i etterkant utvikla seg til ein brakkvassump med takrøyr. Dei store fiskarhamnana, Ferkingstad og Sandvehamn, er båe halde på utsida av verneforslaget.



Fig. 5.2.4. Sandvehamn, merk at indre deler av Vikrastranden er nå blitt eit brakkvassbasseng. kjelde: temakart Rogaland /Noreg i bilete.



Fig. 5.2.5. Eldre båtstøanlegg ved Kelavågen på Syre, vest om Syre fort.

Attende til nausta i Hop og Kongsborgen til kong Ferking. På ein tid var han i strid med kong Augvald, som heldt til på Avaldsnes. Segna seier at det kom til kamp ved Stavaslettane, der Kong Augvald falt saman med skjoldmøyane. Staden og fornminne er omtala som Skjoldmøyane på Stava eit gravfelt ved Skjeldmeiene (id: 65525). Området blei skildra av biskop Jacob Naumann i 1842 (Fig. 5.2.6).

Oldtidsminder paa Karmøen.

(Pl. IX.)

Jeg skulde hellere have villet sætte til Overskrift: Oldtidsminderne paa Karmøen, d. e. jeg skulde have ønsket mig Tid og Leilighed til at befare hele denne Ø, der dog ikke har en videre Udstrækning end omtrent 9 Mile i Omkreds, for da paa et eneste antikvarisk Kart at have kunnet betegne, og derhos i Teksten saavidt muligt belyse, de Minderværdigheder, som endnu findes der fra den graae Oldtid, og blandt hvilke nogle staae saa langt bag al Historie og alle Frasagn, at man ved at stue dem maa enten overgive sig til blotte Gissninger eller og indskrænke sig til det tomme Spørgsmaal: Hvad i al Verden kan Dette have været? Min Tid og Leilighed var imidlertid ei til at foretage denne videre udstrakte antikvariske Vandring, og derfor vil jeg ikke kunne meddele flere Efterretninger om Fortidens der tilbagestaaende Minder, end dem, jeg har samlet Stof til ved et Besøg denne Sommer hos mine Venner Provst Krogh paa Falsnæs og Provst Brun paa Augvaldsnæs, hvis forekommende Hjælp og villige Understøttelse jeg har at takke for den Anledning jeg fik til at anstille de Undersøgelser, som her meddeles, ligesom det er min troe Reisefælle, Kandidat Stuvig, Fortjenesten af saavel de oplysende Kartter og Tegninger, som og Kontrollen med mine egne Antegnelser maa tilskrives. Saaledes gaar mine Undersøgelser blot fra Karmøens sydlige Kyst og indtil Augvaldsnæs. Vel fik jeg kastet mit Blik udover Blodheims ærværdige Gravhøi, der strakte sig henover i Nord mod Torvestad, saa langt Diet kan naae ¹⁾; men paa en eneste Gravhøi nær, som

¹⁾ "Stærk, alvorlig, over Jettesalen,
"Der, hvor Heltelig paa Skjoldet hvile,
"Staar en Bautafløining høit paa Balen —
"Dit de store Kjempestykker ile."

Welhaven.

Fig. 5.2.6. Utdrag fra Naumann, J. 1842. Oldtidsminner på Karmøy. Urda II.

Fiskarbonden og utviklinga med bondesamfunn førte til utskiftingsprosessar på 1800-talet, og det var da svært viktig at kvar ein gard fekk sjølinje, innmark og utmarksbeite. Dette synast i dag med at eigendomsavgrensingane går ofte i ein austvestleg retning, med langsmale gard (Fig. 5.2.7). Beiteeigane vert skild med steingardar og ein kan finne snorrette steingardar, og steingardar som i større grad følgjer terrenget. Det er nokre få høve av steingeil att, dei fleste har nok etter kvart blitt fjerna for å gjere ferdsel med traktor enklare (Fig. 5.2.8). Som teiggrensar finst det fleire ulike typar avgrensingar vanlege steingardar, opprette grensesteinar og stakittgjerde (Fig. 5.2.11).



Fig. 5.2.7. Eksempel på teiginndeling der eit gard- og bruksnummer har teigar som inkludera strandlinje, innmark og utmarksbeite. Raude linjer er eigedomsgrenser, og blå felt same gnr./bnr.



Fig. 5.2.8. a) Teiginndeling ved Grøtvik, med geilar sentralt i bilete. Forslag til vernegrense merka med svart strek. Grensa er alltid teikna slik at heile steingardane er inkludert i forslaget. b) Godt bevart steingeil ved Hemnes, foto: Anders Lundberg



Fig. 5.2.11. a) stakittgjærde ved Selvikja, og b) grensebauta ved Bønasanden



Fig. 5.2.12. Massive steingjerde syner stor ryddeaktivitet for å få mark dyrkbar.

Av moderne kulturminne er det særskilt fortet på Syre som skil seg ut, her var det eit større kystfort frå andre verdskrig. Fortet var ein del av det Tyske festningsverket langs kysten og innafor verneavgrensinga er det 6 installasjonar frå den tida. Frå nord var det Stong, Åkrasanden, Stavasanden, Ferkingstad fort, Sandvesanden og Syreneset fort (Knutsen & Iversen 2023). Anlegget på Syreneset blei påbegynt våren 1942 og befestet med mellom anna russiske kanoner, og oppe på Syreglåna blei det montert ein radar mot slutten av krigen. Fortet er i dag tilgjengeleg via den gamle anleggsvegen til anlegget⁴², og bunkerar er framleis intakt og godt synleg sjølv om deler er grodd att med sitkagran og buskfuru.

Av registrerte kulturminnebygg, jf. Sefrak vurdert av Rogaland fylkeskommune 2018, kjelde temakart-Rogaland, er det ingen anlegg innafor verneavgrensinga. Sefrak-bygg er i stor grad knytt til gardstun etc. og i prinsippa for vernegrense er det tatt utgangspunkt i at bygg skal i

⁴² [Syreneset fort | Oppdag bunkeren fra 2. verdenskrig i Skudeneshavn — Skudeneshavn Museum](https://www.skudeneshavn.no/syreneset-fort) <https://www.skudeneshavn.no/syreneset-fort>

som hovedregel ligge på utsida av verneavgrensinga. Fylkeskommunen har definert kulturmiljø av regional interesse, jf. temakart-Rogaland – kulturminne. Verneavgrensinga overlappar med Ferkingstadhamn og Syreneset for. Ferkingstad hamn inkluderer areal sør for hamneområdet, dvs. naustmiljøet på Hop. Sjølve Ferkingstadhamn er ekskludert frå forslag om verneavgrensing.



Fig. 5.2.13. Syreneset fort slik det blei bygga under andre verdskrig, foto Oskar K. Bjørnstad.

5.3 Samfunnsinteresser

Vestkyst Karmøy strekk seg frå bynære område ved Åkrehamn gjennom varierende kystkulturlandskap med fleire tettstader, t.d. Syre Sandve Ferkingstad, men bebyggelse er spreidd utover mellom tettstadane og med klynger av hus ved einskilde gardssentre. Langs austgrensa av vernet går vestre Karmøyveg (FV547) som binder saman byane Skudeneshamn i sør og Åkrahamn i nord. Som følge av det er heile Vestkyst Karmøy lett tilgjengeleg for lokalbefolkninga og tilreisande, og det er mange sterke interesser knytt til området. Det er fastbuande som har sin næring i området, det er viktig aktivitetsområde for lokalbefolkninga, og det er næringslivs aktivitet knytt til tilreisande, t.d. camping, det er friluftslivsaktivitet både på land og i sjø. For friluftsliv og kvardags tur er Vestkyst Karmøy eit viktig område. Her er det fleire organisasjonar og aktivitetar som i mindre grad er organisert, men ikkje mindre viktig for dei som driv på. Her er sportsaktivitetar på land og i sjø, her aktivitetar for både store og små. Speidarorganisasjon, skule, vassportsaktivitet, velværetilbod, naturoppleving, osv. Opplistinga vil ikkje være uttømmende, men tar sikte å fange opp ulike aktivitetsformar som vil påverke verneplanprosessen.

Det er ikkje verneplanen sin oppgåve å legge til rette for aktivitetar eller løyse kryssande aktivitetsinteresser, aktivitetar (forutan ferdsel til fots) som vil kunne forringa landskapsvernets verdiar vil kunne bli regulert i forskrift. I utarbeidinga av verneplan vil me skilje mellom pågåande verksemd og anna aktivitet. Dette har samband med reguleringsintervall for landskapsvernområde, jf. § 37 naturmangfaldlova.



Fig. 5.3.1. Fyrlykta ved Ferkingstadneset.

5.3.1 Kommuneplan

Gjeldande arealdel for kommuneplan er vedtatt 16.06.2015, men Karmøy kommune er i arbeid med å revidere denne. Dette arbeidet går føre seg parallelt med verneplanprosessen. På grunn av valde hovudprinsipp for avgrensing av verneområdet vil forslaget for verneavgrensing i liten grad overlappe med andre arealføremål enn LNF-område, dvs. landbruk-, natur- og friområde. Andre arealføremål er i all hovudsak knytt til reine friområde, natur og friområde (N/F) eller naturområde. Slike areal finner særleg i samband med strendene, dvs. Åkrastrendene, Stavasanden, Taravika, Hemnessanden, Sandvesanden, Vikrasanden-Skårnes. Ved Åkrastrendene og Sandvesanden overlappar desse til dels med statleg sikra friluftsareal.

I tillegg overlappar avgrensinga med arealføremål bebyggelse til tenesteyting ved Medhaugsanden, som i dag er ein parkeringsplass for strandområda, samt 0,5 daa bustadbygging ved Førlandshammaren, i dag ein naturbeitemark. Tenestebygg ved Stavasanden, nærings og fritidsbebyggelse ved Ferkingstad, inkludert etter oppmoding frå kommunen på deira grunn. Areal med førekomst av den freda orkideen purpurmarihand. Ved Sandvehamn overlappar verneplanen i 2 daa mot nordaust av næringsareal.




Fig. 5.3.1.1. Utsnitt av gjeldande kommuneplan i Karmøy kommune for areal som også omfattast av verneplanprosessen. Raud linje er forslag til avgrensing for verneplan.

I sør er det i kommuneplan avsett areal til fritidsbustadsføremål, nord for Kvalvika. Med unntak for dei oppførte bygg og tilkomstveg, er heile dette området inkludert i forslaget om landskapsvern.

Ved Sandhåland er det eit området regulert for camping (Fig. 5.3.1.1a, lilla figur i syd). Her vil vernegrensa gå i nedre kant av eksisterande anlegg (Fig. 5.3.1.2). I område der kommuneplan sin arealdel og verneområdet overlappar vil tiltakshavar måtte forhalda seg til både føresegn.




Fig. 5.3.1.2. Utsnitt av kommuneplan, med eksisterende anlegg og foreslått verneavgrensing.

5.3.2 Reguleringsplanar

Det finst nokre eldre reguleringsplanar som overlappar med verneplanområdet:

Plan Sandane, id 1149_255, dato 22.11.1988: frå Stong til Medhaugsanden regulert til offentlig friområde, med unntak av eit mindre område regulert til parkering, aktivt i bruk i dag.

Plan Ådland, id 1149_2057, dato 17.09.2013: overlappar i eit mindre område ved Sjurssandbergene. Området her er regulert til grønstruktur og eit mindre areal med samfunnsinfrastruktur angitt som VA-føremål.

Plan Stavasanden, id 1149_195, dato 20.03.2012: Stavasanden er regulert som et natur og friområde med tilrettelegging ved parkeringsplass. Merk at i reguleringsplanen er det angitt eit forbod mot riding, jf. § 12, oppankring eller ferdsel med motorbåt, jf. § 17, og surfing og brettssport og anna aktivitet som kan forstyrre fuglelivet innafor omsynssona, dvs. i sjø, for perioden 15/3-15/5 og 15/8-15/10, jf. § 22 i reguleringsplan. Restaurering av strand/fylling aust for badeplassen kan søkast om, jf. § 13.

Plan Ferkingstad hamn, Naustskjær, id 1149_146, dato:14.05.2003: Områda som inngår i verneplanprosessen er avgrensa til offentlig friområde.

Plan Ferkingstad Havtun, id 1149_1015, dato:19.12.2006: Foreslått avgrensing går i grensa mot planområdet.

Plan Sandhåland camping, id 1149_130, dato 10.12.1982: Areal todelt i offentlig friområdet ved sjø og campingplass i overkant. Avgrensing av verneområdet går i kant av etablerte bygg.

Plan Vikradalen, id 1149_165, dato 11.02.2003: Verneavgrensing overlappar i all vesentleg grad med offentlig friområde. Mot Sandvehamn overlappar området med eit areal avsett til industriføremål i reguleringsplan. Dette er ikkje realisert areal og i gjeldande

kommuneplan (16.06.2015) er arealet tilbakeført til friområde. Arealet her har ein bestand av den freda arten purpurmarihand.




Fig. 5.3.2.1. Stavasanden reguleringsplan, og kommuneplan.

5.3.3 Statleg sikra friluftslivsområde

Innafor Vestkyst Karmøy er det fleire statleg sikra friluftssareal. Desse areala er forvalta med omsyn til friluftaktivitetar av Friluftsrådet Vest. Dette gjelder strandområde i Åkrasanden og Sandvesanden, som baa i tillegg har oppnådd blått flagg sertifisering. Som følgje av verneplanprosessen så vil desse områda også måtte forholde seg til det kommande landskapsvernet. Det vil bli lagt til rette for eit nært samarbeid mellom forvaltingsmynda for verneområda og friluftsrådet for desse areala. Strendene her er mykje besøkt og har ein høg grad av tilrettelegging. Det blir viktig for landskapsvernet at forvaltinga av dei statleg sikra friluftsområda blir gjennomført på ein slik måte at verneverdiane knytt til landskapsvernet ikkje blir forringa. Det er da særskilt med tanke på slitasje i sanddyneområda.

5.3.4 Grunneigarrett

I Vestkyst Karmøy er det 373 adressatar knytt til matrikkelførte eigedomar. I verneplanprosessen vil ikkje grunneigartilhøva endrast. Det betyr at eksisterande grunneigarrettar ikkje vil bli direkte rørt, men det vil kome restriksjonar på tiltak og aktivitetar på eigedomen. Slike restriksjonar vil gjelde alle uavhengig om dei er grunneigarar eller ei, dersom ikkje anna er spesifisert som generelle unnatak. I verneplanprosessen vil det ikkje bli ekspropriert grunn.

Eit eksempel er at grunneigars rett til båtstø ikkje er tatt bort, ein har lov å vedlikehalde ein eksisterande båtstø, men det er ikkje opna opp for å lage ny båtstø eller oppgraderte eksisterande båtstø.

Forvaltingsmynde må ha samtykke frå grunneigar til å gjennomføre tiltak, så fremt det ikkje er rekna som skjøtsel i samsvar med verneføremålet. Ny tursti kan ikkje anleggjast utan

grunneigars samtykke, men forvaltingmynde kan kanalisere ferdsel for å ta vare på ein sårbar naturtype, t.d. sanddyne.

5.4 Næringsverksemd

Innafor verneavgrensinga er det fleire ulike typar næringsverksemd som drar nytte mellom anna av naturressursar eller dei opplevingsverdiane området tilbyr. I samband med landskapsvern kan eksisterande verksemd forsette og utviklast så framti dei ikkje påverkar landskapets særpreg (utsjåande) eller karakter (innhald av verneverdiar), jf. § 36 i naturmangfaldlova.



Fig. 5.4.1. Framifrå landskapsarkitektar i arbeid, sauene er ein av dei viktigaste faktorane for landskapsbilete i Vestkyst Karmøy.

5.4.1 Landbruk

Vestkyst Karmøy er i sitt heile eit kulturlandskap der det har vore ein sterk relasjon mellom naturressursane i sjø, på land og utforminga av landskapets utsjåande og innhald. Det er klart at ein hovuddrivkraft i landskapet slik det står fram i dag er knytt til ein næringsverksemd av kystbonden. For å kunne ta vare på eit levande kulturlandskap som ein del av landskapsvernet, så er det naudsynt å balansere desse interessene med føremålet om å ta vare på det som skapar særpreg og karakter for Vestkyst Karmøy. Eit landbruk er ikkje ein statisk næring, men har i aller høgaste grad hatt ein akselererande utvikling dei siste 100 åra, med utvikling av kunstgjødsel og utskifting av hest til traktor, som er med på å forenkle oppdyrking og intensivere drift. I landskapa med landbruksdrift synast ofte ein todeling med areal med intensivt drift og areal som går ut av drift. Både høve vil påverka landskapets særpreg og karakter. I Vestkyst Karmøy er det i all hovudsak husdyrhald med utmark og innmarksbeite, samt areal med overflatedyrka og fulldyrka mark. For pågåande verksemd med grønsaksproduksjonen ligg produksjonsareala i all hovudsak på utsida av avgrensinga

for Vestkyst Karmøy. Av dei gardsbruka som har søkt om produksjonstilskot i 2025 er verksemdsfordelinga for dyr: 40 med sau, 12 med storfe derav 4 mjølkeproduksjon, 7 hest (2 med berre hest), fordelinga av grønnsak- og potetproduksjon er høvesvis 5 og 5, der av 70% og 94% av produksjonen er samla på eit bruk. Dette bruket har sine produksjonsareal tilgrensande men på utsida av verneavgrensinga.

Om me ser arealutnytting for produksjon i landbruk så det representert ved kart over arealressursdata, jf. Kjelda Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO). Dette er eit kart som tek sikte på å vise kva areal som minst har vore i drift og dermed har eit potensiale for landbruksnæring.

Tabell 5.4.1.1. Arealressurs for landareal, data henta frå GeoNoreg.

Arealtype namn	Arealtype (Ar5)	Tal figurar	Dekar	Prosent
Bebyggd	11	32	6	0,15
Samferdsel	12	20	4	0,11
Fullldyrka	21	49	113	2,68
Overflatedyrka	22	26	64	1,53
Innmarksbeite	23	67	1207	28,77
Skog	30	10	27	0,65
Open fastmark	50	514	2641	62,98
Myr	60	6	131	3,12
Totalt		724	4194	100

Datagrunnlaget ajourførast av NIBIO og mellombels oppdaterast av kommunen. Med tilbakemelding frå kommune og landbruksorganisasjonane i området så peikar dei på potensielle upresise registreringar. Ajourføring av området for Vestkyst Karmøy vil skje i 2026, og i påvente av det har Statsforvaltaren bedt om ein uttale frå NIBIO på endringspotensialet.

Tabell 5.4.1.2. Analyse av endringspotensialet ved ajourføring, NIBIO 2025.

Arealtype	Dekar før ajourføring	Dekar etter ajourføring*
Fyllldyrka	113,8	109,4
Overflatedyrka	69,1	86
Innmarksbeite	1202,4	912,4
Open fastmark	2641,3	2913,1

*Tala oppgitt for «etter ajourføring» er basert på beste anslag, og vil kunne avvike frå tal etter ajourføring i 2026.

Analysen viser at det er noko utskifting av areal mellom arealtypeane enn det indikert med netto endring. Det er her lagt vekt på å få ein oversikt over kor mykje endring ein kan forvente i høve areal med landbruksdrift av varierende intensitet.

I kulturlandskapet Vestkyst Karmøy er det ikkje areal som ikkje har vore ein del av verksemda til kystbonden. Om ein vurderer landskapets særpreg så er det klart at areala som i dag er registrerte som open fastmark (utmark) er ein viktig del av næringsgrunnlaget. Utmarksareala langs Vestkyst Karmøy er eit open landskap som har vore beite i mange generasjonar, og der kystlyngheidrift har vore regelbunden. Dei store kystlyngheiområda førekjem i dei sentrale delane av Karmøy, men sør for Mjølhus er utmarka i verneforslaget dominert av kystlynghei. Dette er ein tradisjonell driftsform med kombinasjon av beite og

regelbunden brenning av lyng og grasvekstar. På Karmøy og Haugalandet er det framleis stor aktivitet i denne driftsforma. Med meir grasdominert og beitetolande urter går areala over mot innmarksbeite der utformingane i vesentleg grad er styrt av intensitet i hevdregime, bruk av gjødsel, dyreslag og beitetrykk. Med lav intensitet (ekstensiv beite) føre kjem ein større variasjon i naturmangfald, og desse naturbeitemarkane (semi-naturleg eng) er artsrike mellom anna av blomar og soppartar. Desse naturbeitemarkane er i dag rekna som kritisk truga (CR), jf. Artsdatabanken. Med meir intensiv drift og bruk av gjødsel vil gi fordel til forvekstar, og dermed gir betre tilvekst til beitedyra. Intensivt beite medfører høgare produksjon, men mindre mangfald. For Vestkyst Karmøy, som eit kulturlandskap er det viktig å ta vare på variasjonen av kulturmarkene, i den tilstand det har. Det betyr at landskapets utsjåande og karakter må ivaretakast, og det er klart at framtidig landbruksdrift blir ein nøkkel i skjøtselsaktivitet, for natur- og kulturverdiane som inngår i verneplanforlaget.

Særskilt regulering av aktivitetar knytt til landbruksverksemd er drøfta i prosess med kommune, landbruksorganisasjonar, grunneigarorganisasjonar og aktive bruk, dvs. innehavar av produksjonstilskot innafor verneavgrensinga. Dette er ein vesentleg del av verneplanprosessen da landbruk er naudsynt for å oppretthalde verneverdiane for framtidige generasjonar, samstundes vil både intensivering og opphøyr av landbruksdrift kunne ha vesentlege negative konsekvensar for dei same verneverdiane.



Fig. 5.4.1.1. Beitemarka går så langt ned til sjøen som mogleg. Teigane skild med steingardar.

5.4.2 Fiske

Fiske i sjø er både ein næringsaktivitet og ein fritidsaktivitet, med lange tradisjonar. Fisk har vært ein viktig del av husholdet langs kysten, noko som kjem fram av alle båtstøane langs kysten og fiskerihamnar som er anlagt og utvida, særleg mot slutten av 1800-talet. Fiskeridirektoratet har registrert 6 fiskarhamnar tilknytt Vestkyst Karmøy: Åkra, Ferkingstad, Otravik, Hemnes Sandve og Syrevågen (Fig. 5.4.2.1). Av desse er berre Otravika og Hemnes som ligg innafor avgrensinga av verneforslaget. Otravika havneforeining er ein lokal båtforeining som har vedlikehald for kaianlegget for fritidsbruk. Ferkingstad og Sandvehamn er i dag i større grad hamnar for fritidsaktivitetar og turistnæring enn aktiv næringsfiske.




Fig. 5.4.2.1. a) Fiskerihamner ved Vestkyst Karmøy, jf. Kartverket wms, b) Fiskeplassar for aktive reiskap rosa skravur, fiskeplassar for passive reiskap, jf. fiskeridirektoratet kartdata.



Fig. 5.4.2.2. Minnesmerke for sjømenn som har gått bort på fiske, langs sti mellom Ferkingstad hamn og Hop.

Fiske som aktivitet i sjø eller ferskvatn blir ikkje regulert i vernereglane, men vil kunne være regulert etter anna lovverk og grunneigarrettar. Det er ikkje overlapp mellom verneavgrensinga og registrerte fiskeplassar for aktive eller passive reiskap (Fig. 5.4.2.1).

5.4.3 Havbruk

Havbruk i forstand av akvakultur er ein næring som er i vekst, men blir regulert ved konsesjon. Innafor verneforslaget er det ingen akvakulturanlegg, kjente søknadar om akvakulturanlegg, eller anlegg som har blitt sletta, jf. fiskeridirektoratet sin kartteneste⁴³. Med unnatak av området på sørsida av Syre er området kategorisert som eit raudt produksjonsområde. I dialog med kommunen var det spørsmål om framtidige havgåande akvakulturanlegg. Så fremt det vil ligge utanfor verneavgrensinga og ikkje ha forankring i verneavgrensinga vil det ikkje direkte vedgå verneplanprosessen. Etter vernevedtak vil slike høve følgje normal saksgang for konsesjonar og løyve etter anna lovverk, og ein å vurdere frå sak til sak i kva grad det vil påverke vernet og om avbøtande tiltak er naudsynt.

5.4.4 Havvind

Vest for Syre ligg eit testsenter for havvind, Marin Energy Testsenter As (MetCentre). I perioden for verneplanprosessen har ein utviding av anlegget til havs med ilandføring i Røyrvika blitt godkjent av NVE og Olje- og energidepartementet oppretthaldt NVE sitt vedtak om konsesjon, jf. brev datert 07.12.2023 OED. Tiltaket omfattar ilandføring, dvs. skånsam fjerning og tilbakelegging vil i liten grad påverke landskapsvernets særpreg, og i sjø gjennom verneforslaget skal kabel laggast i substratet. Ilandføring vil skje i same vik som ilandføring frå dagens anlegg.

I verneplanprosessen blir det ikkje opna generelt for framtidige kryssingar av kablar eller liknande, og OED sitt vedtak opnar ikkje automatisk for nye tilsvarende tiltak i verneområdet.

Equinor og Vårgrønn har varsla oppstart om planarbeid for ilandføring av straum frå havvindfelta vest for Utsira, der nokre av alternativa vil medføre ilandføring i føreslått verneområde. Slik ilandføringa er omtalt er det eit inngrep som ikkje er foreinleg med landskapsvern.

5.4.5 Tare

I verneplanprosessen skil me mellom taretråling som marin næringsverksemd og tarehausting i fjørebeltet. Både vil kunne påverke landskapets særpreg og karakter, så aktivitetane er føreslått regulert i forskrifta.

Hausting av tare i fjørebeltet er ein rett som høyrar til grunneigar eller rettshavar. Dette er gjerne tinglyste rettar som er nedarva frå tid da tarehausting var særskilt viktig næringstilskot til dyrka mark og hausta for jod-produksjon. Tarebeltet er svært viktig for fuglelivet i trekkperiodar og om vinteren da dei søker tarevollar for å finne mat. Det er ulike insekt og krepsdyr som har tilhald i desse miljøa, og i tarevollar er det også spesialiserte planteartar. Strendene er viktig for nærmiljø og tilreisande, her er det aktivitetar både langs strendene og i sjøen. I einskilde områda har det vore rydda tare for å gjere strandsona meir attraktiv som badestad. For å sikre eit naturleg særpreg i landskapet, men samstundes ivareta grunneigars rett, naturmangfaldet og tilrettelegging for aktivitet i vatn, er hausting av tare i fjørebeltet regulert. Grunneigarar og rettshavarar vil kunne hauste tang og tare til eiga bruk om sumaren utanfor periode for fugletrekk. Andre må søkje forvaltingsmynde om å

⁴³ [Akvakultur](#) -

<https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/webappviewer/index.html?id=87d862c458774397a8466b148e3dd147>

hauste eller rydde strender for tang og tare. Friluftsrådet har hatt tradisjon for å rydde einskilte strender for tare, inklusiv Sandvesanden og einskilte av Åkrastrendene i badesesongen. Dette er eit tiltak som vil kunne fortsette, men vil måtte skje via ein dialog med forvaltingsmynde via søknad. På den måten vil ein kunne sikre at både natur, landskap og samfunninteressar blir ivareteke i framtida.

Framstilling av alginat frå tare har bygd seg opp som ein næring i Karmøy kommune. I dag er det to verksemder som produserer råstoffet alginat basert på hausting av tare i sjø, og da helst stortare. Langs vestkysten av Karmøy er det ei robust samanhengande førekomst av stortareskog av stor biologisk verdi (Rustad 2026). I verneplanprosessen føreligg eit forslag om å verne landskapet under sjø ned til 10 meters djupne. Stortare strekk seg ned til 25 m djup, men er skogdannande først over 15 m djup (Rustad 2026). Tareskogen er ein vesentleg del av landskapets særpreg og gir eit særskilt bidrag til marin naturvariasjon.

Økosystemfunksjonar inkluderer oppvekstområde og leveområde for marine organismar. Tareskogane er ein økosystemdrivar som påverkar mangfaldet i sjøen med opp mot 100 000 individ per kvadratmeter frå eit mangfald av artar (Norderhaug et al 2002, Christie et al. 2003). Desse lever mellom festeorgana (haptera), på tareplantane, mellom tareplantane og over tareskogen. Det rike mangfaldet gir grunnlag for tareskog som næringsøkeområde for fugl (Dehnhard mfl. 2021, 2024), fisk (Norderhaug mfl. 2020) og pattedyr (Bjørge et al. 2002). Når taren losnar naturleg bidreg den med biomasse og næring til djupa eller mot land, der den dannar tarevollar. Tarevollar er heilt essensielle for spesialiserte plantar, vadefugl på trekk og overvintring. Noko som synast mellom anna i Taravika.

Verksemd på Karmøy utnyttar stortare som ein naturressurs i industriell produksjon av mellom anna alginat frå midten av 1960-talet. Lokalt er det i dag to verksemder med til saman om lag 150 tilsette på fabrikk i tillegg til den maritime delen som er verksame langs heile Norskekysten. Roquett opplysar at dei har 8 taretrålerar som i hovudsak oppererar på haustingsfelt lengre nord i Norge. Dette er ein viktig del av det marine næringslivet i Karmøy kommune. Produktet som i hovudsak produserast frå tarestengel og blad er alginat, og det er ei svært nyttig bestanddel i mange produkt. Det er tykkingsmiddel i alt frå iskem til maling, og det nyttast i medisin mellom anna for å hindre sure oppstøt og regulere frigjering av medisin, kapsle inn celler for medisinsk forskning. Tare som råstoff for alginat er ein av dei mange økosystemtenestane samfunnet får frå tareskog, så framt det blir hausta berekraftig med omsyn til økosystema i sjø.

Taretråling blir i dag regulert av Fiskeridirektoratet som deler kysten inn i haustingsfelt, og verneplanområdet Vestkyst Karmøy dekkjer heile 8 haustingssonar (Fig. 5.4.5.1). Hausting av tare er berre tillèt innafor haustingsfelta, og desse opnast for hausting kvart femte år. Fiskeridirektoratet sin kart over fiskereiskap viser at haustinga skjer i samsvar med forvaltingsperiodane, og aktiviteten er særskilt stor i områda Mjølhusholmane til Ivarneset, frå småskjer og nord til Sverdholmen, vest for Knudstø-Dueglåp, og Stavasanden til vest for Stong. Kartinformasjonen visar også at tråleled i det vesentlege ligg på utsida av 10 meters djupne, dvs. grensa for landskapsvernet. Unntak er ved Sandflua utanfor Sandvesanden, Hemnesvika og utanfor Dueglåp, der trål i større grad også skjer i føreslått vernesone⁴⁴.

⁴⁴ [Fiskeri](https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/experiencebuilder/experience/?id=346b009e963945e09e1dd23f1a40c762)

<https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/experiencebuilder/experience/?id=346b009e963945e09e1dd23f1a40c762>

Unnatak frå denne haustinga er forskriftsdefinerte referanseområde og einskilde verneområde. I Rogaland er det ingen forskriftsfesta referanseområde, men einskilde verneområde der det ikkje er opna for tarehausting er nytta i så høve. For forvaltninga av tare har Havforskningsinstituttet (HI) i oppdrag å overvake tilstand i tareskog for dei ulike haustingfelte å kome med haustingsråd til fiskeridirektoratet. Vurderingane legg vekt på attvekst av tarebiomasse og i mindre grad reetableringsgrad av økosystema. Om attvekst ikkje er tilfredsstillande for hausting har HI tilrådt at einskilde sonar ikkje haustast i aktuelt omdrev. Fiskeridirektoratet har teke slike tilrådingar til følge. I denne reguleringsmekanismen blir det berre teke omsyn til tilstand som kjem til uttrykk som revegetering av tareskog mellom sesongane. Det vil si at om taretrålinga er for omfattande så vil ikkje dette regulerast anna enn som eventuelle tiltak i ettertid. Det finst ingen mekanismar som regulerer intensiteten av tarehausting i ein sesong. Ein for kraftig hausting vil påverke økosystema direkte men også indirekte ved at reetablering av økosystem og økosystemfunksjonar vil kunne ta lengre tid.



Fig. 5.4.5.1. Grøne rektangel visar dei ulike haustingsonene. Rullering for hausting er kvart femte år. Estimert utbreiing av stortare langs kysten av Karmøy, jf. naturbase. Svart strek er grense for landskapsvernområdet.

Innafor dei sonene Fiskeridirektoratet til ein kvar tid opnar for taretråling, blir det i Noreg samla hausta om lag 130 000-180 000 tonn tare kvart år, der brorparten er stortare, jf. Fiskeridirektoratet⁴⁵. Den årlege trålinga utgjer om lag 0,3 prosent av nasjonalt haustingspotensiale, og det er i omfang vesentleg mindre enn naturlege avskoging, t.d. beiting av kråkebolle eller lausriving ved storm. I haustingssonene er det ingen regulering av mengda som haustast i gjeldande periode. I praksis er haustingsmengda styrt av tråleintensitet og topografi, og vil være styrande for kor mykje av tareskogen som står att etter ein haustingssesong. Dette vil igjen påverke korleis økosystema vil respondere, og moglegheit for dyr til å søke vekk frå trålgatene til eigna habitat og moglegheit for ein naturleg restaurerende prosess i etterkant.

Havforskningsinstituttet viser at hausting av tare åleine har liten effekt for økosystem på nasjonalt nivå, og dei reknar at næringa kan drivast berekraftig. Likevel synar HI til lokale konsekvensar på økosystema (Fig. 5.4.5.2). Ved tråling vil trålegata bli så godt som flatehogd. Ungplantar i trålgata vil dra nytte av betre ljostilhøve slik at biomasse av tare reetablerast allereie etter om lag 5 år. Derimot i perioden etter taretråling vil tareskogøkosystemet så godt som forsvinne og suksesjonsprosessar må restarte med naturleg fornying av tareskogen og økosystema må reetablerast. Slike prosessar tar lengre tid enn tilvekst av tareplantar, HI viser til at det tar frå seks til åtte år før tareskogen er økologisk restituert (Norderhaug et al. 2021). Havforskinga viser at i trålegatene når det meste av tareplantane fjernast medfører det ein reduksjon på 70% av epifytter og 75% reduksjon av fiskeyngel i trålgata. Mobile artar vil kunne trekke ut av trålgatene til tilgrensande areal der tareskog står att. Så for eit tråleområde vil effekten av taretråling avhenge av kor tett trålegatene er og kor mykje av tareskogen som står att.

Tabell 2. Effekten av taretråling på 4 nivåer i næringskjeden inne i trålgatene (rød: negativ, grønn: positiv, grå: ikke signifikant, hvit: ikke målt). Effekten er gitt som endring i taretrålt område relativt til endring i kontrollområde. Effekten kan forenklet sees på som endring i prosent der -1.0 viser 100% reduksjon, og +1.0 viser 100% økning, men siden endringen i det trålte området er sammenlignet med endring i kontrollområdet (år til år-variasjon) kan effekttallet være både under -1 og over 1. Funksjonell gruppe viser rolle i tareskogsøkosystemet. Tare, påvekstlger og evertebrater er samlet med dykking, taskekrabber og fisk er samlet med agnede teiner i trålgater og tett tareskog. Stereovideo (RUV) filmet i tillegg kanten av tareskogen rundt. Tabellen er en forenklet fremstilling fra Norderhaug et al. (2020).

Funksjonell gruppe		Funksjon i tareskogen	Effekt av taretråling		
Nivå 1: Primærprodusenter					
Stortare	Skogdannende tredimensjonal struktur, primærproduksjon	-0,7			
Påvekstalger	Mikrohabitat, biomangfold	-0,8			
Nivå 2: Sekundærkonsumenter					
Evertebrater	Føde for fisk, biomangfold, primærproduksjon	-1,0			
Innsamlingsmetode		Teiner trålgate	Stereovideo trålgate	Stereovideo tareskogkant	
Taskekrabber	Rovdyr, byttedyr	-0,2			
Nivå 3: Rovfisk som spiser evertebrater					
Fiskeyngel (sei og lyr)	Oppvekstområde for fisk		-1,1		-1,0
Kutling	Rovdyr, byttedyr		-0,4		-3,2
Bergnebb	Stedegen fisk, Rovdyr, byttedyr	-0,9	-3,2		-3,3
Sei	Over tareskogen, rovdyr, byttedyr	+0,3	+0,4		0,0
Nivå 4: Rovfisk som spiser fisk					
Torsk	Rovfisk	-0,1			
Lyr	Rovfisk		-3,2		-3,3

Fig. 5.4.5.2. Tabellen er henta frå [Bærekraftig taretråling | Havforskningsinstituttet](#), og er ein forenkling av resultatata diskutert i Norderhaug et al. 2020.

⁴⁵ <https://www.fiskeridir.no/yrkesfiske/tarehoesting>

For større fisk varierer effekten noko⁴⁶ (Norderhaug et al 2020). Havforskningsinstituttet har gjennomført detaljert studium av verknadene av taretråling på fleire nivå i næringskjeda, og dei viser klare negative effektar lokalt (Fig. 5.4.5.2).

Havforskningsinstituttet vurderer tilstanden i dei haustingsfelta som står for tur til hausting (Steen et al. 2025). I Rogaland og kjem det fram at kronesjikhøgda og biomassetettleika er mindre enn i Vestland. Biomasseestimat (NASC) viser tydeleg ein lågare mengd tare i haustingfelta i Rogaland, men med vesentleg variasjon mellom trålefelta. HI nyttar Ferkingstadøyane som referanseområde. Tilstandsrapporten visar at vurderte bestandar i Vestkyst Karmøy har god tilstand av omsyn til tarekronhøgde og biomassetilvekst. Men i referanseområda er individuell alder på tare eldre, og dei eldste aldersklassane manglar i haustingfelta. Påvekst av epifyttar på tareplantar er undersøkt på eit utval plantar, og for desse enkeltplantane er det ein signifikant skilnad, mellom referanseområde og haustingfelta, med omsyn til epifyttar, dvs. organismar som veks fysisk på stilk eller blad av stortare. Mengda epifyttar er vesentleg større i referanseområda enn i område som haustast regelbunden. «Innsamlingene av tareplanter som er gjort ifm overvåkingen har vist at epifyttsamfunnene ikke reetableres i løpet av den praktiserende femårige høstesyklusen» (Steen et al. 2025). Dette er også rapportert i tilsvarande studie (Criste et al. 1998, Steen et al. 2016, 2018, Steen 2022, Steen & Kartveit 2024). Effekten av taretråling på tareskogsmiljøet er målbar, men Steen et al. (2025) konkluderer likevel med at taretråleintensiteten er moderat i samanlikning med modellert tareskogsførekomstar langs Norskekysten. Men dei varskua også om at dette kan endre seg med endringar i haustingintensitet og i endra klima, auka sjøtemperatur og auka stormintensitet. Rustad (2026) har estimert mengd stortare i føreslått verneavgrensing til å utgjere om lag 0,09 % av nasjonal biomasse stortare, jf. fiskeridirektoratet. Fangsttal visar at om lag 0,3% av nasjonal biomasse haustast, tilsvarande utgjør Vestkyst Karmøy eit årleg potensiale på 0,018 %. Havforskningsinstituttet sin rapport om status for stortareförekomstar langs kysten av Rogaland og Vestland tilrår også at einskilte haustingsfelt ikkje blir opna i omdreiv 2025/26. Fiskeridirektoratet har teke dette til følge. Når ein vurderer effekt av taretråling så er det lett å sjå på tala, og som fiskeridirektoratet anslår er taretrålinga i anslag storleik tilsvarande dei naturlege prosessane stormfelling og beiting. Her blir taretråling ein belastning som kjem i tillegg til naturlege prosessar, så den samla belastninga vil dermed auke. I trålgatene blir all tareskog fjerna inntil tareskogen gjennom naturleg utvikling er reetablert. Vidare så mister tareskogen sin funksjon som bølgebrytar i ein periode etter taretråling, jf. Fiskeridirektoratet. Med ein framtidig auka stormfrekvens og auka havnivå vil intakte tareskogar vere ein naturbasert løysing viktig for lokalsamfunn, jf. øvre stormflonivå estimert i 2150 (Fig. 5.4.5.3). I Vestkyst Karmøy er det ein mindre del av tareskogspotensialet langs kysten av Karmøy som er inkludert, (Fig. 5.4.4.1). I samband med landskapsvernet så er det klart at ein flatehogst vil påverke landskapets særpreg (utsjåande). Eit tiltak er reversibelt i den forstand at tareskogen reetablerast, dvs. om lag 5 år, medan ein reetablering av landskapets karakter med biologisk mangfald og økologiske funksjonar vil ta lengre tid. Dagens forvaltingsregime har ikkje mekanismar som er naudsynt for å forvalte økosystema tareskog fult ut med økosystemfunksjonar og -tenester. Det er ikkje mogleg å avgrense omfanget av haustinga i eit haustingfelt, det er anten ope eller stengt, og det er ikkje ein vekting av økosystema sine evner til å reetablere sin funksjon. Eit forbod mot taretråling vil medføre ein vern av eit større område med intakt tareskogsmiljø med positive verknadar for fødeproduksjonen for fisk, fugl, marine pattedyr og oter. Eit heilskapleg

⁴⁶ <https://www.hi.no/hi/nyheter/2020/januar/taretraling-har-begrenset-effekt-pa-fisk>

landskap under vassflata vil auke attraktiviteten av områda som dykkardestinasjon og kystfiske. Med omsyn til desse aktivitetane vil landskapsvernet ha ein klart langsiktig positiv effekt gjennom regulering av taretråling. Området må ivareta tareskogen som eit heilskapleg økosystem dvs. mekanismar for ein berekraftig bruk med omsyn til heile økosystemet, deira funksjonar og tenester, må vere tilstade i forskrifta sin regulering.




Fig. 5.4.5.3. Øvre estimat for stormflo 2150. Kart frå Kystverket⁴⁷, data produsert for stormflo og havnivå av kartverket⁴⁸

Sett i samband med potensialet og trålebehovet i Noreg så er det ein ubetydeleg del av aktivt tråleareal som blir regulert i forskrift. Innafor vernegrensa er det estimert 0,09% av den nasjonale stortarebestanden. Det vil ikkje påverke taretrålenæringa lokalt eller nasjonalt. Eit landskapsvern må ta vare på både økosystemas særpreg og karakter også i sjøareala, dvs. inklusiv havbotn. Det inneber at ein forsterka regulering vil ivareta dei økologiske funksjonane og økosystemtenestane utan å fokusere på berekraft for berre eit segment.

5.4.6 Camping og overnatting

Tilrettelegging for tilreisande og reiseliv er ein viktig del av utviklinga for Karmøy kommune og for å ha fleire moglegheiter langs kysten i Søre Karmøy. Ein viktig del av eit tilbod for tilreisande er ulike formar for overnatting. Dei fleste overnattingstilboda føreligg i dag utanfor forslag til verneavgrensing. Dette har samband mellom anna med at i fastsetting av forslag til verneavgrensing så er tanken at ein skal halde bustad, og fritidsbustadar utanfor verneavgrensinga. Langs kysten er det fleire stader mogleg å finne gode overnattingstilbod i utleie av hus og leilegheiter frå Åkra til Skudeneshavn, desse er synlege ved gjennom ulike bestillings-appar for overnatting. Dei er utanfor verneavgrensinga og eit landskapsvern i

⁴⁷ <https://kart.kystverket.no/>

⁴⁸ <https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/havniva/se-havnivaendringer-og-ekstreme-vannstandsniva-i-kart>

Vestkyst Karmøy vil være positivt for å tiltrekke seg folk til regionen, og dermed positivitet for utleigeverksemder i randsone til verneområdet, t.d. overnatting på Geitungen fyr med utsyn til søre deler av landskapsvernet.

Innafor avgrensinga til Vestkyst Karmøy er det i dag berre Sandhåland camping der areal er regulert i kommune- og reguleringsplanar som campingplass. Dette er ein pågåande verksemd på lik linje med landbruksverksemd i området. Sandhåland camping sin aukande popularitet blant tilreisande blei synleggjort da for deira arbeid som destinasjon blei kåra til vinner av Ahead Awards Europe 2025⁴⁹. Dei tilbyr overnatting med hytter, telt og bubil. Deira fysiske installasjonar ligg utanfor føreslått verneavgrensinga, men er også eit eksempel på bygg som påverkar landskapets særpreg.

I tillegg har etablisementet Hav og himmel AS, tidlegare Raw Ocean Lodge, tilbydt overnatting, konferanseaktiviteter og selskapslokala i grensa til verneområdet i Sandve hamn.

Villcamping med bubilar på offentlege parkeringsplassar innafor verneplanområdet har vore eit aukande press på areala. Dette gjeld særleg Sandvesanden, Stavasanden og Åkrasanden. Parkeringsplassar ved strandområda og naturlege innfallsportar for verneområdet bør vere tilgjengeleg for allmenta, uavhengig om dei er tilreisande eller bufaste. Camping på parkeringsplassane innafor verneavgrensinga vil bli forbode i forskrift. Orsaka til dette er samansett men fri parkering på offentlege parkeringsplassar vil være i konkurranse med lokale campingverksemd i randsona av vernet. Camping vil blokkere for bufaste som vil freiste å nå strandområda. Strendene langs vestkysten av Karmøy er attraktive og svært viktige turområde for mange lokal buande og dagsturtilreisande frå nabokommunar Haugesund og Tysvær.

Status som landskapsvern område vil trekke til seg fleire tilreisande. Det vil være fleire som vil kunne bli merksam på dei kvalitetane område har å by på. I så måte vil eit vern kunne ha positiv påverknad lokalsamfunnet, med at det er med på å sikre arbeidsplassar. Nye aktørar vil også kunne etablere seg utanfor verneavgrensinga, og dra nytta av moglegheitene innafor landskapsvernet.

Forbod mot nye bygg, installasjonar og anlegg vil være begrensande for tiltak i verneområda. Det er eit forbod mot motorferdsel på land innafor landskapsvernet, med unnatak av landbruksverksemd. Det er ikkje eit generelt forbod mot overnatting/telting i verneområdet med unnatak av sanddyneområda, slik dei er markert i verneområdekartet. Det betyr at ein grunneigar kan tillate folk å slå opp telt på sin mark innafor verneavgrensinga, men det er ikkje lov å køyre inn på marka da dette ikkje er å rekne som ein del av landbruksdrifta. Det betyr at oppstillingsplassar for bubilar og nye anlegg for dette må ligge på utsida av verneområdet.

5.4.7 Andre verksemd

Det er få andre verksemder som krev permanente bygg, installasjonar og anlegg innafor verneavgrensinga. Etablerte bygg, installasjonar og anlegg kan vedlikehaldast, og i einskilde høve etter søknad til forvaltingsmynde oppgraderast, t.d. fyrlykt ved Neset.

Det er derimot nokre verksemd som tilbyr aktivitet innafor avgrensinga, t.d. Friluftsrådet Vest med organiserte floratur, Visit Norway med guida bussturar på Karmøy⁵⁰. Større

⁴⁹ [AHEAD Awards | Europe | Panoramahyttene – Sandhåland Camping, Sandve,...](https://www.aheadawards.com/europe/2025/winners/panoramahyttene-sandh%C3%A5land-camping-sandve-norway)

<https://www.aheadawards.com/europe/2025/winners/panoramahyttene-sandh%C3%A5land-camping-sandve-norway>

⁵⁰ <https://www.visitnorway.se/listings/guidet-busstur-til-hoydepunktene-pa-karmoy/265400/>

arrangement, uavhengig av privat eller næringsverksemd, vil ha eit potensiale til å påverke landskapets særpreg og karakter. For at forvaltingsmynde skal kunne ta omsyn til ein samla belastning i verneområdet er det derfor påkravd med dialog med forvaltingmynde. For å sikre ein dialog så blir større arrangement søknadspliktig.

5.4.8 Nye verksemd

Det er ikkje noko som tilseier at nye verksemdar ikkje kan etablerast med aktivitet i verneområdet, men dei må forhalda seg til vernereglane på lik linje med alle andre. Det vil si at alle nye bygg, installasjonar og anlegg må ligge utanfor verneavgrensinga. Eksisterande bygg, installasjonar og anlegg vil kunne nyttast og haldast ved like. Vedlikehald omfattar ikkje oppgradering. Dette gjeld også for mellombels utplassering av flyttbare anlegg, t.d. tralle med utleie av kajakk eller tilsvarande må stå utanfor verneområdet, eller på parkeringsplass etter dialog med forvaltingsmynde.

Landskapsmessige tilpassingar for eksisterande verksemd, jf. § 36 i nml., gjeld av omsyn til naudsynt tiltak for pågåande drift, og ikkje av omsyn til eventuell omlegging av drift til anna form for verksemd.



Fig. 5.4.8.1. Naturbeitemark i vinden, nord for Sandvesanden, døme på eksisterande drift som definerer landskapets særpreg.

5.5 Brukarinteresser

Vestkyst Karmøy er både bynært og landleg, med ein lokalbefolkning som bur tett på verneområdet langs heile strekket. Landskapet med ein oppreven kystlinje, og variasjonar frå kystklippar, rullestein- og sanddynestrender med kulturlandskap heilt inn i fjæra skapar

eit nasjonalt eksotisk særpreg. Samstundes har det identitet som Karmøybuen sitt kvardagslandskap. Område er eit fleirbruksområde på land og i og på sjø, med aktivitetar, arrangement og attraksjonar langs heile kyststripa. Her er det folk som bur og livnærer seg av naturressursar og opplevingar kyststripa tilbyr. Landskapet består av svært variert natur som har svært ulik toleranse for ytre påverknadar. Nokre av dei mest utsette områda er også blant dei mest attraktive områda for aktivitetar både på land og i sjø. Det blir da viktig å finne balansen der me får tatt vare på både folk og samfunnet sine behov for aktivitet, trivsel og helse, samstundes med at naturverdiane som utgjer landskapets særpreg ikkje forringast. Det som gjer at områda langs Vestkyst Karmøy er attraktive er nettopp naturlandskapet, og einskilde natureigenskapar som ligg i det, t.d. sandstrender, vind, bølgehøgde, hausting av naturressursar (jakt, fiske og fangst), etc.

Landskapet er ikkje eit stillbilete/maleri, men naturverdiane som ligg til grunn for landskapsvernet må få moglegheit til å vidareføre seg sjølv. For å kunne balansere både verneverdiar, samfunnets og den einskilde sine behov så inneberer forslaget naudsynte restriksjonar for å ta vare på landskapsverdiane og bruk av områda. Brukarar av Vestkyst Karmøy vil bli påverka, men ein differensiert forvalting vil skape ein balanse. Differensiert forvalting betyr at det er einskilde område har større grad av tilrettelegging.

5.5.1 Sanddyneområda, blått flagg

Sandstrendene i Vestkyst Karmøy er i dag heilårsarenaer for eit bredt spekter av aktivitetar⁵¹. Alt frå rusleturar morgon, lunsj og kvelds, hundelufting, jogging, til strandliv med bading og lek og ballspel på varme sumardagar, til dykking og surfing, kiting, surfebrett og liknande når det bles og bølgiene slår innover stranda. Strendene nyttast til turar og finne ro åleine eller saman med vener og familie, eller i grupper, foreiningar og lag. Nærmiljøet på vestsida av Karmøy har eit nært forhold til strendene. I tillegg er det lokalt besøkte og tilreisande som blir lokka til desse unike strandområda. I reiselivsplanen for kommunen⁵² står det uttrykt som eit godt sted å bu er ein godt stad å besøke.

På gode dagar med fint vær tidleg i sesongen kan det være eit par tusen besøkte berre på Åkra, og teljingar har vist at på Åkra er det om lag 60 000 berre på ein av strendene, jf. Friluftsrådet Vest. Dette er aktivitetar som er sentrale i eit sunt og levande nærsamfunn til Vestkyst Karmøy, likevel er sanddynene naturtypar som er svært utsett for ytre påverknad. Sanddynene leverer og økosystemtenestar utover dei som går på velvære, aktivitet mm. Sanddynesystema er fronten mot havet og deira dynamiske eigenskapar er med på å binde sand og hindre sandflukt innover baklandet. Sanddynenatur er slik at den er sårbar mot slitasje som bryter ned den sandbindande vegetasjonen. Ved sår i vegetasjonen vil naturgitte erosjonsprosessar, t.d. vind, få betre tak og akselerere erosjonsprosessen. Sand kan dermed bli blåst innover land, t.d. har sandflukt vore eit problem for landbruk gjennom tider også langs Vestkysten av Karmøy. Vidare så er sanddynemark ein naturbasert klimatilpassing ved at intakte sanddyner vil redusere effektar av klima gjennom dynamisk å kunne bygge opp forskansing mot hav og storm. I så måte er det viktig at sanddyneområda får plass til å bevega seg etter tilhøva. I tillegg til å være leverandør av svært viktige økosystemtenestar er sanddyneområda ein sentral del av landskapsvernets særpreg og karakter. I Vestkyst Karmøy er det ein særprega mosaikk av små og store sand og rullesteinsstrender og kystklippar i ein forriven kystlinje.

⁵¹ <https://visitkarmoy.no/inspirasjon/havet-strendene/>

⁵² [Ansvarlig destinasjonsutvikling: Et godt sted å bo er et godt sted å besøke! Reiselivsplan for Karmøy kommune 2021-24 - Demokrati og innflytelse](#)

Eit sanddynesystem er bygd opp av vegetasjonslaus forstrand, fordyner med lite vegetasjon, kvite og grå dynar med vegetasjon men sand dominerande i botn, til vegetasjonsetablert sanddynemark i bakkant med varierende vegetasjonsdekke men ofte mosar som ein del av botnsjiktet. Alle desse naturlege sonene er viktige for eit heilskapleg sanddyneøkosystem og er ulike trinn i erosjonsstabilisering frå laus sand i forstrand til fast vegetasjonsdekke i bakdyner.

Det er klart at menneskeleg aktivitet vil medføre slitasje, men det er da mogleg å nytte kunnskap om sanddyneøkosystemet til å styre aktivitet til dei sonene der aktivitet ikkje gjer skade. Det betyr at generelt er meir aktivitet lovleg på den vegetasjonslause forstranda. I sanddyneområda som er svært sårbare for forstyrning og slitasje er det strengast regulering. Arealmessig er desse reglane knytt til sanddyneområda slik dei er merka i forslag til verneområdekart. På vegetasjonslaus strand er det lov med ballspel og tilsvarande aktivitet, medan dette ikkje er lov på vegetasjonsdekt deler av stranda. Det er eit forbod mot camping og telting i heile sanddyneområda, dette har med slitasje, forsøpling og beslaglegging av offentlege areal. Telting omfattar ikkje solskjermar og solbeskyttar for småbarn på vegetasjonslaus forstrand. Det er forbod mot ridedyr med unntak av vegetasjonslaus forstrand. Det er ikkje lov å føre hest elles i sanddyneområda med unntak av gitte tilkomststiar. Sykling og tilsvarande framkomstmiddel er forbode i sanddyneområda. For ytterlegare merknadar til regulering av sanddyneområda viser me til kommentarane til forslaget om forskrift.

Karmøy kommune har fått til blåflagg status for to av sine mest populære strender. Åkrasanden var første strand i Rogaland med blått flagg merke⁵³. Dette er eit internasjonalt kvalitetsstempel (Foundation for environmental education – FEE⁵⁴) for strender med høy kvalitet både med omsyn til allment tilrettelegging og av omsyn til miljøkvalitet. I tillegg til Åkrasanden har Sandvesanden også eit blåttflaggsertifisering. Eit landskapsvern skal ikkje vere hinder for å vidareføre og arbeide for eit blått flagg på desse strendene. Derimot vil aktivitetar måtte sikrast innafor dei rammene som tar vare på sanddynesystema også for framtidige generasjonar, både som opplevingsverdi, aktivitetsområde og som natursystem. I tillegg er både desse strendene i dag statleg sikra friluftsområde, ein status det ikkje vil miste med vernet. Ein differensiert forvalting impliserer at alle sanddyneområda får ein grad av regulering som tar sikte på å beskytte desse areala mot slitasje og erosjon, men at ved einskilde strender vil det frå forvaltinga i noko større grad bli opna for aktivitet. Desse strandområda vil primært vere Åkrasanden i nord og Sandvesanden i sør. For å få til ein godt samarbeid mellom ulike aktørar for å unngå negative effektar av samla belastning er det viktig å opprette ein god dialog mellom forvaltingsmynde og friluftsrådet vest som forvaltar av statleg sikra friluftsareala på desse strendene.

Åkrastrendene heng saman med Stavasanden i eit særskilt viktig økologisk funksjonsområde for fugl.

5.5.2 Sjø aktivitet

Havet utanfor og sjøen er ein særskilt viktig del av landskapsvernets særpreg. Det er identitetsskapande for regionen, og ein del av det tradisjonelle livsgrunnlaget. I moderne tid har rekreasjonsaspektet ved sjøliv blitt meir framtrедande, og aktivitetsmoglegheitene har endra seg. Dette er kome med ein utvikling i både utstyr og interesser.

⁵³ <https://visitkarmoy.no/aktuelt/miljomerket-blatt-flagg.17711.aspx>

⁵⁴ <https://fee.no/>

I landskapsvernet til sjøs er det generelt ikkje regulering på aktivitetar anna enn motorisert ferdsel på og i vatn må føregå under 5 knops fart, dvs. tilsvarende fart i hamneområde. Innseglinga til hovudhamnene Åkra, Ferkingstad, Sandvehamn, og Syre er ikkje påverka av verneavgrensinga i sjø, jf. vernkart.

Dykking blir likestilt med bading som ikkje blir regulert av landskapsvernet. Eit landskapsvern med forbod mot taretråling vil sikre at tareskogane får utvikla seg og bli rike marine livsmiljø. Intakte tareskogar vil skape attraktive reiselivsdestinasjonar for dykkarmiljøa.




Fig. 5.5.2.1. Bølgesurfing og kiting er populære aktivitetar, og område som Sandvesanden og Åkrahamn er ettertrakta. Foto: Oskar K. Bjørnstad.

Diverse vassportaktivitetar er blitt meir og meir populært, og særleg gjelder dette aktivitetar som kajakk, surfing, seglbrett og kiting og liknande former for brettaktivitet i sjø. Dette er formar for aktivitet som er med på å gjere strendene på Vestkyst Karmøy meir attraktive for einskilde grupper av tilreisande kjem for å teste bølgar på strendene og langs kysten. På mange måtar gjer storhavet Vestkyst Karmøy til ein nær ideell plass for surfing, kiting og vindsurfing. Her slår store bølger innover land og det er godt med vind. Strendene langs vestsida av Karmøy har ulike eigenskapar som gjer at dei favoriserer ulike formar for vassportaktivitet. Til dømes er Sandvesanden og Mjølhussanden ypparlege strender for bølgesurfing også for erfarne surfarar. Åkrasanden er i større grad nytta av seilbrett og kiting. Stavasanden er også ein strand ettertrakta av kiterar og surfing. For Sandvesanden og Ferkingstad (Stavasanden) blir det varsla bølgehøgde⁵⁵. Noko som viser at Vestkyst Karmøy er på det internasjonale kartet for brettssportsaktivitetar.

Kajakk er også ein populær aktivitet og på finværsdagar er det gode turmoglegheiter ved Åkrasanden, her er det også etablert ein «kajakomat» der besøkande kan leige kajakk. Kajakkomat er ein utleieinnretning for kajakkar, drifta av Blå kors ung. I sør er mellom anna Skudesneshamn kajakkklubb aktive. Karmøy brettseiler klubb er ein interesseorganisasjon for aktive i brettmiljø.

Ulike aktivitetar på og i sjø knytt til vassport er noko som gjer at Vestkyst Karmøy områda blir meir attraktivt reiselivsdestinasjon.

5.5.3 Turvandring og naturopplevingar

Vestkysten av Karmøy er svært attraktivt turområder, der være seg korte turar eller lengre strekk langs kysten⁵⁶. Det er fleire utgangspunkt for vandreturar i Vestkyst Karmøy. Desse er flott utgangspunkt for både store og små. Einskilde strekk er meir ulent enn andre og for

⁵⁵ <https://www.surfline.com/>

⁵⁶ <https://www.karmoy.kommune.no/innbygger/kultur-og-fritid/tur-og-friluftsliv/jeg-vil-ut-pa-tur/>

vandringar ved kysten skal ein alltid ha respekt for vær og vind, sjølv om utsynet er mektig og fasinerande. Til dømes er det flotte område ved Syra og Syre fort som er verdt besøk. Her finner ein både spennande natur, landskap og kultur. Ein går i eit landskap av kystlynghei og naturbeitemark, med myrar og fuktdrag på kjerrevegar bygd i samband med fortet under andre verdskrig. Om ein tar turen over mot Kjelavågen finner ein eldre båtstøar og båtopptrekk frå gammalt av, og med utsyn mot Jarsteinen. Vidare på Syrglåna kjem ein til det høgaste punktet i landskapsvernet med rester av ein radarstasjon frå krigen. Her har ein utsyn over store områder i søre Vestkyst Karmøy.

I nord er det ein vandrerute frå Stong til Ferkingstad, her går ein forbi strandperlar, med sanddynar og tombolo (sandbanke mellom holme og strandflate) sørover i eit historisk kulturlandskap med alt frå fulldyrka mark til naturbeite, rullesteinstrender og tangvollar og kystklippar. Turstien følger den gamle postvegen, allereie dokumentert i 1851, men skriftlege kjelder viser attende truleg heilt til vikingtida⁵⁷. Vidare forbi Stavasanden og Ferkingstad hamn, tidlegare ein svært viktig fiskarhamn, og sør forbi minnesmerke over fiskermenn godt bort på havet, og mot vikingnausta ved Hoptjern, sjå omtale over kulturminne. På vegen passerar ein også eit av dei viktigaste fugleområda på vestsida av Karmøy, Bukta ved Stavasanden nord til Åkrasanden er eit samanhengande sentralt område for fugleliv. Det er også eit rik blomsterflor, med mellom anna ein fin bestand av purpurmarihand på Ferkingstad. Det er fleire svært sjeldsynte orkidear langs dette område så ein bør la vær å plukke desse plantane. Merk at purpurmarihand er allereie ein freda art.

Om ein tittar på så er det fleire turar folk ferdast langs kyststripa. I landskapsvernet vil det ikkje vere ein eiga restriksjon for ferdsel til fots. Ferdsel til fots er regulert etter friluftsløva, og da er det heilt essensielt å ta omsyn til andre, gardsrom, grunneigarar, næringsdrivande m.m. Friluftsløva legg grunnlaget for at mann kan ferdast med ansvar når mann ferdast i utmark og innmark utanom gardsplass eller hustomt.

Ein problemstilling med landskapsvern er tilrettelegging for ferdsel. Tilrettelegging for ferdsel ved opparbeiding og merking av ny sti vil krevje grunneigars samtykke og deretter dispensasjon frå vernereglane. Ein tilrettelegging for ferdsel åleine er ikkje å rekne som skjøtselstiltak, sjå avsnitt under.

⁵⁷ <https://www.kulturminnesok.no/kart/?q=228551&am-county=&lokenk=location&am-lok=&am-lokdating=&am-lokconservation=&am-enk=&am-enkdating=&am-enkconservation=&bm-county=&cp=1&bounds=59.240506715511316,5.178701877593994,59.22943193495641,5.19827127456665&zoom=16&id=a5d80b90-641b-11eb-9df2-005056bf3d73>



Fig. 5.5.3.1. Nordsjøreddik (*Cakile maritima* ssp. *integrifolia*) veks i forstrand, som her ved Åkrasanden, foto Anders Lundberg.

Naturopplevingar er ofte assosiert med friluftsliv og tur, men det er også ein meir spesifikk søken etter arter, t.d. fugletitting, blomsterjakt. Det blir i dag arrangert blomstervandringar, og naturturar der naturmiljø er eit tema for turane. Variasjonen i landskapet og konsentrasjonen av raudlista naturtypar, her er fleire kritisk truga naturtypar, gjer at Vestkyst Karmøy er eit hotspot av raudlista natur. Dette skapar både ein attraksjon og eit særskilt ansvar for ferdsel mellom desse naturverdiane. I Vestkyst Karmøy førekjem svært sjeldsynte planteartar og freda organismar, derimellom einskilde orkidear. Vestkyst Karmøy er svært viktig for fuglelivet, ikkje berre lokalt, men også regionalt og nasjonalt. Orsaka er at ein vesentleg del av fugletrekket passerer langs kysten. Dei kystnære områda med strender bukter og vikar skapar heilt avgjerande økologiske funksjonsområder for fuglelivet både i trekkperiodar men også som overvintringsområde. Særskilt er Taravika og området Ved Åkrasanden til Stavasanden løfta fram i så måte. Fugletitting er ein internasjonal aktivitet og ved førekomst av sjeldsynte fuglar vil tilreisande kome frå heilelandet.

Verneplanen vil med gjere at området blir ein meir attraktiv reiselivsdestinasjon. Med omsyn til å oppleve natur og økologiske prosessar på nært hold.

5.5.4 Jakt, fangst og fiske

Fritidsfiske eller bruk av fangstreiskap, med unnatak av taretråling, er ikkje regulert i forslag til verneforskrift. Dette omfattar også fiske frå land. Fiske i bekkar og vatn etter anadrome fisk frå land er regulert etter anna lovverk, og i ferskvatn må ein inneha grunneigars samtykke.

Jakt og fangst er ein tradisjonell utnytting av naturressursar. I nyare tid har det vore noko jakt etter fugl og etter mink. Retten til jakt og fangst ligg hjå grunneigar, og verneforskrifta vil ikkje endre på dette. Mink kom til regionen med pelsdyrnæringa, og har etablert seg som ein framand art. Det er ein art som har stor negativ effekt på fuglelivet, og særskilt på bakke hekkande fugl og sjøfugl. Difor har det vore drive utstrekt jakt og fangst etter mink på Karmøy. Effekten av jakt på fugl for fuglelivet er opnebar, men det får ein indirekte effekt

også for individa som ikkje blir sikta på. I periodar med mindre tilgang på mat og meir utfordrande miljøtilhøve haust og vinterstid vil dette medføre at fugl må være meir aktiv og flyktande enn naudsynt. For å balansere mellom ønskje om jaktmoglegheiter og behovet for å skåne dei viktigaste områda for unaudsynt forstyrning er det to mindre område der verneplanen fremmar jakt og skyteforbod.

I regelverket for landskapsvern, jf. § 36 i naturmangfaldlova, er det ikkje heimel til å forby jakt. Fuglelivet er ein imperativ del av landskapet Vestkyst Karmøy, så for å ta vare på eit fungerande økologisk funksjonsområde også for landskapsvernet er det naudsynt med eit reglesett for desse delområda som er strengare enn det eit landskapsvern i seg sjølv kan tillate. Verneplanen vil difor føreslå å etablere to naturreservat for å ivareta dei viktigaste biotopane for fugleliv. På denne måten vil eit område ved Taravika og eit område ved Stavasanden bli føreslått som naturreservat med forbod mot jakt og forstyrning av fugleliv. Utover desse avgrensa areala vil ikkje jakt og bruk av skytevåpen regulerast av forskrifta. Fangst av mink med bruk av felle er ikkje regulert.

5.5.5 Bandtvang

Bandtvang er i dag regulert av ein eiga forskrift vedtatt av Karmøy kommune⁵⁸. I samsvar med kommunen sitt vedtak er det bandtvang for alle områder bandlagt etter naturmangfaldlova, jf. § 4 bokstav f i forskrift om hold av hund, Karmøy kommune, Rogaland. Det betyr at ved vernevedtak så vil det være eit generelt bandtvang også i Vestkyst Karmøy landskapsvernområde.

Å gå på tur med hund er ein aktivitet som er positiv for både eigar og hund. Verneplanen ønskjer ikkje å regulere ferdsel med hund utover at hundeførar må halde hunden i band. Med band meinast line på opp til 5 m, slik at ein til ein kvar tid har kontroll på hunden. Orsak til denne reguleringa er tredelt; allmenn ferdsel, dyr på beite og fuglelivet. Det er klart at ein laus hund kan i einskilde høve ha ein åtferd som verkar skremmande/ubehageleg på andre som ferdast i området. Landskapsvernet er eit kulturlandskap som er heilt avhengig av at dyr beitar både i innmark og utmark. Sørleg i kystlyngheiområda vil det bli lagt til rette for at det skal vere mogleg med dyrerasar som kan beite ute året rundt. Av omsyn til husdyr vil det derfor vere viktig å halde hund i band. I tillegg så er hundars åtferd at dei jaktar eller er nysgjerrige på anna dyreliv. Særleg fuglelivet er utsett i hekketida, men også i periodar der dei skifter fjørdrakt og er mindre flygedyktige og vinterstid når næringstilhøva er redusert og miljøforholda generelt er tøffe så er det viktig at desse unngår unaudsynt forstyrning. Kulturlandskapet inklusiv husdyra er ein sentral del av føremålet med landskapets særpreg og karakter saman med fuglelivet. For å sikre landskapets verdi vil verneplanen føreslå bandtvang heile året.

Slik bandtvang er regulert i kommunen sin forskrift er dette tilstrekkeleg for verneområdet også, men det vil være naudsynt å inkludere ein uavhengig regulering av bandtvang i vernereglane for å unngå å måtte revidere vernereglane etter revisjon av lokale forskrift.

Å ha ein regel som gjeld for heile verneområdet er tydeleg og enkelt å følgje opp både av publikum og av forvaltingsmynde.

⁵⁸ Forskrift om hold av hund: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2009-05-12-527>

5.5.6 Motorferdsel

I dag er motorferdsel på land regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag⁵⁹. Som motorferdsel inngår alle motordrivne køyretøy, t.d. bil, motorsykel, motorbåt og luftfartøy. Lovas hovudregel er forbod mot motorferdsel for utmark og vassdrag, men det er fleire unntak.

Motorisert ferdsl er eigna til å forureine og sette varige spor i terrenget og på den måten vil påverke landskapets særpreg og karakter. Det er difor føreslått ein streng regulering av motorferdsel på land og i lufta. Forbodet inkluderer alle formar for motorferdsel inkludert modellfly og dronar, og eit overflygingsforbod. Sistnemnt er for å hindre droneflyging over viktige fugleområder og område offentleg tilgjengeleg som sanddyneområde og badeområde.

Innafor verneavgrensinga er det svært få bilveggar, desse blir markert i vernekartet. Bilvegane leder fram til parkeringsplassar ved strandområde, t.d. ved Åkrasanden, Stavasanden og Sandvesanden, eller ved båtstøar, t.d. Liknessanden og Hemnesvegen, eller eit korte strekk av gamal postveg ved Stava og av fylkesveg Mjølhusvegen (FV4844) vest for Grødemstua. Desse bilvegane og parkeringsplassar, merka i vernekartet, er ikkje omfatta av forbodet etter vernereglane, men kan vere regulert etter anna lovverk, t.d. forbod mot motorferdsel på gamal postveg ved Stava.

Landbruksverksemd har særskilt unntak for motorferdsel i landbruksaugnemed på innmark og traktorveggar. Unntaket vil ikkje gjelde i utmark eller i sanddynemark. For utmark og sanddynemark er det opna for å søke om dispensasjon for landbruksverksemd. Krav om dispensasjon for motorferdsel i utmark gjeld ikkje i dei høve der ein må hente ut skada, sjuke eller daude dyr. Utanom landbruksaugemed vil ein gardsdrivar måtte forhalda seg til dei same reglane som ein kvar anna privatperson.

I verneplanen er det eit generelt unntak for motorisert ferdsl for politi, brann og redning, ambulanse, militær, oljevernberedskap og forvaltingsmynde i operativ teneste.

I sjø er dei forstyrrende effektane ved motorisert ferdsl større, difor føreslår verneplanen ei regulering av hastigheit til maksimalt 5 knop for all motorferdsel, inklusiv modellbåt osv. I dei to naturreservata Stavasanden og Taravika er det forbod mot motorferdsel, med unntak for dei med rett til båtstø i desse naturreservata. Alle båtar som ligg på stø i fjæresona eller innafor verneavgrensinga må kunne identifiserast med merke.

El-sykel og liknande elektrisk drivne framkomstmiddel er også omfatta av forbodet for motorisert ferdsl. El-sykel er regulert tilsvarande tråsykel. Det vil si at det er eit forbod mot å sykle, aktiviteten, i sanddyneområda. Dette gjeld også stiane innafor desse areala, avmerka i vernekartet.

⁵⁹ Motorferdsellova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82>

5.5.7 Organisasjonar

I Karmøy regionen er det fleire organisasjonar som nyttar Vestkyst Karmøy på ulike måtar og ulik hyppigheit. Det er alt frå regelbundne turar, til ein stranddag som avslutning på eit semester eller sesong. Det er speidarar, friluftsgesellskap, sportslag, fotballag, mm. Alle desse organisasjonane er sjølvstendig velkomne, men ein må auka sin medvit for ferdsel og aktivitet i verneområdet.

For store arrangement, normalt vurdert til om lag 50 personar, men avhengig av aktivitet vil tiltakshavarar måtte søke forvaltningsmynde om dispensasjon med unntak av arrangement som i sitt heile skjer på turvegnettverket eller på opparbeida plenar slik disse er markert i vernekartet, sjå figur 4. I vurderingar av søknad skal det leggjast vekt på kva slags aktivitet det er snakk om, kor aktiviteten skjer, i kva grad den er forstyrrande for verneverdiane og føremålet med vernet, og i kva grad det er mogleg å arrangere tilsvarande anna stad.

5.6 Skjøtsel og restaurering

5.6.1 Skjøtsel

Skjøtsel i samband med verneområde er å forstå som tiltak der hensikt er å oppretthalde eller oppnå dei natur- eller kulturverdiane som ligg til grunn for føremålet med vernet. For Vestkyst Karmøy vil det si å ta vare på dei natur- og kultur-verdiane som gir landskapet særpreg og karakter. Det er difor ikkje alle typar tiltak som kvalifiserer som skjøtsel, og det er ikkje fritt fram å iverksette tiltak i verneområde i tro at det er skjøtsel. Dette er styrt av føremålet med vernet og føringane for skjøtsel i naturmangfaldlova, jf. § 47 i nml.

Ein av hovudoppgåvene til forvaltningsmynda er å ivareta og forbetre landskapets verdi. For å kunne gjennomføre tiltak i verneområdet opnar forskrifta for at forvaltningsmynde kan igangsette skjøtselstiltak sjølv eller gi slikt oppdrag til andre, jf. § 9 i forskrift. Det vil si at skjøtselstiltak er reservert for forvaltningsmynde.

Det er ikkje alle tiltak som vil kvalifisere som skjøtsel, t.d. tilrettelegging for ferdsel ved å anleggje ny tursti er ikkje rekna som skjøtsel. Om forvaltningsmynde ønskjer å gjennomføre slikt tiltak må dei sjølv søke dispensasjon, og grunneigars samtykke må føreligge. Skjøtselstiltak må sjåast i samband med føremålet med vernet og verneverdiane. Det betyr at ein kanalisering av ferdsel for å beskytte sårbare naturverdiar mot slitasje, t.d. sanddynemark, vil være skjøtsel, i så måte er det berre krav om å varsle grunneigarar, men alle gode tiltak bygger på god dialog.



Fig. 5.6.1.1. Skjøtselsarbeidarar i vyrke.

Vestkyst Karmøy er eit kulturlandskap der landbruksdrift, beitedyr og slått spelar ein heilt sentral rolle i å bevare landskapets utsjåande og innhald av natur og kulturmiljø. Vestkyst Karmøy er eit levande kulturmiljø med svært spesiell natur- og landskapsverdiar. Desse verdiane er ein del av vernets føremålet gjennom naturtypane kystlynghei og naturbeitemark. Likevel er ein gardsdrifts daglege verke og bidrag til landskapsvernet verdi her ikkje å forstå som skjøtsel, men som ein rett pågåande verksemd har til å fortsette sin drift, jf. § 36 i naturmangfaldlova. Derimot i område som er i fare for å gro att vil forvaltingsmynde kunne sette i gang skjøtselstiltak som også omfattar semi-naturleg hevd, inklusiv slått, beitedyr for naturbeitemark og beite og brenning for kystlynghei. I slike høve vil ein førespør grunneigar eller lokale gardbrukarar om utføring av skjøtselstiltak.

Oppsetting av bygg, installasjonar eller anlegg går ikkje som skjøtsel. Til dømes vil fugletårn ikkje være eit skjøtselstiltak, sjølv om det kan vere hensiktsmessig for å skjerme fugleområde, og knute punkt for informasjon om naturverdiar og landskap.

Søppel- og plastrydding langs strendene vil være eksempel på gode skjøtselstiltak.

Å rydde strendene for tang og tare er noko Friluftsrådet Vest har gjennomført utanom trekkperioder om sumaren, og særleg på Åkrasanden og Sandvesanden. Dette er eit tiltak for å gjere strendene meir attraktive og tilgjengelege for bading om sumaren. Tiltaket vil kunne fortsette, men i samråd med forvaltingsmynde. Her må ein ta omsyn til ålmenn åtkomst til vatnet frå stranda og omsyn til fugleliv som nyttar desse tangvollane for næringssøk. Her er det også korleis det fjernast og kor tang og tare blir deponert i etterkant. Å legge tang og

tare att i bakdynene er ein oppgjødsling og ikkje naudsynt eit godt tiltak for plantemangfaldet der. Retten til å hauste tang og tare ligg hjå grunneigar og eventuelt dei med tinglyst rett, desse har i periodar lov å hente eit avgrensa mengd tang og tare til bruk på eiga mark. I avgrensinga ligg det at dei ikkje kan tømme strandflata for tang og tare. Friluftsrådet Vest er ikkje ein forvaltingsinstans for verneområde, dei må søke forvaltingsmyndas samarbeid for deira tiltak. Forvaltingsmynde og friluftsråda har god tradisjon for samarbeid i Rogaland.

Skjøtseltiltak vil i einskilde område kunne være slått, dette gjelder særskilt areal knytt til sanddyneområda ved Åkra (Lundberg et al. 2017⁶⁰), og Stavasanden der blomsterfremmande hevd oppphørte ved statleg sikring av friluftsareal. I tillegg er dei sær artsrike engene ved Laksodden område som i dag har behov for skjøtsel. For sistnemnte må ein passe på korrekt skjøtsel for å hindre attgroing, og for å redusere fare for gjødselpåverknad. For desse områda vil det være fordelaktig med ein skjøtselsplan for framtidig drift.

Skogsareal ved Syre fort er ikkje inkludert i denne verneplanprosessen da skogsareal må vurderast etter ordninga frivillig skogvern. Grunneigarar av desse skogsareala vil bli kontakta av skogeigarselskapa med omsyn til desse bestandane av sikta gran, buskfuru og noko lauvtreslag. I landskapsvernet er det for Syreområdet ønskjeleg å restaurere areal attende til kystlynghei og naturbeitemark. Det er særleg det innførte treslaget sitkagran som har ein eigenskap å spreie seg i Vestkyst Karmøy. Det vil påverke naturtypane og beitekvaliteten til naturtypar i området. Det er difor naudsynt at desse trea fjernast frå Vestkyst Karmøy. Føremålet med vernet er å ta vare på eit opent landskap forma av interaksjonen mellom menneskje med beitedyr og naturgitte tilhøve.

⁶⁰ Lundberg, A. Kapfer J., Måren I.E. 2017. Reintroduced mowing can counteract biodiversity loss in abandoned meadows. *Erdkunde* 71: 127-142.



Fig. 5.6.1.2. Geitsvingel (*Festuca vivipara*) eit gras med vivipare frø, dvs. frøa spirar mens dei sit på morplanta. Vanleg art i kystlynghei og naturbeitemark.

5.6.2 Restaurering

Restaureringstiltak kan førekomme i mange formar, men i samband med arbeid med verneplanprosessen har det kome fram einskilde større restaureringsoppgåver som vil være mogleg å realisere. Einskilde av desse er så store at det må ein eiga prosjektering til for å få dei gjennomført. Slikt arbeid ligg ikkje til verneplanprosessen, så me går her ikkje i detalj.

Sandstrender:

Ved fleire av strendene er det behov for skjøtselstiltak og i nokre samband vil det også være snakk om restaurering. Restaureringsbehovet er framkome i stor grad i samband med utbygging og landbruksverksemd i grense mot sanddynemark.

Stavasanden - Av større tiltak nemner me Stavasanden der parkeringsplassen er anlagt på ein fylling som stammer frå utbygging av Ferkingstad hamn. For å få restaurert Stavasanden må store mengder masse flyttast og parkeringsareal tilbakeført til sanddynemark. Areal påverka er om lag 4 dekar. Prosjektet må omfattast av eiga prosjektering for eventuelt å sjå på eigna løysingar, og moglegheit for restaurering av opphavelig strandflate og sanddynelandskap. I prosjekteringa må ein også inkludere at området i dag er mellom anna brukt lokalt av befolkninga for åtkomst til Stavasanden og som utsiktspunkt for havet. Slettelandet i bakkant har tidlegare vore påverka av sandflukt.



Fig. 5.6.2.1. Stavasanden får sørsida, steinfylling med parkeringsplass synast heilt i nord av sanddyneområdet.

Vikrasanden – Sandstranda her har blitt heilt borte etter eit veganlegg i samband med vestre molo for Sandvehamn. Sjølve strandområde er i dag blitt ein brakkvannssump med mellom anna takrøyr. Det er sterke interesser lokalt for å restaurere det som har vært ein viktig strand ved Sandvehamn. Dette vil være eit større prosjekt som vil krevje god planlegging og involvering av planmynde. Tilkomstveg til vestre molo og verksemd på Skårnes vil måtte anten erstattast med ein brukonstruksjon eller ein omlegging av veg gjennom landskapsvernet. Restaureringstiltaket er så omfattande at det ikkje er ein del av verneplanprosessen. I tillegg så er vernegrensa satt på innsida av aktuell veg slik at vedlikehald av vegstrekket og åtkomst til Skårnes går utanfor verneavgrensinga.

Farlandshamaren (Åkra) – er det ein bakdyne fuktområde som har vært forsøkt drenert og dyrka opp på eigedom gnr./bnr. 19/2 i Karmøy. Dette arealet er i dag registrert som fulldyrka areal, og ein restaurering av dette arealet vil medføre at jordbruksareal blir ført attende til ein bakdyne eng utan direkte gjødselpåverknad.

Utover desse kan det være ulike restaureringsbehov for sanddyneområda knytt til gjødselpåverknad frå tilgrensande dyrka areal.

Andre restaureringstiltak

Deponerte masser – på sørsida av Mjølhusvegen er det eit areal på om lag 2 dekar som det er dumpa masser i og planert i myr. Dette er masser som bør fjernast slik at myrflaten får reetablert sin utstrekning. I same område er myrflaten påverka av Fylkesveg 4844 (mjølhusvegen). Her bør vegeigar sjå på løysingar for å sikre at konnektivet mellom myrarealet på kvar side av veg blir forbetra. Med fjerning av massar og utbetring av

konnektivet mellom myrane på tvers av vegen vil ein oppnå eit samanhengande myrsøkosystem som strekk seg om lag 1,2 km innafor verneavgrensinga.

I nord er dette myrsystemet noko påverka av grøfthing og spor av torvuttak. I desse områda bør ein vurdere potensiale for å sikra fukttilhøva for myrområda. Området ligg sør for Tuemyr, som er fulldyrka på tidlegare torvmark. Fulldyrka areal ved Tuemyr ligg på utsida av landskapsvernet, men ved eventuell restaurering av myrareala innafor vern må ein planlegge slik at desse areala ikkje blir påverka.

6. Bevaring av verdifull natur – Vestkyst Karmøy landskapsvern, Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat

Oppdraget om vern av verdifull natur (supplerande vern) er knytt til dei landskap og naturverdiar som gjennom vernet bidrar til regional og nasjonal portefølje sett i lys av Norges miljømål 1.3⁶¹: «*Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner*». Arbeidet har til hensikt å ta vare på verdifull natur og tette dei hol og manglar i nasjonal verneportefølje for å oppnå nasjonal målsetning og internasjonal forventning. Ein målsetnad med vern er å gi naturen og arts mangfald premisser som aukar robustheita for biologisk mangfald i Norge med omsyn til utfordringar på kort og lang sikt. I undersøkingane av Norske verneområde (Fremstad mfl. 2010) kjem et klart fram at Norsk verneportefølje er ujamnt fordelt: «Det er særlig underdekning av vernet areal for lavereliggende områder, «varme» vegetasjonssoner, produktiv skog, barskog og myrskog, med mindre enn 5 % av arealet vernet». Videre så er ei betydeleg del av verneområda mindre enn 0,1 km². I rapporten namnast fleire naturtypar som underrepresentert, og ei syner til «*mangelfull dekning i verneområdene anslått for mange artsgrupper med tilknytning til viktige naturtyper, spesielt i lavlandet og langs kysten i Sør-Norge (jf. over), men for enkelte artsgrupper (som fugl) også i andre naturtyper og regioner*». Sør-Norge viser her til «*... langs kysten til Rogaland ...*». «*Nye verneområder bør ta sikte på å dekke de viktigste identifiserte manglene og dessuten innrettes slik at de styrker verneområdenes funksjon som økologisk nettverk og dermed fremmer artenes langsiktige overlevelse*» (Fremstad mfl. 2010).

Verneplanen inklusiv Vestkyst Karmøy landskapsvern område og Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat, har svært store naturverdiar og heilt sentrale økosystemfunksjonar. Området er stort både på land og i sjø, og dekker med dette viktige funksjonar for heile det kystnære biologiske mangfaldet. Dette omfattar også heilt sentrale funksjonar for biologiske mangfald utover Vestkyst Karmøy, med sin sentrale plassering i fugletrekket. I Miljødirektoratet (2017) sin rapport om «Forslag til plan for supplerende vern - Miljødirektoratet anbefalinger» legger dei fram kva naturtypar som er lite dekkja ved dagens vern basert på mangelanalysane for verneområda (Fremstad et al. 2010). I Rogaland er det 26 naturtypar med svært store manglar i verneporteføljen, dette er naturtypar frå kyst til høg fjell, og i verneplanprosessen for Vestkyst Karmøy finner me 12 av desse naturtypane. For naturtypar med middels vernebehov finner me 5 av 9 innafor avgrensinga til Vestkyst Karmøy. Dette betyr at med omsyn til nasjonal og regional verneportefølje bidrar Vestkyst Karmøy i svært stor grad til oppdraget og hensikta med vern av verdifull natur.

⁶¹ <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/miljomaal/>

Eit større samanhengande vern av stortareskog vil binde saman dei økologiske funksjonane for fuglefredingsområda i nærleiken og hummarfredingsområda, Jarstein og Ferkingstadøyane. Som eit heilskapleg system av landskap og naturreservat er dette i naturleg forlenging av Jærstrendene landskapsvernområde og Ramsarområda sør for Boknafjorden. Fuglelivet er samanhengande langs kysten og ved vern av Vestkyst Karmøy får me eit vern av viktige trekk og raste områder som bind saman vernareala både sør og nord i eit meir robust vern med omsyn til biologisk mangfald.



Fig. 6.1. Krigsminnet Syreneset fort og Jarstein naturreservat i bakgrunnen, foto Oskar K. Bjørnstad.

Statsforvaltaren i Rogaland er av den formeining at Vestkyst Karmøy landskapsvernområde med Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat vil svare svært godt til å dekke manglar ved nasjonal og lokal verneportefølje, og ønskjer med dette å sende forslag om vern av desse områda med avgrensing og forskrift ut på samordna lokal og sentral høyring.



Fig. 6.1. Ei makrellterne glir over vassflata på jakt etter småfisk og krepsdyr, foto: Oskar K. Bjørnstad.

7. Verneplan Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Taravika naturreservat og Stavasanden naturreservat

I verneplanen for Vestkyst Karmøy har intensjonen vært å lage eit forslag til verneområdeavgrensing som saman med forskrift vil legge grunnlaget for ta vare på dei natur- og kulturverdiane som utgjer landskapets særpreg. I Vestkyst Karmøy er det veldig mange interessentar og kryssande interesser, samstundes er det svært sårbare natur- og kulturverdiar av nasjonal og internasjonal betydning.

Målsetnaden er å ta utgangspunktet i verneverdiane og vurdere korleis desse kan bli tatt vare på med ein reguleringsform som gir rom for eksisterande verksemd, og ikkje regulere strengare enn naudsynt. I oppstartsmeldinga blei det lagt til grunn eit verneområde med status som landskapsvern, jf. § 36 i nml. Dette er ein mild verneform der pågåande verksemd kan fortsette og utvikla seg så framti dei ikkje påverkar vernets særpreg (utsjåande) eller karakter (innhald). I landskapsvernet kan tiltak som aleine eller saman med andre er eigna til å endre landskapets utsjåande eller innhald av natur- og kulturverdiar, og om ferdsel som ikkje skjer til fots. Da landskapsvernets avgrensing både gjeld på land og i sjø, vil «til fots» inkludere badeaktivitet og symjing, og opphald i landskapsvernet er i vesentleg grad regulert av frilftslova.

I løpet av verneplanprosessen blei det klart at einskilde naturverdiar er så sårbare for ytre påverknad at dette er føremålstenleg å differensiere i reguleringsgrad. Desse naturverdiane er sanddyneområda og sentrale område for fugleliv.

I sanddyneområda er det ønskeleg å balansere ivaretaking av svært slitasjesvake naturtypar med samfunnets behov for aktiv bruk av sanddyneområda. Dette er rekreasjonsområde, frilftsområde, badestrand, utgangspunkt for sjøaktivitet (surfing, kiting, kajakkpadling, etc.), samstundes er det eit naturområde både på land og i sjø, med naturressursar tilhøyrande rettshavarar inklusiv grunneigar. Dette må balansere og difor er det i forslaget til vernkart teikna ut sanddyneområde der særskilte reglar gjeld. Reglane vil ta omsyn til slitasjeaktivitet i vegetasjonsdekk mark, det vil mellom anna forby camping og telting, sykling, men unntaka skal sikre allmenn ferdsel og tilgang til strandområda også for personar med nedsett funksjonsevne. Ballsportsaktivitet må eventuelt førekomme på vegetasjonslaus strandflate. Strendene har også funksjon for plantar og dyr, mellom anna er tangvoll svært viktige for krepsdyr, insektliv og fugleliv. Her er næringsøksområde for fleire vadefugl. For å balansere mellom einskilde ønskjer om å rydde strender for tare, er det opna for søknad om denne form for tiltak i løpet av sumarmånadene. Grunneigarar kan ta ut avgrensa mengd til bruk på eiga dyrkamark. På denne måten ivaretek me gammal hevd og rettar, samstundes at me gir forvaltingsmynde eit verktøy til å balansere allmenta sine ønskje om tangfrie strender og viktige næringsgrunnlag for dyrelivet. Forslaget ser ikkje at ein endring i vernestatus er naudsynt.

Av omsyn til fuglelivet har Vestkyst Karmøy heilt sentrale økosystemfunksjonar for fuglelivet langs kysten også utover avgrensinga av verneområdet. Fuglelivet er ein heilt sentral del av landskapsvernets særpreg og karakter, det er med på å skape eit heilskapleg kulturlandskap på land og i sjø. Her finner ein artar som hekker og artar som trekk forbi mellom hekkeområde og vinteropphaldsplass. Det er også fleire vadefuglar og sjøfugl som trekker til Vestkyst Karmøy for å overvintre. Fagekspertise har peika på to særskilte område som viktige lokalitetar for fuglelivet. Det er Åkrastrendene til Stavasanden i nord og Taravika om lag i midten av Vestkyst Karmøy. Desse områda har særskilt økologiske eigneskapar som gjer at dei er særskilt viktige for mange fugleartar. Her blir det registrert eit svært høgt

mangfald av fugl. Sentralt for desse områda er å sikre at fugl får tilgang til naudsynt økosystemfunksjonar i viktige periodar for fuglelivet. Her blir det lagt særleg vekt på næringssøk og forstyrning i kritiske periodar, dvs. trekk og vinterstid. Om vinteren er det lite næring tilgjengeleg og forstyrning vil medføre at fugl må nytte energi dei treng for å overleve. I trekkperiodar må fuglelivet nytte tida til å kvile og sanke næring slik at dei når fram til sine destinasjonar. Derimot for både Åkrasanden til Stavasanden og utanfor Taravika er lokalitetar svært eigna for sjøaktivitet, surfing, brettseiling, kiting, kajakkpadling, etc. Det er aktive miljø på Karmøy som ønskjer å kunne fortsette sin aktivitet i sjø. For å balansere fuglelivets langsiktige behov med allmenta sitt ønske om vassportaktivitet er det i verneplan føreslått to område med særskilt regulering. På grunn av dei store allmenne interessene ved Åkrasanden, vel verneplanen å regulere strengare ved Stavasanden. På den måten får me differensiert geografisk mellom område der aktivitet prioriterast og der økosystemfunksjonar prioriterast. Merk at for Stavasanden er det allereie i dag eit forbod mot surfeaktivitet i trekkperioden for fugl, jf. kommunen sin reguleringsplan for området. Verneplanen ønskjer å utvide dette til også å omfatte vinterperioden for å gi ekstra omsyn i den mest kritiske perioden for overleving. Tilsvarende, ved Taravika er det område ved Sverdholmen som er nytta for vidarekomne til bølgesurfing. I samråd med fugleekspertise har verneplanen kome til ein avgrensing av minsteareal prioritert for økosystemfunksjonar. På denne måten vil verneplanen freiste å differensiere regulering slik at det blir plass til både fugleliv og sjøaktivitet. I områda der verneplanen ønskjer å redusere forstyrninga for fuglelivet, er det også ønskeleg å unngå direkte jakt på fugl. Derimot er det ikkje heimel til å forby jakt på fugl i eit landskapsvernområde etter naturmangfaldlova. For å balansere samla effekt av regulering er det i verneplanen føreslått at dei to områda med differensiert ferdsl i sjø blir tatt ut som naturreservat. Det betyr at Vestkyst Karmøy landskapsvernområde omslutta Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat. For desse tre verneområda blir det kvar sin forskrift. Forskriftene for dei to naturreservata er identiske, med unnatak av geografisk avgrensing. Forskriftene for naturreservata er likelydande med landskapsvernet med unnatak av føremål i samsvar med naturmangfaldlova §§ 36 og 37, avgrensing, og for naturreservata kjem det eit tillegg med forbod mot jakt og regulering av vassportsaktivitet i sjø. I landskapsvernet er ferdsl i sjø avgrensa til 5 knops fart. For tarehausting i sjø er det vesentleg at ein sikrar ein berekraftig bruk av tareskogsøkosystema i sitt heile, inklusiv økosystemfunksjonar, økosystemtenestar og biologisk mangfald.

Avgrensing av landskapsvernet følger ein systematisk prioritering.

- i) Ferkingstad hamn og Sandvehamn skal ligge på utsida av vernet.
- ii) Naturverdiar
- iii) Kulturminne
- iv) Landbruk – unngå overflatedyrka og fulldyrka areal
- v) Bustad/fritidsbustad/bygg/driftsbygg – så langt som rå ligge utanfor vern
- vi) Reguleringsplan – kommuneplan
- vii) Eigendomsgrensar
- viii) På tvers av Eigedom
 - a. Følger gjerde – naturlege linjer
 - b. Synlege fastpunkt i terrenget
- ix) I sjø – -10 m kote

Orsak til ein prioriteringsrettlei er for å synleggjere korleis arbeidet med verneplanen har vurdert høve med kvar grensa skal gå. Dette er det mest inngripande punktet i verneplanen, og det har vært viktig å ha klare prinsipp som skal gjelde likt både i sør og i nord. Forslaget til

verneavgrensing er ein del innskrenka i høve oppstartsmeldinga, men ein vil likevel finne verksemdar som har viktig areal innafor verneområdet. Dette gjeld særleg for landbruksverksemdar, t.d. så vil fulldyrka areal førekome innafor verneavgrensinga. I så fall har det vore natur- og kulturlandskapsomsyn som gjer dette naudsynt. Fulldyrka areal i vern skal kunne drivast på lik linje med tilsvarende areal på utsida av vernet, men med restriksjon på omdisponering til anna føremål og nedbygging. Vestkyst Karmøy er eit kulturlandskap med levande kulturmiljø halde i hevd med mellom anna beitedyr. For landbruksverksemd er det ein regulering som freistar å ta omsyn til drift slik den har vore. Desse verksemda må sikrast som ein del av landskapets styrande faktorar for både kultur og natur. Det er difor unaturleg å tvinge slike produksjonsareal ut av vernet, men det er viktig å balansere slik at framtidig drift blir mogleg.

Av omsyn til bustadar er det primære at bustadhus og driftsbygningar skal ligge på utsida av vernet. Dette har me gjennomført konsekvent langs heile verneavgrensinga. I sør er det einskilde fritidsbustadar innafor ytre avgrensing av vernet. Eit avgrensa areal rundt desse fritidsbustadane er da ikkje inkludert som ein del av vernet. Orsak til dette er for å redusere forvaltingsbyrde ved faste bygg, og for å ha ein lik vurdering i verneplan. Merk at desse områda vil likevel kunne bli påverka av vernet da tiltak som krev løyve/dispensasjon frå anna regelverk også må ta omsyn til korleis eventuelle tiltak vil påverke landskapsvernet, jf. § 49 i naturmangfaldlova.

Langs vestkysten av Karmøy er det fleire område der vernegrensa går på tvers av lengderetninga på eigedomane. I slike høve vil det to prinsipp som slår til, at ein freistar å finne naturlege linje anten ved steingard, eller likande, og om ikkje så må det føreligge moglegheit for å sette synlege fastpunkt i terrenget. Dette har samband med at det skal vere enkelt å identifisere grenselinjer i terrenget. I etterkant av vernevedtak vil grensemerke vil bli satt opp i terrenget. Grensemerkingsprosessen er utelukkande ein oppmåling av vedtatt grense, det er ikkje eit høve til å reforhandle kvar grensa går. Grensa følgjer verneområdekarta slik desse føreligg ved vedtak gjennom kongeleg resolusjon.

I sjø er det i verneplanen sine grenser satt til -10 kote. Dette er i utgangspunktet ein pragmatisk satt grense, men med den hensikt å inkludere kystnære holmar og skjer. Vernegrensa inkluderer dei mest produktive areala for stortareskog. Av høve stortare har det også kome innspel om å sette vernegrense ved -15 meter kote eller ved -2 meter kote. I verneplanprosessen er det satt ein djupne i samsvar med nasjonale djupnedata. Det er eit ønskje å inkludere areal innafor denne grensa. Merk at grensa vil forhalda seg til djupne slik den er teikna i vernekartet. Med eventuelle endringar i havnivå vil ikkje påverke lokasjonen av verneavgrensinga.

Innafor verneavgrensinga vil det være eit sett med reglar som gjelder for alle, desse reglane er nedfelt i forskrifta. Verneplanprosessen for vestkysten av Karmøy er tenkt som eit overordna landskapsvernområde med to avgrensa naturreservat knytt til. Desse tre verneområda vil ha kvar sin forskrift. For å ivareta omsyn til eit heilskapleg vern legg landskapsvernområdet grunnlaget for reguleringa. Dei reglane og unnataka som gjeld for landskapsvernet vil også gjelde for både naturreservata. Naturreservata er identiske i alt utanom geografisk avgrensing, og desse skil seg frå landskapsvernet berre ved eit forbod mot jakt og fangst av fugl og forbod mot vassportsaktivitetar i hausttrekk, vinter og vårtrekk. Det er jaktforbod som gjer det naudsynt å ha delområde med status som naturreservat. Forståinga av verneforskriftene er dermed lik, men forskrift for landskapsvern har ein anna oppbygging enn forskrift for naturreservat. Difor vil det være eit skinn av ulikheit.

Skilnaden mellom forskriftsmalane for landskapsvernområde og naturreservat er i oppsettet av reglar, unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar. For landskapsvern er reglar, unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar samla i tema, t.d. verksemd og tiltak, vegetasjon, etc. (Fig. 7.1), medan for naturreservata er alle reglar, unntak og spesifiserte dispensasjonar samla på tvers av tema (Fig. 7.2). Dette betyr at plasseringa av spesifikke reglar og unntak vil være ulik mellom landskapsvern og naturreservat sjølv om dei i smala regulering er lik.

For Vestkyst Karmøy landskapsvernområde er forskrifta bygd opp med følgande tema:

- i) Føremål
- ii) Geografisk avgrensing
- iii) Verksemd og tiltak
- iv) Vegetasjon
- v) Dyreliv
- vi) Kulturminne
- vii) Ferdsel og aktivitet
- viii) Motorferdsel
- ix) Generelle unntak for bestemte verksemd
- x) Forureining, støy og bruk av dronar og liknande
- xi) Generelle dispensasjonar
- xii) Skjøtsel
- xiii) Forvaltingsplan
- xiv) Forvaltingsstyresmakt
- xv) Ikraftsetjing

§ 1 - Føremål		
§ 2 – Geografisk avgrensing		
§ 3 – Verksemd & tiltak	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 4 - Vegetasjon	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 5 - Dyreliv	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 6 - Kulturminne	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 7 – Ferdsel & aktivitet	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 8 - Motorferdsel	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 10 – Forureining, støy, dronar...	Unntak	Spesifisert <u>disp.</u>
§ 12 skjøtsel		
§ 13 – forvaltingsplan		
§ 14 – forvaltingsmynde		
§ 15 - ikraftsetjing		

§ 11
§ 48
nml

§ 9

Fig. 7.1. Forskriftoppbygging for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde. § 1 = kva som ligg til grunn for vernet, § 2 = kvar skal det vernast. Reglar og unnatak for ulike § 3 verksemd og tiltak, § 4 vegetasjon, § 5 dyreliv, § 6 kulturminne, § 7 ferdsel og aktivitet, § 8 motorferdsel og § 10 forureining, støy og bruk av dronar og liknande. § 9 er ein unnataksregel for beredskapsverksemd i aktiv oppdrag. § 11 = naudventil for uforutsette hendingar eller tiltak som verneplanen ikkje kan ta stilling til, §§ 12, 13, 14 og 15 = forvaltingsregulerande avsnitt.

Føremålet, § 1, er skildringa av kva vernet inneheld av verdiar og kva som skal vektleggast. Dette er avsnitt som er viktig da sett eit perspektiv for forvaltinga.

Geografisk avgrensing, § 2, er ein liste av alle grunneigedomar som heilt eller delvis inngår i vernet. Merk at det er avgrensinga i vernekartet som er teljande framfor avsnittet om geografisk avgrensing i forskrifta.

Verksemd og tiltak, § 3, er skildring av kva tiltak og verksemd som er forbode, kva unnatak som gjeld og kva som er søknadspliktig og for kva verksemd eventuelle unnatak er gjeldande.

Vegetasjon, § 4, skildrar eit forbod mot å øydelegge vegetasjon, og kva unnatak som er gjeldande. Desse reglane gjeld for alle så langt det ikkje er nemnt unnatak.

Dyrelivet, § 5, stadfestar at vernet er ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske.

Kulturminne, § 6, stadfestar vern av kulturminne og moglegheit for søknad om unnatak. Dette gjeld for absolutt alle.

Ferdsel og aktivitet, § 7, skildrar ein føresetnad om aktsam framferd som ikkje vil skade natur og kulturminne. Her blir også differensiert regulering for sandstrandområda skildra. Reglane og unnataka gjeld alle former for ferdsel og aktivitet med unnatak av motorisert ferdsel. Krav om løyve for større arrangement.

Motorferdsel, § 8, skildrar ein grunnregel om forbod mot motorferdsel på land og ein hastighetsregulering til 5 knop på sjø. Det er opplista dei høve som gir unnatak og dei høve der ein på førehand må ha innhenta løyve via søknad til forvaltingmynde.

Generelle unnatak for bestemte verksemd, § 9, gir eit unnatak for beredskapsaktivitetar som militær, politi, ambulanse osv. i aktiv teneste. Det opnast for øvingar gitt søknad.

Forureining, støy, og bruk av dronar og liknande, § 10, skildrar eit forbod om forureining og forsøpling, samt forstyrrande effektar ved bruk av dronar eller linkande.

Generelle dispensasjonsreglar, § 11, synar til korleis forvaltinga skal handsame særskilte høve som verneplanen ikkje har tatt stilling til, jamfør § 48 i naturmangfaldlova. Ved heilt særskilte vilkår er det mogleg for forvaltingsmynde å vurdere dispensasjon frå vernevedtak. I slike høve er ikkje dispensasjon pårekneleg.

Skjøtsel, § 12, synar til forvaltingsmynda sin moglegheit til å iverksette skjøtselstiltak i tråd med føremålet for vernet og § 47 i naturmangfaldlova.

Forvaltingsplan, § 13, moglegheit for å lage ein forvaltingsplan, for landskapsvernområde må eit utkast til forvaltingsplan føreligge ved vernetidspunkt. Statsforvaltaren vil samanfatte utkast til forvaltingsplan etter at tilrådinga er oversendt Miljødirektoratet.

Forvaltingsstyresmakt, § 14, definerer kven som har forvaltingsmynde, i verneplanforslaget er dette Karmøy kommune.

Ikraftsetjing, § 15, tidspunkt er normalt vedtakstidspunkt.

For naturreservata er forskriftene like med følgjande overskrifter:

- i) Føremål
- ii) Geografisk avgrensing
- iii) Vernereglar

- iv) Generelle unnatak
- v) Regulering av ferdsel
- vi) Generelle unnatak for ferdsel
- vii) Spesifiserte dispensasjonsreglar
- viii) Generelle dispensasjonsreglar
- ix) Skjøtsel
- x) Forvaltingsplan
- xi) Forvaltingsstyresmakt
- xii) Ikraftsetjing




Fig. 7.2. Skisse av oppbygging av forskrift - § 1 = kva som ligg til grunn for vernet, § 2 = kvar skal det vernast, §§ 3 og 5 = forboda som gjeld for alle til ein kvar tid, §§ 4 og 6 = dei situasjonane som utgjer unntak frå vernereglane (§§ 3 og 5), § 7 = tiltak som kan påverke verneverdiane og eller skjer så uregelbunden at ein kunne søkje om dispensasjon, § 8 = naudventil for uforutsette hendingar eller tiltak som verneplanen ikkje kan ta stilling til, §§ 9, 10, 11 og 12 = forvaltingsregulerande avsnitt.

Føremålet, § 1, er skildringa av kva vernet inneheld av verdiar og kva som skal vektleggast. Dette er ei føresegn som er viktig da den sett eit perspektiv for forvaltninga.

Geografisk avgrensing, § 2, er ein liste av alle grunneigedomar som heilt eller delvis inngår i vernet. Merk at det er avgrensinga i vernekartet som er teljande framfor avsnittet om geografisk avgrensing i forskrifta.

Vernereglar, § 3, er skildring av tiltak som er forbode. Dette er tiltak som om gjennomført vil påverke verneverdiane og verneføremålet nemneverdig. Desse reglane er verksame for absolutt alle.

Generelle unnatak, § 4, skildrar dei høve dei vernereglane likevel ikkje er verksame. Dette vil gjelde for bestemt verksemd/aktivitet, bestemt stad og eller bestemt verksemd/aktivitet og stad.

Regulering av ferdsel, § 5, skildrar korleis ferdsel er regulert innafor verneområda, både på land og i sjø. Ferdsel til fots er ikkje regulert i Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Stavasanden naturreservat eller Taravika naturreservat. Dette er reglar som gjeld for absolutt alle.

Generelle unnatak, § 6, frå ferdsel skildrar dei høve der reglane for ferdsel ikkje er verksame. Dette gjeld bestemte verksemd/aktivitet, bestemte dokumenterte rettar og bestemte område. Ambulanse, brann mm. i aktiv teneste er omfatta av unnataket, øvingar er ikkje omfatta av unnataket.

Spesifiserte dispensasjonsreglar, § 7, skildrar dei høve der forvaltingmynde kan vurdere dispensasjon. Verneplanen vurderer at for tiltaka nemnt er det mogleg å sette vilkår som gjer at gjennomføringa av eventuelle tiltak ikkje påverkar verneverdiane eller verneføremålet nemneverdig. I slike høve er dispensasjon til ein viss grad pårekneleg.

Generelle dispensasjonsreglar, § 8, synar til korleis forvaltinga skal handsame særskilte høve som verneplanen ikkje har tatt stilling til, jamfør § 48 i naturmangfaldlova. Ved heilt særskilte vilkår er det mogleg for forvaltingsmynde å vurdere dispensasjon frå vernevedtak. I slike høve er ikkje dispensasjon pårekneleg.

Skjøtsel, § 9, synar til forvaltingsmynda sin moglegheit til å iverksette skjøtselstiltak i tråd med føremålet for vernet og § 47 i naturmangfaldlova.

Forvaltingsplan, § 10, moglegheit for å lage ein forvaltingsplan, for landskapsvernområde må eit utkast til forvaltingsplan føreligge ved vernetidspunkt. Statsforvaltaren vil samanfatte utkast til forvaltingsplan etter at tilrådinga er oversendt Miljødirektoratet.

Forvaltingsstyresmakt, § 11, definerer kven som har forvaltingsmynde, i verneplanforslaget er dette Karmøy kommune.

Ikraftsetjing, § 12, tidspunkt er normalt vedtakstidspunkt.

Forskriftene omfattar tre separate verneområde: Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat. Vestkyst Karmøy landskapsvernområde deler grense med Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat. Det betyr at ein må skrive tre separate forskrifter, ein for kvart verneområde. Verneplanen har derimot hatt som mål, så langt som råd, å lage eit samla sett med reglar for heile verneplanen. Det betyr at alle vernereglar og alle unnatak som gjelder for landskapsvernet vil også være gjeldande for naturreservata. Dei to naturreservata skil seg frå landskapsvernet med få ekstra reglar og unnatak, men dei vil være i ordlyd identiske.

I kommentarutgåva av forskrifta har me difor presentert landskapsvernet i sitt heile følgd av tillegg som gjeld ekstra for både naturreservata.

7.1 Kommentartutgåve av forslag til forskrift om vern av Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Karmøy kommune, Rogaland

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap på land og i sjø som

- a. har økologisk verd i form av ein unik mosaikk av kystklippar, strandtypar, naturbeitemark og kystlynghei samt tareskog i sjø,
- b. har kulturell verdi i form av båtnaust og støar heilt frå vikingtida, steingardar, geilar, merkesteinar, nyare tids minne som Syreneset fort og kulturmiljø der teigstrukturar er med å forme historiske naturmiljø som kystlynghei og naturbeitemark,
- c. det eigenarta topografisk småkuperte kystlandskapet der hav møter land gir stor opplevingsverd heile året, og detts barske særpreg er identitetsskapande for regionen,
- d. til landskapet reknast også kulturminne som bidreg til landskapets eigenart.

I tillegg skal forskrifta saman med forskrifta for Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat bidra til å bevare eit stort, samanhengande naturområde på land og i sjø.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg opphavelig tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

SFRO merknadar:

Føremålet med landskapsvernet er delt inn i tre avsnitt. Første avsnitt skildrar verneverdiane for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, andre avsnitt binder landskapsvernet saman med naturreservata for eit heilskapleg vern av verdiar i sjø og på land og tredje avsnitt skildrar forventa utvikling for verneområdet.

Første avsnitt definerer kva slags landskap som er omfatta av verneforskrifta, dvs. kva er det hensikta at reglane skal famne om. Det spesifiserast nærare kva som ligg i natur- og kulturlandskapet. Her inkluderast spesifikt kystklippar, strandtypar, kystlynghei og kulturmiljø. Kystklippar er alle berg og klippeframspring som heng naturleg saman med kystlinja. Strandtypar famnar vidt og inkluderer alt frå blokkmarksstrand, rullesteinstrand, til sanddynestrender, inklusiv forstrand, tangvoller, sanddyner, bakdyneheiar, semi-naturleg sanddynemark osv. Naturbeitemark og kystlynghei inkluderer alle formar for semi-naturlege naturtypar halden i hevd ved beite, slått og brenning. Naturtypedefinisjonar følgjer Natur i Noreg, jf. Artsdatabanken. Merk at avgrensinga mellom naturtypar og arealressurstypar trengjer ikkje å samanfalle da det er uavhengige definisjonssystem. I sjø er det særskilt det samanhengande stortareskogen som strekk seg i heile landskapsvernets lengde. Dette er eit landskap med svært høgt biologisk mangfald, viktige økosystemfunksjonar for livet i vatn på land og i lufta, og tareskog gir mangfald av økosystemtenestar. Kulturminne blir løfta fram som ein eksplisitt del av kystkulturlandskapet.

Andre avsnitt tilseier at landskapsvernet er ein del av eit større område i med Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat.

Tredje avsnitt seier noko om kva som er forventa for verneområdet, å bevare verneverdiane i mest mogleg opphavelig tilstand. I eit kulturlandskap blir det derfor ein premiss at verksemdar må kunne få fortsette på same måte som den har gjort fram til vernetidspunkt, såframt det er i tråd med anna regelverk. Det opnast også for ein viss grad av utvikling og tilpassing såframt det ikkje går utover landskapsvernets særpreg (utsjåande) og karakter (innhald, dvs. biologi og kulturminne).

§ 2 Geografisk avgrensing

Landskapsvernet omfattar følgjande gnr./bnr.: Rogaland, Karmøy kommune: 0/0, 0/1, 1/14, 1/16, 2/2, 15/43, 15/362, 15/540, 15/567, 15/780, 15/1066, 15/1129, 15/1130, 15/1142, 15/1143, 15/1144, 15/1145, 15/1851, 15/1919, 16/5, 16/27, 16/33, 16/74, 16/75, 16/77, 17/17, 17/38, 17/51, 17/112, 18/16, 18/77, 19/2, 19/11, 19/15, 19/19, 19/29, 19/30, 19/65, 19/66, 19/77, 20/1, 20/7, 20/8, 20/10, 20/12, 20/15, 20/18, 20/21, 20/22, 20/23, 20/26, 20/31, 20/43, 20/60, 20/71, 20/73, 20/79, 20/84, 20/100, 20/106, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 21/11, 21/12, 21/13, 21/15, 21/17, 21/18, 21/114, 22/16, 22/17, 22/19, 22/20, 22/21, 22/24, 22/35, 22/43, 22/48, 22/120, 22/210, 22/211, 22/283, 22/290, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 23/5, 23/6, 23/7, 25/7, 25/12, 25/14, 25/15, 25/16, 25/17, 25/22, 25/23, 25/25, 25/28, 25/29, 25/31, 25/43, 25/43, 25/89, 27/1, 27/12, 27/13, 27/14, 27/18, 29/1, 29/2, 29/3, 29/4, 29/5, 29/6, 29/7, 29/8, 29/9, 29/10, 29/11, 29/12, 29/13, 29/14, 29/18, 29/23, 29/32, 29/33, 29/47, 29/67, 29/105, 29/124, 30/1, 30/3, 30/4, 30/5, 30/6, 30/7, 30/11, 30/13, 30/14, 30/16, 30/17, 30/18, 30/23, 30/26, 30/28, 30/34, 30/40, 30/50, 30/80, 30/81, 30/101, 31/2, 31/3, 31/4, 31/6, 31/7, 31/8, 31/10, 31/11, 31/13, 32/1, 32/4, 32/5, 32/7, 32/8, 32/9, 32/11, 32/13, 32/14, 32/15, 32/16, 32/18, 32/67, 32/74, 32/79, 32/82, 32/170, 32/188, 33/1, 33/2, 33/3, 33/6, 33/10, 33/14, 33/55, 33/169, 33/170, 33/171, 33/172, 33/173, 33/174, 33/175, 34/1, 34/2, 34/3, 38/1, 38/2, 38/3, 38/4, 38/5, 38/6, 38/7, 38/8, 38/9, 38/12, 38/14, 38/15, 38/17, 38/18, 38/19, 38/20, 38/24, 38/29, 38/50, 38/51, 38/52, 38/59, 38/60, 38/64, 38/93, 38/100, 38/109, 38/159, 38/161, 38/162, 38/167, 38/175, 38/176, 38/208, 38/210, 38/211, 38/212, 38/248, 38/249, 38/250, 38/251, 38/252, 38/253, 38/254, 38/271, 38/273, 38/277, 38/278, 38/285, 38/286, 38/298 og 38/303.

Landskapsvernet dekker eit totalareal på 7878 daa. Grensene for landskapsvernet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Karmøy kommune, hos Statsforvaltaren i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

SFRO merknadar:

Alle gards- og bruksnummer som heilt eller delvis er inkludert i verneavgrensinga for landskapsvernet.

Kartavgrensinga vil være oppdelt i fleire kartblad, og kvart kartblad vil være merka datert Klima- og miljødepartementet. Kartblada vil være ein del av vernevedtaket, og avgrensinga i kartbladet har forrang framfor oppstillinga av gards- og bruksnummer. Det vil si at om eit gnr./bnr. ikkje er inkludert i lista, vil den delen av teigen som inngår i verneavgrensing, jf. vernekart, likevel vere omfatta av vernereglane. Det same gjeld for eventuelle nye eigedomar som blir skild ut i eiga gnr./bnr. frå ein av dei nemnte eigedomane.

Merk at sjølv om avgrensinga mellom landskapsvernet og naturreservata ikkje er overlappande så vil dei dele grense på tvers av eigedomsgrense. Einskilde eigendomar vil dermed kunne førekome både i landskapsvernet og eit av naturreservata.

Karta og forskrifta skal etter vedtak være tilgjengelege hjå kommunen, Statsforvaltaren, Miljødirektoratet og Klima- og Miljødirektoratet.

§ 3 Verksemd og tiltak

Det er forbode å iverksette tiltak som aleine eller saman med andre tiltak kan endre eller forringe landskapets særpreg eller karakter vesentleg. Forbodet omfattar mellom anna nye kloakkutslepp, avløp og andre konsentrerte forureiningar; bortlegging, brenning og lagring av avfall, herunder produksjonsavfall frå landbruket; nydyrking inklusiv omgjerding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark; gjødsling, kalking og sprøyting, uttak eller utfylling av masse, sprenging av steinblokker, grøfting, fjerning av steingjerde, oppføring av nye gjerder; snauhogst og planting av tre og buskar; framføring av kablar på land og i sjø og luftleidningar; bygging og utbetring av vegar; oppstilling av campingvogner, bilar og andre transportable innretningar, opplag av båtar og innretningar i sjø; oppføring av bygningar, herunder tilbygg; oppføring av reiselivs-, sport- og idrettsanlegg og andre anlegg og faste innretningar; Taretråling, hausting og rydding av tang og tare på land og i fjørebeltet, bålrensing. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Det er likevel tillate med

- a. jordbruksdrift med dei metodar som er vanleg elles i distriktet for fulldyrka, overflatedyrka mark eller eksisterande innmarksbeite, mellom anna oppsett og fjerning av midlertidig trådgjerde, bruk av kjemiske plantevernmiddel, kalking, tilleggsfôring, bruk av gjetarhund, så fremt det ikkje påverkar verneverdiane eller verneføremålet. Gjødsling på overflatedyrka og fulldyrka mark eller innmarksbeite godkjent av kommunen som spreieareal for husdyrgjødsel på vernetidspunktet.
- b. ny grøfting på fulldyrka areal
- c. vedlikehald av eksisterande grøfter, kanalar, dreneringsrør og veier
- d. vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar/traktorvegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet.
- e. mindre uttak av tang og tare, på land og i fjørebeltet, for grunneigar og innehavar av tinglyst rett i tidsperioden 15.05 til 15.08, til eige gards bruk
- f. opplag av båt for grunneigar og innehavar av tinglyst rett
- g. drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetjing ved akutt utfall knytt til eksisterande energi- og kraftanlegg, vann- og avløpsnett, fyrlykt og FV547 og FV4844 i og inntil verneområdet.

Forvaltingsmynde kan etter søknad gi løyve til:

- a. Gjødsling av anna areal enn sanddynemark, strandeng, semi-naturleg strandeng, naturbeitemark, kystlynghei og strandberg, nakent berg og våtmark i utmark, som markert i vernekartet. Gjødsling må ikkje påverke knausar, nakent berg og fjell i dagen, også på innmarksbeite. Det må føreligge godkjent gjødslingsplan.
- b. Oppsetting av nye gjerder.
- c. Oppsetting av naudsynt skjul for beitedyr så lenge det ikkje bryt med landskapets særpreg.
- d. Merking og rydding av nye stiar.
- e. Mindre uttak av sand for grunneigarar og innehavar av tinglyst rett til eige gards bruk.

- f. Etablering av bål plass i tida 1. juni-30. juni for feiring av St. Hans.
- g. Oppgradering og fornying av energi- og kraftanlegg, vann- og avløpsnett, fyrlykt og FV547 og FV4844 som ikkje fell inn under § 3 andre avsnitt bokstav g.

SFRO merknadar:

Innafor landskapsvernets grenser gjelder vernereglane i første avsnitt for all aktivitet. Vernereglane gjeld for alle, det være seg besøkande, bufaste, næringsdrivande, interesseorganisasjonar, kommunen, staten og forvaltinga. Andre avsnitt skildrar for kven og i kva samband forbodet i første avsnitt ikkje er gjeldande og tredje avsnitt skildrar dei høve der verksemda eller tiltakshavar må søke om dispensasjon.

Første avsnitt stadfestar at alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller forringe landskapets særpreg eller karakter er forbode. Med andre ord det er ikkje opna for å endre vesentleg eller forringe utsjåande i landskapet, og det er ikkje opna for å forringe dei økologiske premissane for biologisk mangfald eller å forringe eksisterande kulturmiljø. Dette må sjåast i ljøs av føremålet til vernet, jf. § 1, og refererer til handlingsrommet i eit landskapsvernområde, jf. § 36 andre avsnitt i naturmangfaldlova. Opplistinga av tiltak er omfattande og viser til tiltak som i utgangspunktet klart vil endre eller forringe landskapsvernet. Lista er ikkje uttømmende, det vil seie at det kan være eller vil komme former for inngrep eller tiltak som ikkje står på lista, men som vil endre eller forringe landskapets særpreg eller karakter, slike inngrep/tiltak vil automatisk vere forbode.

Til dømes er bortlegging av avfall midlertidig eller ei forbode, dette gjeld uavhengig om du er fastbuande, tilreisande, næringsdrivande eller landbruksverksemd. Det inkluderer også avfallsprodukt i samband med produksjon.

Her legger me også til grunn at all nydyrking vil medføre terrenginngrep som vil påverke særpreget til landskapet og det vil endre dei økologiske forutsetningane for biologisk mangfald. Med nydyrking reknar me all omgjerding av mark til overflatedyrka eller fulldyrka mark. Dette omfattar også eit forbod mot å oppgradera ei overflatedyrka mark til fulldyrka mark. Ein kan ikkje nytte vedlikehald av grøfter, veiter eller liknande for å oppnå ein tilstand tilsvarande nydyrking. I tillegg til forbod mot nydyrking vil endring av terreng, sprenging av stein og berg, utfylling av masse være forbode.

All gjødsling, kalking og bruk av sprøytemiddel er i utgangspunktet forbode. Dette gjeld alle uavhengig av om dei er privatperson, næringsverksemd eller forvaltinga. Derimot er det i § 3 andre avsnitt bokstav a angitt unnatak som gjeld for landbruksverksemd. Dette gjeld dei høva der reglane ikkje er til hinder for tiltak, jf. § 3 andre avsnitt, og dei høva der landbruksverksemda kan søke om dispensasjon, jf. § 3 tredje avsnitt. I sistnemnte er det berre drivande grunneigar eller forpaktar som kan rekne med å få dispensasjon. Dette betyr at for landbruksverksemd er det forbod mot gjødsling, kalking og sprøyting på areal som ikkje er inkludert i generelt unnatak § 3 andre avsnitt bokstav a, og spesifisert dispensasjon § 3 tredje avsnitt bokstav a. Desse areala vil være markert i vernekarta. For sprøyting og kalking er det eit generelt unnatak på eksisterande innmarksbeite, fulldyrka, overflatedyrka, jf. § 3 andre avsnitt bokstav a.

Taretråling er hausting av naturressursar som vil ha ein vesentleg endring på landskapets særpreg og karakter. Landskapsvernet inkluderer også sjøareal, og dermed også dei landskapsverdiane som er under vassoverflata. Taretråling er ein verksemd som «kan» fortsette, jf. § 36 i naturmangfaldlova, men eit «kan» er ikkje eit absolutt krav om å fortsette viss konsekvensane for verneverdiane blir store. Verksemda har ein negativ påverknad på biologisk mangfald lokalt sjølv om i det store bilete har mindre betydning for nasjonal fiskebestand, jf. Havforskningsinstituttet.

Videre utdyping av dei ulike elementa vil inkluderast i forvaltingsplanen. I praksis er det tiltakshavaren sitt eige ansvar, om ønskja tiltak ikkje er på lista, å gjera ein vurdering av om tiltaket er eigna til å påverke landskapets utsjåande eller karakter slik at det er forbode. Ved tvil er det tilrådeleg å avklare med forvaltingsmynde.

Andre avsnitt omtalar dei aktivitetane som er naudsynte for formålet med landskapsvernet, og aktivitetar som i verneplanen er vurdert til ikkje å påverke verneverdiane eller føremålet med landskapsvernet. Dei aktivitetane og tiltaka nemnt vil, om gjennomført i høve til omtalen i § 3 andre avsnitt, vere lovlege og ikkje utløyse krav om dispensasjon. Merk at dette gjeld for sjølve aktiviteten, medan ferdselsreglane, jf. §§ 7 og 8, vil kunne regulere ferdsel, særskilt motorferdsel, i samband med nemnte aktivitetar.

Andre avsnitt bokstav a: Vernereglane skal ikkje være til hinder for jordbruksdrift med dei metodar som er vanleg elles i distriktet. Landbruksverksemd er ein primær faktor i kulturlandskapet som er ein vesentleg del av vernets føremål, jf. § 1. Kulturlandskapet Vestkyst Karmøy har i stor grad blitt forma av tradisjonell jordbruksdrift. Jordbruket skal kunne fortsette på tilsvarende måte som det har gjort så fremt det ikkje påverkar verneverdiane eller verneføremålet. Merk for forbod mot gjødsling, kalking og sprøyting, jf. § 3 første avsnitt, blir kalking og sprøyting opna opp for her. Forbodet mot gjødsling, jf. § 3 første avsnitt, er ikkje til hinder for gjødsling av areal som på vernetidspunktet er registrert som fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite med godkjent spreieareal for husdyrgjødsel, så framt det er i tråd med anna regelverk. Desse areala blir fastsett i vernekartet. Unnataket vil ikkje gjelde for areal opparbeida utan spreiearealsløyve eller utan godkjent nydyrkingsløyve.

Andre avsnitt bokstav b: Område som er registrert som fulldyrka kan grøftast utan hinder av vernereglane.

Andre avsnitt bokstav c: Grøfter, kanalar, dreneringsrøyr og veiter kan vedlikehaldas, men motorisert ferdsel er i einskilde høve regulert, jf. § 8 andre avsnitt bokstav c og § 8 tredje avsnitt bokstav a, sistnemnt motorferdsel i utmark krev dispensasjon. Vedlikehald omfattar ikkje oppgradering eller omlegging av grøfter, kanalar, dreneringsrøyr og veiter. Vedlikehald kan ikkje være i slikt omfang og format at mark framstår som nydyrka i etterkant. Orsak til krav om dispensasjon er å sikre ein dialog mellom verksemd og forvaltings slik at ein kan unngå unauddsynt skade på landskapet og sikre ein tilbakeføring etter utført arbeid.

Andre avsnitt bokstav d: Gjeld vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar inklusiv bygg og veg/traktorveg i samsvar med tilstand på vernetidspunktet. Vedlikehald inkluderer ikkje utviding eller vesentlege fasadeendringar. Å endre vegklasse er ikkje rekna som vedlikehald, asfaltering av veg er ikkje vedlikehald.

Andre avsnitt bokstav e: Gjeld uttak av tang og tare for eige bruk. Uttak av tang og tare har vore tradisjonell tilleggsnæring for innmarksbeite, og det er ein rett som er knytt til dei einskilde gardsbruka. Det er lite nytta i moderne landbruk, men einskilde verksemdar har i dialog nemnt at dei stundom nyttar tange og tare. Det verkar som det er i liten målestokk. Tang og tare i fjørebelte er ein sær viktig stad for rastande og næringssøkande fugl. Det er difor lagt inn ein regulering av kor mykje tang og tare ein kan hente ut. Det er berre lov å hente ut til eige bruk, det vil si ein kan ikkje vidareformidle tang og tare ved sal eller å gi

bort. Avgrensa uttak omfattar at ei ikkje kan reinske heile strandflata. Det må ligg noko tang og tare att.

Andre avsnitt bokstav f: Grunneigarar og personar med tinglyst rett til båtplass kan ha båt i opplag. Båten må være i stand, elles blir det kategorisert som søppel som må fjernast.

Andre avsnitt bokstav g: Opnar for at offentlege aktørar utan hindring av vernet skal kunne oppretthalde samfunnskritiske funksjoner som energi- og kraftanlegg, inklusiv straum og telenett, vatn- og avløpsnett og fyrårn, ved å drifte, vedlikehalde eksisterande installasjonar og anlegg. Dette inkluderer også tiltak ved utfall eller fare for utfall. For oppgradering eller fornying av eksisterande anlegg må det søkast dispensasjon, jf. § 3 bokstav g. Nye anlegg vil kunne påverke landskapsvernet særleg om det blir plassert på uheldig plass/trase, og arbeid til feil tid vil kunne påføre naturverdiar unaudsynt forstyrring. Opninga i dette alternativet gjeld sjølv arbeidet, medan ferdsel i samband med arbeid blir regulert av §§ 7 og 8. I samband med motorferdsel og aktivitet skiljes det mellom akutt utfall og fare for akutt utfall, og normalt vedlikehald. Ved normalt vedlikehald er det ein føresetnad at det er kontakt med forvaltingsmynde slik at dei kan vurdere i kva grad tiltaket vil påverke verneverdiane og eventuelt sette vilkår til arbeidet. For å sikre ein slik dialog er ferdselstiltak i samband med vedlikehald søknadspliktige.

Tredje avsnitt: Spesifiserte dispensasjonsreglar er reglar der Statsforvaltaren har vurdert at tiltak etter søknad og godkjenning av forvaltningsmynda kan gjennomførast utan at verneverdiane eller verneføremålet blir nemneverdig påverka om tiltaka blir gjennomført på rett måte og eller rett tid. I slike høve er det grunnlag for å vurdere dispensasjon, men det vil bli gitt med vilkår.

Tredje avsnitt bokstav a: I § 3 første avsnitt blei det satt eit forbod mot gjødsling, men det forbodet er ikkje til hinder for å gjødsle fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite med godkjent spreieareal, jf. § 3 andre avsnitt bokstav a. Dette kan skje så framt det er i tråd med anna regelverk, jf. gjødselbruksforskrifta. Av areal som ikkje er omfatta av det generelle fritaket (§ 3 andre avsnitt bokstav a) er det eit delareal som gardbrukar/forpaktar kan søke om å få dispensasjon til å gjødsle.

Dette er ein dispensasjon frå verneforskrift og ikkje eit løyve etter gjødselbruksforskrifta. Det betyr at ein gardbrukar må ha både dispensasjon frå verneforskrifta og eit slikt løyve. Slik forslaget her er innretta vil det være mogleg for forvaltingsmynde av både regleverk (Karmøy kommune) å samordne slike vedtak. Dermed må den einskilde grunneigar søke ein instans og vedtak etter forskriftene kan samordnast i eit vedtak. § 3 andre avsnitt bokstav a tilkjennegir kva areal ein kan søke om å få disponere til gjødselbruk, og vilkår for areal vurdert for gjødselbruk.

Dei areala ein ikkje kan søke på vil være avteikna i vernekartet, og det er i all hovudsak areal som også er forbode mot gjødselbruk etter anna lovverk, dvs. forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv., forskrift om utvalde naturtypar og naturmangfaldlova, eller det er av liten hensikt å gjødsle. Desse naturtypene er naturbeitemark, kystlynghei, strandberg, nakent berg, våtmark i utmark pluss sanddynemark, strandeng, semi-naturleg strandeng. Dei tre sistnemnte areala omfattar sanddynemark og strender. Desse naturtypene har nasjonale og internasjonale naturverdiar og utgjør eit sentral del av landskapsvernets føremål med sitt særleg og karakter. Sanddynemark er svært sårbar mot eutrofiering, og dynamikken i desse økosystema vil kunne raskt endrast med ekstra tilførsel av næringsstoff. Vi understrekar at de nemnte naturtypene innanfor vernegrensa ikkje kan bli gjødsla under noko tilhøve.

Dei areala ein kan søke dispensasjon frå verneforskrifta om, jf. § 3 tredje avsnitt bokstav a, omfattar i stor grad innmarksbeite. Desse areala er ofte i mosaikk med stein og berg i dagen. Fjell i dagen vil fort bli påverka negativt av utilsikta spreining av gjødsel. Det er difor satt eit vilkår til eventuell løyve at det ikkje skal gjødselpåverke slike areal. Orsaka til at ein ikkje kan gjødsel berg i dagen er at dette vil i stor grad fjerne vegetasjon på slike stader og bergflatene vil endre både karakter og særpreg. Med andre ord slik gjødsling vil forandre landskapets eigenart og påverke verneverdiane nemneverdig.

Eit kriterium for dispensasjon er at det føreligg godkjent gjødslingsplan, dvs. at kommunen må seinast samstundes fatte eit vedtak etter gjødselbruksforskrifta. Kommunen vil bli oppmoda om å samordne søknad om bruk av gjødsel og dispensasjon frå verneforskrift. I følgje forvaltingspraksis vil ein dispensasjon frå verneforskrift kunne bli gitt for periodar opp til fem år om gangen.

Tredje avsnitt bokstav b: Ved oppsetting av nye gjerder er det søknadsplikt, og forvaltingsmynde vil kunne sette vilkår for å skåne naturverdiar, kulturminne, og landskapets særpreg. Søknadsplikten omfattar ikkje midlertidige trådgjerde i samband med landbruk, jf. § 3 andre avsnitt bokstav a.

Tredje avsnitt bokstav c: Formålet med vernet er å oppretthalde landskapets særpreg, og derfor er det forbod mot nye bygg, jf. § 3 første avsnitt. Samstundes er kulturlandskapet vestkyst Karmøy prega av dyr på beite, både på innmark og i utmark. Vestkyst Karmøy er vêrhardt og det vil i mange høve være naudsynt med ly og skjul for dyr, særleg når desse går ute både seint og tidleg i sesongen om ikkje heile året. Mattilsynet sett i slike høve krav til skjul for dyra, og i område der skog ikkje er tilgjengeleg er det trong for å sette opp skjul. For å kunne sikre kulturlandskapet er det difor viktig å opna for å sette opp skjul i naudsynte høve, men det må skje på ein måte som ikkje påverkar landskapsvernets særpreg. Eit krav om dispensasjon vil sikre at det er ein dialog mellom den einskilde gardbrukar/forpaktar og forvaltninga, om plassering, utforming, etc. Eit vilkår er at skjulet er naudsynt for å ha dyr på beite. Det er her ikkje eit skilje mellom permanente installasjonar eller midlertidige skjul, i både høve er det søknadsplikt. Dersom det er behov må ein også søke om dispensasjon for motorisert ferdsel, jf. § 8 tredje avsnitt bokstav f, søknadar bør samordnast.

Tredje avsnitt bokstav d: Merking og rydding av nye stiar er forbode da det er eigna til å påverke landskapsvernets særpreg og karakter, jf. § 3 første avsnitt. Ferdsel til fots i landskapsvernområdet er regulert av friluftsløva, men tilretteleggingstiltak for ferdsel regulert i verneforskrifta. Ferdselstilrettelegging kan kome i konflikt med naturverdiar, beiteareal og bustadeiningar. Likevel i særskilte høve vil det være hensiktsmessig å kunne markere og eventuelt etablere nye stiar dersom det ikkje vil gå på kostnad av landskapets særpreg og karakter. Fordelar og ulemper er situasjonsavhengig og forvaltingsmynde må ha høve til å gjere ein konkrete vurderingar i dei einskilte høva. Ein dispensasjon vil ikkje tilsidesette grunneigars rett, og ny tilrettelegging må ha grunneigars samtykke. Grunneigars samtykke bør føreligge før forvaltingmynda sin vurdering.

Tredje avsnitt bokstav e: For dei grunneigarar og innehavarar av dokumentert rett til sanduttak er det mogleg å søke om å ta ut eit mindre volum av sand til bruk på eigen gard. Det er ikkje lov til å ta ut sand for sal, byte mot andre tenester eller å gi bort. Forvaltingsmynde vil kunne sette vilkår etter tidpunkt for uttak og mengde uttak. Det må

vurderast i kva grad eit uttak er naudsynt, og i kva grad det vil forringe og forstyrre landskapets særpreg og karakter. Dersom det er behov må ein også søke om dispensasjon for motorisert ferdsel, jf. § 8 tredje avsnitt bokstav b. Desse kan handsamast samordna.

Tredje avsnitt bokstav f: St. Hans bål midtsumars er ein tradisjon langs kysten, og fleire stader blir det stelt i stand eit bål. For å ivareta denne tradisjonen er det opna for at ein kan spesifikt søke dispensasjon frå bålforbodet om å arrangere eit St. Hans bål. For motorferdsel til høve sjå § 8 tredje avsnitt bokstav f.

Tredje avsnitt bokstav g: Oppgradering og fornying av offentlege og samfunnskritiske installasjonar som ikkje går som akutt utfall, fare for akutt utfall, eller vedlikehald. Orsak til søknadsplikt er at vesentlege endringar i utforming vil endre landskapsvernets særpreg, og om det blir gjennomført til uheldig tidspunkt vil det kunne påverke dyreliv negativt. Det må eventuelt søkast om motorisert ferdsel i tillegg ved behov, jf. § 8 tredje avsnitt bokstav c.

§ 4 Vegetasjon

Vegetasjonen skal ikkje skadast eller øydeleggast på ein måte som kan endre det landskapets særpreg eller karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode.

Det er likevel tillat med:

- a. Jordbruksdrift som følger av § 3 andre avsnitt
- b. beite, men ikkje med grisehald, på sanddynemark, strandeng, semi-naturleg strandeng, kystlynghei og strandberg, nakent berg og våtmark i utmark som markert i vernekartet
- c. Innføring av nye planteartar til fulldyrka mark, som ved spreiding ikkje vil redusere landskapets verdi.

Forvaltingsmynde kan etter søknad gi løyve til:

- a. Tiltak som følger av § 3 tredje avsnitt
- b. Innføring av nye planteartar til overflatedyrka mark, som ved spreiding ikkje vil redusere landskapets verdi
- c. Hogst av etablerte plantefelt, ringbarking, hogst og uttak av gran og utanlandske treslag; forynging med stadeigne treslag.
- d. Rydding eller flytting av tang og tare på land og i fjørebeltet.

SFRO merknadar:

Vegetasjon, både i sjø og på land, må ikkje påverkast slik at landskapets utsjåande (særpreg) eller innhald av naturverdiar (karakter) endrast. Det er eit forbod mot å innføre nye artar. Dette er ikkje eit forbod mot tilfeldig plukking av blome, eller sanking av bær og matsopp. Einskilde artar har eit direkte vern gjennom eigne forskrifter, t.d. purpurmarihand. Andre avsnitt omhandlar dei høve der forbodet ikkje er til hinder, og tredje avsnitt omfattar dei høve der ein i førekant må innhente dispensasjon frå forvaltingmynde.

Andre avsnitt bokstav a: Vern av vegetasjon mot skade eller øydelegging er ikkje til hinder for normal jordbruksverksemd så fremt den utførast i samsvar med § 3 andre avsnitt.

Andre avsnitt bokstav b: Det er ikkje forbod mot beite noko stad i verneområdet med unnatak av gris. Grisehald har den eigenskapen at den vil øydelegge vegetasjonsdekke og medføre stor grad av markslitasje. Dette er særleg uønskt i ein del sårbare naturtypar. Desse areala vil bli markert i vernekart. For at regelsettet totalt ikkje skal bli for komplisert har me inkludert dei sårbare naturtypene, sanddynemark, strandeng, semi-naturleg strandeng, naturbeitemark og kystlynghei. I tillegg er strandberg, nakent berg og våtmark inkludert. Desse tre sistnemnte er inkludert for å få ein enklare avgrensing av verkeområde samla sett i vernekartet.

Andre avsnitt bokstav c: Det er ikkje forbod mot å innføre nye planteartar til fulldyrka mark, men tiltakshavar er ansvarleg for eventuell spreiding av slike vekstar utover landskapsvernet.

Tredje avsnitt bokstav a: søknadspliktige tiltak lista i § 3 tredje avsnitt, som også vil sakde eller øydelegge vegetasjonen, vil også krevje løyve etter § 4. Søknad samordnast av forvaltingsmynde.

Tredje avsnitt bokstav b: Overflate dyrka mark følgjer definisjonen til NIBIO, jf. AR5. Det vil si at marke er i ein viss grad opparbeida for maskinell hausting. Areal er ofte gjødsle, og inngår i produksjonsareal for eng og beite. Mot søknad vil det kunne opnast for såing av artar som ikkje er eigna til å påverke verneverdiane ved spreiding. Verneverdiane inkluderer både særpreg og karakter. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for å hindre spreiding.

Tredje avsnitt bokstav c: Hogst av plantefelt, ringbarking, uttak av gran og framande treslag er søknadspliktig. Det er ikkje aktiv skogsdrift i området. [Ved Syre er det einskilde plantefelt, mellom anna sitka og buskfuru, som er ekskludert frå denne verneplanprosessen. Desse areala må vurderast etter verneplanordninga frivillig skogvern.] Ved fjerning av trebestandar er det ikkje pårekneleg med dispensasjon til å replante som produksjonsskog.

Tredje avsnitt bokstav d: Å rydde/fjerne tang og tare frå fjørebelte er eigna til å påverke vernets karakter vesentleg. Det er eit særskilt viktig for livet i fjøresona og som næringsgrunnlag for fugl. Tang og tare er ein naturleg del av økosystema i overgang mellom sjø og land. For å unngå nemneverdig påverknad på landskapsvernet er det føreslått eit forbod. På einskilde strender langs vestkysten av Karmøy er fjørebeltet rydda for tang og tare for å legge til rette for bading og lek i strandkanten. For å imøtekomme eit slikt behov er det opna for at einskilde kan søke om å rydde fjørebeltet. Det vil da være ein dialog mellom tiltakshavar og forvaltinga med omsyn til kor stor del av stranda som kan ryddast og kvar ein skal flytte tang og tare som blir rydda bort. Forvaltinga må mellom anna vurdere om det er mogleg å flytte tang og tare til sida, slik at berre deler av stranda blir rydda. Forvalting skal ha høve til å sette vilkår til rydding, både med omsyn til tidsperiode, omfang og utføring. I tillegg er det grunneigarrettar til tang og tare som må avklarast i det einskilde høve.

§ 5 Dyreliv

Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk er tillate.

SFRO merknadar:

Forskrifta stadfester her at jakt, fangst og fiske ikkje er regulert innafor landskapsvernets avgrensing. Merk at for naturreservata er det forbod mot jakt og fangst av fugl. Det betyr at det er opna for med jakt og fangst av mink innafor verneområda samla.

§ 6 Kulturminne

Ytre utforming på faste kulturminne, slik som automatisk freda kulturminne, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyranlegg, ferdselsveggar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast. Opplistinga er ikkje uttømmmande

Forvaltingsmynde kan etter søknad gi løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

SFRO merknadar:

Landskapsvernet har også som føremål å verne om kulturminne, noko som inkluderer også nyare kulturminne. Parallelt med verneforskrift vil kulturminnelova være verksam.

For å ivareta kulturminne er det opning for at desse skal kunne settast i stand, vedlikehaldas og skjøttast. Å sette i stand omfattar ein restaurering av opphaveleg stand, og inkluderer ikkje ein endring av t.d. fasade eller vindauge. Ombygging er ikkje omfatta av omgrepet sette i stand. Det kan inkludere å bygge opp att ein eldre steingard. I høve verna kulturminne etter kulturminnelova må tiltak også avklarast i samsvar med anna regelverk.

§ 7 Ferdsel og aktivitetar

I landskapsvernet skal all ferdsel skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

For sanddyneområda markert i vernkart gjelder i tillegg:

- a. Camping og telting er forbode.
- b. Ballspel og anna erosjonsskapande aktivitet er forbode i sanddynene, med unntak av vegetasjonslaus forstrand.
- c. Riding er forbode på alle strandområda med unntak av vegetasjonslaus forstrand og opparbeida sti til og frå vegetasjonslaus forstrand.
- d. Sykling er forbode med unntak av opparbeida sti-nettverk.

Større arrangement og tilstellingar kan berre gjennomførast med løyve frå forvaltingsmynde, så fremt det ikkje påverkar verneverdiane og ikkje er i strid med verneføremålet.

Hund skal haldast i band og bandlengde må ikkje overstige 5 meter, med unntak av hund i operativ militær-, politi- eller redningsteneste, eller faller inn under § 3 andre avsnitt bokstav a.

SFRO merknadar:

I samsvar med § 36 i naturmangfaldlova er det ikkje høve til å regulere ferdsel til fots, men det er ein føresetnad at all ferdsel skjer skånsamt og tek omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Derimot om ferdsel skal gå utover sårbare verneverdi, t.d. sanddynemark, kan forvaltingsmynde iverksette skjøtselstiltak for å hindre unaudsynt skade slik at verneverdien

får restaurert seg. Dette kan mellom anna være aktuelt i sanddyneområda der kanalisering av ferdsel vil være eit skjøtselstiltak, jf. § 12 i forskrift og § 47 i naturmangfaldlova. På denne måten vil forslaget til landskapsvern ha moglegheit for å lede ferdsel og restaurere ved skade.

Andre avsnitt inneheld spesielle ferdselsreglar som gjeld for sanddyneområda slik desse er avgrensa i vernkaret. Sanddyneområda er særskilt sårbare for slitasje og erosjon. Det er difor laga reglar som har til hensikt å hindre unaudsynt slitasje, medan samstundes å ikkje være inngripande i opplevinga av strendene som landskap eller som ein del av strandlivet og strandaktivitetar.

Andre avsnitt bokstav a: Strandområda i Vestkyst Karmøy har eit stort besøkspotensiale, og er mykje brukt både av dei lokale og tilreisande. Camping og telting har fleire aspektar som vil være negative i landskapsvernområdet. Ein teltplass vil medføre slitasje på vegetasjon og forsopling av området, det vil påverke eit inngrepsfritt særpreg, og dermed endre landskapsvernets opplevingsverdi. Kvart einskild høve er midlertidig, men vil i serie skape ein hindring for allmentas bruk og oppleving av strandområda. I tillegg er overnatting ein vesentleg del av turistnæringa på Vestkyst Karmøy, og ved å opna for telting vil kunne ha ein negativ effekt utanfor vernegrensa. Med telting og camping er det tenkt alle midlertidige innretningar, inklusiv midlertidige levegg og små einmannstelt også på vegetasjonslaus forstrand. Mindre strandtelt/parasollar for solbeskyttelse av barn er unnateke på vegetasjonslaus forstrand.

Andre avsnitt bokstav b: Strandområda langs Vestkyst Karmøy er svært sårbare for slitasje. Dette gjelder særskilt i sanddynene og i bakdyneareala. Sår i vegetasjonslaget i desse områda vil kunne gi opning for vidare erosjon. Det er difor eit forbod mot all aktivitet i desse områda som er særleg slitasjeutsett. Slik aktivitet må eventuelt føregå på vegetasjonslaus forstrand, dvs. framfor primærdynene.

Andre avsnitt bokstav c: Riding og bruk av hest er forbode på alle strandområde. Bruk av hest vil medføre svært stor slitasje på sanddynevegetasjon. Derimot er det opna for at ein kan føre hest på sti og ri på vegetasjonslaus forstrand. Dette er i dag ein marginal aktivitet. Merk at i Karmøy kommune sin reguleringsplan for Stavasanden er det eit forbod mot å ri på badeplassen, jf. § 12 i reguleringsplan for Stavasanden⁶².

Andre avsnitt bokstav d: Sykling inklusiv el-sykkel, er forbode i sanddyneområda utanom på opparbeida sti-nettverk. Elles i verneområda vil bruk av sykkel følgje friluftslova.

Tredje avsnitt: Større arrangement er ikkje spesifikt definert da det kjem an på type aktivitet. Einskilde typar aktivitet vil kunne medføre større skade på landskapsvernet og vil eventuelt berre kunne gjennomførast under spesifiserte vilkår. Til dømes vil arrangement på strandflate kunne få vilkår som at sanddynemark skal tilstrekkeleg skjermast frå slitasje, at området blir rydda i etterkant, etc. Vilkåra skal være relevante og ta omsyn til landskapsvernets særpreg, karakter og allmenta sine behov. Forvaltningsmynda har i forskrift høve til å utøve ein differensiert forvalting, dvs. at einskilde areal i større grad

⁶² <https://arealplaner.no/karmoy1149/arealplaner/87>

opnast for aktivitet enn andre. Forvaltingsmynda har moglegheit til å avslå søknadar, eller vise til andre lokasjonar eller andre tidspunkt om det er betre av omsyn til landskapsvernets særpreg og karakter og allmentas tilgang til landskapsvernet. Sjølv om storleiken av arrangement ikkje blir fastsett, så er ein vanlig forvaltingspraksis å sette ein grense på om lag ein skuleklasses storleik. Orsaka til dette er at det ikkje er ønskeleg at vernereglane skal være til hinder for at skuleklassar kan nytte landskapsvernområdet til undervisning og utflukt. Det vil uansett være eit ansvar hjå den einskilde om skånsam åtferd, jf. § 5 første ledd. Eventuell motorferdsel i samband med større arrangement må vurderast separat, jf. § 7 bokstav r. Det kan derimot samordnast i eit vedtak.

Fjerde avsnitt: Det er eit generelt bandtvang for hund, og bandlengde må ikkje overstige 5 m i aktiv bruk. Ved bruk av lang line må hunden haldast fast i band på ein lengde mindre enn 5 m. Orsaka til bandtvang er av omsyn til fuglelivet, dyr på beite og andre besøkande i verneområde. Fugl vil kunne bli skremt av lause hundar, om det er tilsikta jakt-åtferd eller utilsikta frå hunden si side er irrelevant så lenge det medfører ein reaksjon på fugl. Til dømes om vinteren vil flukt og unnvikande åtferd tære på energireservane som fuglane treng for å overleve ein vêrhard periode med mindre mattilgang. Om våren nyttar fleire fugleartar områda til hekking, og hundar utan band vil kunne hindre suksessfull hekking. Hunder er også kjent for å kunne jage husdyr, og landskapsvernet omfattar primært beiteareal på utmark og innmark. Det er difor imperativt at besøkande tek tilstrekkeleg omsyn til husdyr i kulturlandskapet. I einskilde områder er det eit stort besøkspress og aktivitet, t.d. Åkrasanden, i slike område vil hund kunne kome i kontakt med personar som er redd hund eller er allergisk mot pelsdyr. Det er difor av allmenne omsyn at ein skal ha kontroll på sin hund og at den ikkje får lengre løpeline enn 5 meter. Einaste høve det er unnatak frå bandtvang vil være i aktiv operativ verksemd militær, politi eller redning, og ved bruk av gjetarhund som ledd av jordbruksdrift. Sistnemnte betyr at eigar av dyr på beite vil kunne nytte gjetarhund fritt i samband med dyrehald. Merk at bandtvang ikkje fritar frå regel om varsam ferdsel og omsyn til dyreliv, jf. § 7 første ledd i verneforskrifta.

§ 8 Motorferdsel

Motorferdsel til lands er forbode, inklusiv start og landing med luftfartøy, og flyging under 300 moh. Motorferdsel på og i sjø må ikkje overstige 5 knops fart. Bruk av dronar, motorisert modellfly, modellbåt og liknande er forbode.

Det er likevel tillat med:

- a. motorferdsel på etablert bilveg og parkeringsområde slik disse er markert i vernekart. Unntaket gjelder ikkje for oppstilling av motorkøyretøy for overnatting.
- b. bruk av el-sykkel på eksisterande traktor- og bilveg og stiar.
- c. naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på fulldyrka, overflatedyrka, innmarksbeite, og landbruksvegar som markert i vernekartet. Unnataket gjeld ikkje for sanddyneområde.
- d. naudsynt motorisert ferdsel i utmark for å hente ut skada, sjuke eller daude husdyr.
- e. naudsynt motorferdsel til istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg, vann- og avløpsnett og fyrlykt, jf. § 3 andre avsnitt bokstav g. Slik bruk av motorisert transport skal i etterkant meldast til forvaltningsmynde.

Forvaltingsmynde kan etter søknad gi løyve til:

- a. naudsynt motorferdsel i samband med vedlikehald av grøfter, kanalar, dreneringsrøyr og veiter for landbruksverksemd på areal utanom unntak frå forbod, jf. § 8 andre avsnitt bokstav c.
- b. naudsynt motorferdsel i sanddyneområde i samband med landbruksdrift
- c. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg, vann- og avløpsnett og fyrlykt, jf. § 3 andre avsnitt bokstav g og § 3 tredje avsnitt bokstav g.
- d. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av dei statlege sikra friluftsaareala.
- e. bruk av dronar.
- f. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 3 andre avsnitt c, d, e og f, § 3 tredje avsnitt bokstav a, b, c, d, e og f, § 4 tredje avsnitt bokstav c, § 6 andre avsnitt og § 7 tredje avsnitt.

SFRO merknadar:

Motorferdselsreglane er skilt i tre avsnitt, første avsnitt er regulering på land og i sjø, andre avsnitt gjeld unnatak frå forbodet, og tredje avsnitt listar spesifiserte dispensasjonsreglar.

Første avsnitt: Det er eit generelt forbod mot all motorferdsel på land og i lufta over opp til 300 m høgde over havet. Det høgast punktet i landskapsvernet er 76 moh, Syreglåna. Forståinga av motorisert ferdsl omfattar køyretøy som kan transportere ein eller fleire personar der framdrift er hjelpe av ein eller anna form for motor, forbrenning eller elektrisk motor. Dette inkluderer bil, traktor, buss, moped, motorsykel, el-sparkesykel, el-sykel, men ikkje manuell sykkel. Motorisert ferdsl, jf. motorferdselslova, inkluderer ikkje andre motoriserte einingar, som til dømes radiostyrt bil, modellfly, dronar og liknande. Bruk av dronar og liknande er her regulert i § 10.

Motorisert ferdsl på og i vatn inklusiv båtar og dronar kan ikkje overstige 5 knops fart. Det er her ikkje skilt mellom profesjonelle aktørar i næringsverksemd og privat ferdsl. Orsaka til 5 knops fart er av omsyn til fuglelivet i og på sjø.

Andre avsnitt: Motorferdselsreglane er ikkje til hinder for:

Andre avsnitt bokstav a: Opnar for motorisert ferdsl på alle vegar og parkeringsplassar. Likevel så er det eit forbod mot å stille bilar opp for overnatting på parkeringsplassar i verneområdet. Det betyr at ein bubil eller tilsvarande kan parkere på dagsbesøk til strandområda, men dei kan ikkje rigge til for overnatting. Orsak til dette forbodet er at landskapsvernet skal: i) ikkje være i ein konkurranse med lokal næring som tilbyr areal for camping, ii) parkering er tilgjengeleg for allmenta, og iii) overnatting medfører eit større behov for rydding etc.

Andre avsnitt bokstav b: Opnar for bruk av el-sykel og liknande på eksisterande veg- og stinett tilsvarande som for sykkel.

Andre avsnitt bokstav c: All ferdsl i samband med landbruksdrift på fulldyrka, overflatedyrka, innmarksbeite og på landbruksvegar som markert i vernekartet er ikkje hindra av ferdslsreglane. Motorisert ferdsl er svært skadeleg for sanddynemark, og i einskilde høve er sanddynemark registrert som innmarksbeite. Unnataket for motorisert ferdsl for landbruksverksemd gjeld ikkje for sanddynemark. For motorisert ferdsl i

samband med landbruksverksemd i sanddynemark eller utmark er det opna for søknad, jf. § 8 tredje avsnitt bokstav a, b og f. I einskilde høve er det eit særskilt unnatak frå ferdselsreglane for eigarar av husdyr på beite, jf. § 8 andre avsnitt bokstav d.

Andre avsnitt bokstav d: Det er eit særskilt unnatak for motorisert ferdsel for å kunne hente ut skada, sjuke eller daude husdyr. Ved skada eller sjuke husdyr er det rekna som ei akutt hending og dyrehelse er vekta høgt. Gardbrukar/forpaktar trenger ikkje å søke om dispensasjon eller varsla forvaltingsmynde på førehand, men vil kunne måtte dokumentere hendinga/behov på førespurnad i etterkant.

Andres avsnitt bokstav e: Ved akutte eller fare for akutte utfall på samfunnskritisk infrastruktur er den aktuelle offentlege etaten (eller den dei sett oppdraget ut til) unnatekne ferdselsreglane. Dei må sjølv i etterkant varsla forvaltingsmynde og dokumentere det reelle behovet for motorisert ferdsel. Ved unautsynt framferd vil tiltakshavar bli gjort ansvarleg.

Tredje avsnitt: Forvaltingmynde kan vurdere søknad om:

Tredje avsnitt bokstav a: Om det skal fornyast ein grøft i utmark vil ein måtte søke løyve om motorferdsel for t.d. gravemaskin, traktor etc. Forvaltingsmynde vil da kunne sette vilkår til gjennomføringa. Vilkår kan gå på å legge ut matter over særskilte fuktige område, på gjenbruk av topplag, og tilbakeføring av landskapets særpreg.

Tredje avsnitt bokstav b: Motorferdsel i sanddynemark er forbode da denne naturtypen er svært sårbar for slitasjeskade. Landbruksdrift kan søke om dispensasjon for naudsynt motorferdsel. Ved naudsynt meinast at det ikkje skal vere anna moglegheit for å gjennomføre tiltak, og tiltaket skal være vesentleg for drift på gard. Til dømes vil det kunne bli satt vilkår om type køyretøy, køyretrase, om bruk av matter og tidspunkt for gjennomføring, mm.

Tredje avsnitt bokstav c: Naudsynt motorferdsel for vedlikehald av samfunnskritiske installasjonar. Vedlikehald reknast som planleggbart, og eit krav om dispensasjon vil sikre at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til verneverdiane og verneføremålet.

Tredje avsnitt bokstav d: Langs Vestkyst Karmøy er det fleire statleg sikra friluftsareal som blir skjøtta av friluftsråda. Dette er område av særleg interesse for allmenta, og der det blir mellom anna åtkomst blir tilrettelagt. Det gjeld mellom anna fleire av strendene, for å sikre at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til sårbare naturverdiar så er motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av slike areal søknadspliktig.

Tredje avsnitt bokstav e: Det opna for søknad om bruk av dronar. Dronar kan være skremmande for husdyr, og fuglelivet, det kan være sjenerande for besøkande særleg av omsyn til strandliv. Likevel er det opna for avgrensa bruk av dronar der det kan visast til tilstrekkeleg omsyn til natur, beitedyr og anna friluftsliv.

Tredje avsnitt bokstav f: Det kan være aktuelt med motorisert ferdsel for fleire tiltak, som anten er unnateke forbod eller der det er krav om dispensasjon. I slike høve er det opna for dispensasjon slik at kvar sak kan bli individuelt vurdert i forhold til i kva grad desse er eigna til å påverke landskapsvernet særpreg og karakter.

§ 9 Generelle unntak for bestemte verksemd

Ferdselsreglane i § 7 og § 8 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oljevern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unnataket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Forvaltingsmynde kan etter søknad gi løyve til øvingskøyning for aktivitetar nemnd i § 9 første avsnitt.

SFRO merknadar:

Stadfestar eit generelt fritak for ferdselsreglane i § 7 og § 8 for operative verksemdar, t.d. militær, politi brann og redning , etc. i aktiv teneste. Det er også opning for oljevernberedskap og skjøtsel- og forvaltningsoppgåver. Unnataket gjeld berre i aktiv operasjon.

Verksemda lista i første avsnitt kan søke forvaltingsmynde om dispensasjon for øvingar.

§ 10 Forureining og støy

Forureining og forsøpling er forbode, samt utandørs lagring av materialar, gjerder og liknande, så langt det ikkje faller inn under § 3 andre avsnitt bokstav a.

All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode, så langt det ikkje faller inn under § 3 andre avsnitt bokstav a.

SFRO merknadar:

All forureining og forsøpling er forbode inklusiv lagring av materiale, gjerder og likande. Tilsvarande er det forbod mot å nytte kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet. Her er det likevel unntak for jordbruksverksemd så langt det er i tråd med § 3 andre avsnitt bokstav a.

§ 11 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfaldlova § 48.

SFRO merknad:

Denne paragrafen viser til naturmangfaldlova § 48 som gir moglegheit for forvaltingsmynde til å vurdere søknad om dispensasjon frå vernevedtak dersom påtenkt tiltak ikkje er omfatta av dei generelle unnataka eller spesifiserte dispensasjonsreglar, og tiltaket ikkje bryt mot vilkåra i § 48. For å bli vurdert må det visast at det ikkje er i strid med vernevedtakets føremål og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Både desse vilkåra må være oppfylt samstundes. Ein dispensasjon kan ikkje opna for tiltak som går utover dei lovfasta rammene for landskapsvernområde, jf. § 36 i naturmangfaldlova. Handsaming etter § 48 er mellom anna tenkt for å sikre moglegheita for at nye tiltakstypar, ikkje vurdert under forarbeidet kan

vurderast, eller tiltak naudsynt med omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser. Det vil normalt vere ein høg terskel for å få dispensasjon etter denne føresegna.

§ 12 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

SFRO merknad:

Paragraf 12 opnar for at forvaltingmynde kan gjennomføre skjøtsel av verneområdet. Naturmangfaldlova går opp grensar for kva som gjelder som skjøtsel. Skjøtsel kan gjennomførast for å oppnå den natur- eller kulturtilstand som ligg i føremålet til vernet. Inklusiv kanalisering av ferdsel, restaurering av naturinngrep, etc. Det er forvaltingmynde som kan gjennomføre eller gi andre oppdrag om å gjennomføre spesifiserte skjøtselstiltak. Tiltak gjennomført av andre utan etter oppdrag av forvaltingsmynde vil ikkje kunne bli vurdert som skjøtsel. I oppdrag skal forvaltingsmynde så fremt mogleg inngå avtale med grunneigar for gjennomføring av arbeid, men forvaltingmynde kan gå utover dette til organisasjonar eller andre for å gjennomføre tiltak om naudsynt. Grunneigar eller rettshavar berørt av tiltak skal varslast på førehand så langt som rå. Eventuelle økonomiske overskot går til grunneigar eller rettshavar, jf. § 47 i naturmangfaldlova. Til dømes reknast ikkje tilrettelegging av ferdsel gjennom merking og etablering av tursti som skjøtsel, ei heller oppsetting av utsiktstårn for fugletitting. Forvaltingsmynda kan til ein viss grad gå utover vernereglane og er ikkje bunden av grunneigars samtykke, sjølv om eit godt samarbeid er langt å føretrekke.

§ 13 Forvaltningsplan

Det [*kan*] utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

SFRO merknad:

Det er ein del av oppdraget til Statsforvaltaren å skrive eit utkast til forvaltningsplan som skal ligge klar ved vernevedtak. I forvaltningsplan vil ein gå nærmare inn på forståinga av verneforskrifta. Det vil bli utført i samsvar med mal for forvaltningsplanar (FPNV).

§ 14 Forvaltningsstyresmakt

Karmøy kommune er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

SFRO merknad:

Statsforvaltaren arbeider med det utgangspunkt om at det er Karmøy kommune som vil bli delegert forvaltning av Vestkyst Karmøy.

§ 15 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

SFRO merknad:

Statsforvaltaren tilrår at forskrifta trer i kraft utan opphald etter vedtak.

7.2 Kommentartutgåve av forslag til forskrift om vern av Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat, Karmøy kommune, Rogaland

I kommentartutgåva for naturreservata gir me berre merknadar til regulering og unnatak som skil desse forskriftene frå forskrifta for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde. Det betyr at alle reglar og unnatak nemnt for landskapsvernet er også gjeldande for naturreservata. Merk at på grunn av ulik oppbygging av forskriftene (Fig. 7.1 og 7.2) vil interne referansar, dvs. paragraf, avsnitt og bokstav være ulik mellom forskrift for naturreservat og landskapsvernområde. Forskriftene for Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat er identiske med unnatak av presisering i føremålet (§ 1) og avgrensing (§ 2). Difor tek me her utgangspunkt i forslag til forskrift for Taravika naturreservat.

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med Taravika naturreservat er å ta vare på områder som:

- a. representerer en bestemt type natur i form av stein- og sandstrand med stor og stabil tangvoll
- b. inneheld truga, sjeldsyn, eller sårbar natur i form av truga fugleartar knytt til tangvoll som næringssøkeområde
- c. har særleg betydning for biologisk mangfald ved å huse eit rikt og variert fugleliv, mellom anna som leveområde for ande-, sjø- og vade-fugl.
- d. har særskilt naturvitskapeleg tyding da det er store mengder sjø- og vadefugl og utgjør vesentleg kvile- og næringssøkeområde heile året, med fast telle punkt for bestandobservasjonar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

SFRO merknadar:

Første avsnitt bokstav a til d definerer at føremålet med naturreservata er å ta vare på bestemte typar natur i strandsona og sjø, truga, sårbare og sjeldsynte naturtypar og artar. Her er truga artar å forstå som kritisk truga, sterkt truga eller sårbare artar i samsvar med Norsk raudliste for artar, jf. Artsdatabanken. Sårbar og sjeldsynt er artar som ikkje er i tilbakegang, men førekjem få i talet og i på tidspunkt der dei er utsett for negative konsekvensar. Døme på sistnemnte er overvintrande fugl er i ein sårbar periode med kombinasjon av redusert næringstilgang og energikrevjande økologisk tilstand. Det legges særleg vekt på dei økosystemfunksjonane som skapar biotop for fuglelivet. Det betyr at det skal takast særskilt omsyn til fuglelivet generelt og ikkje til namngitt art slik som i biotopvern. Områda tilkjennevis også å ha svært viktige naturvitskapeleg verdi for overvaking av fluktuasjonar og trendar i fuglebestandar, i trekk og som overvintrande.

Andre avsnitt seier noko om kva som er forventa for verneområdet, å bevare verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand.

§ 2 Geografisk avgrensing

Taravika naturreservat omfattar følgande gnr./bnr.: Rogaland, Karmøy kommune: 25/7, 25/14, 25/16, 25/17, 25/28 og 25/29.

Taravika naturreservat dekker eit totalareal på 52 daa. Grensene for landskapsvernet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

SFRO merknadar:

Første avsnitt her skrevet for Taravika naturreservat. Forskrift for Stavasanden naturreservat er i ordlyd lik med unnatak av namn på verneområdet, gards- og bruksnummer og arealtal, jf. andre avsnitt.

Første avsnitt for Taravika naturreservat vil røre ved dei gard- og bruksnummera lista i tredje avsnitt. Dette er dei teigane som heilt eller delvis er inkludert i vernets avgrensing.

Andre avsnitt viser til kartavgrensing for vernet. Kartavgrensinga vil være oppdelt i fleire kartblad, og kvart kartblad vil være datert av Klima- og miljødepartementet. Kartblada vil være ein del av vernevedtaket, og avgrensinga i kartbladet har forrang framfor opplistinga av gards- og bruksnummer, jf. første avsnitt. Det vil si at om eit gnr./bnr. ikkje er inkludert i lista, vil den delen av teigen som inngår i verneavgrensing, jf. vernekart, likevel vere omfatta av vernereglane. Merk at sjølv om avgrensinga mellom landskapsvernet og naturreservata ikkje er overlappande så vil dei dele grense på tvers av eigedomsgrense. Einskilde eigendomar vil dermed kunne førekome både i landskapsvernet og eit av naturreservata.

§ 3 Vernereglar

I naturreservata må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet, og følgjande vernereglar gjeld:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode. Fjerning av tang og tare, inklusiv taretråling, er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring, dette inkluderer også jakt og fangst. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- d. Ytre utforming på faste kulturminne, slik som automatisk freda kulturminne, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyranlegg, ferdselsvegar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- e. Camping og telting er forbode i sanddyneområda markert i vernekartet.
- f. Ballspel og anna erosjonsskapande aktivitet er forbode i sanddynene, med unnatak av vegetasjonslaus forstrand.
- g. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

- h. Hund skal haldast i band og bandlengde må ikkje overstige 5 meter.

SFRO merknadar:

Verbereglane omtalar tiltak og aktivitet som er forbode, og bokstavane c, ..., h, har sin like i forslag om verneforskrift for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde. For SFRO sine merknadar viser me til merknad gitt over.

Første avsnitt bokstav a spesifiserer at alle formar for vekstar, inklusiv karplantar, mosar, algar, lav og sopp er verna mot øydelegging og sinking. Dette omfattar ikkje tarehausting som er regulert felles for landskapsvern og naturreservata.

Bokstav k stadfestar eit forbod mot å skade, øydelegge og unautsynt forstyrring av dyrelivet. Dette inkluderer også eit forbod mot jakt og fangst. Dette forbodet blir dermed gjeldande for dei to områda som er sett på som særskilt viktige for fuglelivet. Forbodet mot jakt og fangst vil ikkje påverke moglegheiter for jakt og fangst elles i regionen inklusiv landskapsvernområda. For Vestkyst Karmøy er fuglelivet og fugletrekket et særskilt identitetsskapande særpreg ved landskapet og ein viktig del av området karakter, men for å kunne ta vare på fuglelivets uinnskrenka tilgang til økosystemfunksjonane som blir gitt ved naturreservata er det naudsynt å forby jakt. I landskapsvern er det ikkje opna for forbod mot jakt og fangst, og difor blir det her føreslått å nytte naturreservat etter naturmangfaldlova for dei aktuelle delområda. Det er ikkje dyrka mark i naturreservata, så eventuell skadegjerande dyr på tilgrensande areal må handsamast utanfor naturreservata i tråd med landskapsvernet reglar om dyreliv.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. ...
...
l. Fangst av mink.

SFRO merknadar:

Dei generelle unnataka er i ordlyd identiske for alle dei tre verneområda i verneplanforslaget: Vestkyst Karmøy landskapsvernområde, Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat. For Statsforvaltaren sine merknadar sjå kommentarutgåva til forskrifta for Vestkyst Karmøy landskapsvernområde.

I tillegg til felles unnatak er det for naturreservata også opna for fangst av mink, jf. § 4 bokstav l. Mink er ein framand art, og dei ville bestandane av mink har sitt opphav i tidlegare pelsdyrhald. Forvilla mink har ein vesentleg negativ påverknad på fuglelivet, og særleg bakkehekkande fugl. Fangst av mink kan gjennomførast utan vesentleg forstyrring av fuglelivet. I dag er det ein vesentleg aktivitet knytt til fangst av mink, også initiert av Karmøy kommune.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy og flyging under 300 moh. Forbodet omfattar også modellbil, modellfly, dronar og liknande.
- b. Motorisert ferdsel, inklusiv modellbåt og dronar, på og i sjø må ikkje overstige 5 knops fart.
- c. Sykling er forbode i sanddyneområde med unnatak av opparbeida sti-nettverk.
- d. Riding og bruk av hest er forbode på alle strandområda utanom på sti og vegetasjonslaus forstrand.
- e. Bruk av vasskuter, padling, roing, kiting, vindsurfing, surfing og liknande vassportsaktivitar, er forbode i perioden 01. august til 31.mai.

SFRO merknadar:

Ferdselsreglane er skilt i to avsnitt, ein generell plikt om aktsemd, jf. § 5 første avsnitt, der det kjem fram at ein skal fare varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Andre avsnitt inneheld reglar for ferdsel i naturreservata, og kan inkludere alle former for ferdsel, jf. § 37 i naturmangfaldlova. Naturreservata er identiske i ordlyd, og omfattar dei same ferdselsreglane som i landskapsvernet med eit tillegg for ferdsel i sjø, jf. § 5 andre avsnitt bokstav e.

Andre avsnitt bokstav e: I landskapsvernet er det ikkje forbod mot vassportsaktivitetar, men motoriserte farkost må overhalde fartsreguleringa, jf. § 5 bokstav b. I landskapsvernet sitt føremål inngår både særpreg og karakter. Som karakter inngår landskapets naturverdiar både naturtypar og økosystemfunksjonar. I fagnotatet for fugleliv er det særleg to område som er peika på som viktige for å ta vare på landskapets karakter med omsyn til føremålet med landskapsvernet. Naturtypane som finst i Taravika og Stavasanden-Åkrastranden har viktige økosystemfunksjonar for fuglelivet, og fugleliv er ein integrert del av naturtypen på staden, jf. naturmangfaldlova § 3 bokstav j. Artar er ein del av naturtypen sjølv om dei berre utnyttar økosystemfunksjonane periodevis. Det er Vestkyst Karmøy sin strategiske plassering i fugletrekket og med høg naturvariasjon som gjer at området er svært viktig også med omsyn til fugleliv utover Vestkyst Karmøy. I fugletrekk om våren og hausten er det mange fuglar som samlar seg på eigna rasteplassar, med kvile og næringstilgang. For å ta vare på denne viktige økologiske funksjonen for framtida er det naudsynt å skjerme einskilde strender og vikar frå forstyrrande aktivitet i sjø. Forstyrrande aktivitet kan påverke artar ulikt og det kan verke ulikt på ulike individ av art, mellom anna avhengig av kor lenge dei har vore i området. Det er vanskeleg å skilje mellom artar og individ som er sensitive. For fugl som har trekt over lengre avstandar er det imperativt at dei får ro til å finne mat og kvile. Fleire av fugleartane skal vidare og om dei ikkje får samle tilstrekkeleg energi er det mindre sjans for at dei overlever eit trekk. I tillegg er det fugl som overvintrar langs kysten av Karmøy. Om vinteren er næringstilgangen svak og behovet for energi stort. Det er ein miljømessig vanskeleg periode å overleve og ved forstyrring vil fuglar sløse med energi som er naudsynt for næringssøk og overleving i kalde periodar. Med omsyn til konsekvensane forstyrring vil skape har Statsforvaltaren freista å balansere både til fuglelivet og aktivitetsbehov hjå dei fastbuande og tilreisande. I samsvar med faggrunnlaget for fugl er det vald å føreslå ferdselsregulering i sjø på deler av Stavasanden-Åkrastranden, dvs. Stavasandområdet. Åkrastranda blir dermed i større grad prioritert aktivitet også i sjø. Tilsvarende for Taravika vil avgrensinga berre inkludere dei viktigaste areal for fugl. Dette vil redusere konfliktnivå mot aktivitet på sjø. Strendene som faggrunnlaget peikar ut som særleg viktig del av og for landskapets karakter og særpreg vil få særskilt regulering av aktivitet i sjø i trekkperiodene. På grunn av verneplanen sitt forslag om jaktforbod på fugl i desse to områda vil desse bli

føreslått som naturreservat og ikkje som differensiert ferdselsregulering i landskapsverneområde. For Stavasanden naturreservat er det i dag gjennom kommunen sin reguleringsplan eit forbod mot surfing, anna brettssport eller aktivitet som kan forstyrre fugl i sjø i trekkperioden 15/3-15/5 og 15/8 -15/10, jf. § 22 i reguleringsplan for Stavasanden. Verneplanen utvidar dette forbodet til å gjelde frå august til og med mai, og utvidar arealet noko mot nord, jf. vernekartforslag.

Det visast til at sjøsportsaktivitet kan bli gjennomført andre stader innafor verneområdet, og moglegheiter for aktivitet i sjø er ikkje vesentleg hindra. Det visast også til generell aktsemd om at ein skal ta omsyn til mellom anna fuglelivet i dei sårbare periodane, jf. § 5 første avsnitt.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oljevern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unnataket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre avsnitt er ikkje til hinder for:

- c. ...
- d. Ferdsel med båt til og frå båtopptrekk for dei med tinglyst rett til båtplass innafor naturreservata på vernetidspunkt, jf. § 5 andre avsnitt bokstav e.

SFRO merknadar:

Paragraf 6 inneheld dei generelle unnataka frå ferdselsreglane, og er identiske for naturreservata. I forhold til landskapsvernet har naturreservata også eit fritak i høve til dei spesifiserte restriksjonar for ferdsel i sjø for naturreservata, jf. § 5 bokstav e. Dette er for å ivareta eldre rettar til båtstø innafor verneavgrensinga av naturreservata.

Første avsnitt viser til at vernereglane ikkje er til hinder for samfunnsentrale operative tenester for å verje om liv, helse og eigedom. I tillegg er det opna for oppsynsverksemd i regi av Statens naturoppsyn. Vestkyst Karmøy er eksponert for farlei langs kysten og forlis og oljesøl vil kunne få alvorlege konsekvensar for landskapsvernets særpreg og karakter. Som eit føre-vare-tiltak med omsyn til akutte hendingar er det opna for motorferdsel for oljevernberedskap i operativ teneste. Forvaltingsmynda vil også være friteke frå ferdselsreguleringane i samband med konkrete oppgåver. Merk at opninga for motorisert ferdsel i § 6 første avsnitt ikkje gjeld øving.

Andre avsnitt bokstav d: fritak for ferdsel i sjø for dei som har båttrett, grunneigar og innehavar av tinglyst rett, i naturreservata.

§ 7 , § 8, § 9, § 10, § 11 og § 12

Desse paragrafane i forskrifta for Stavasanden naturreservat og Taravika naturreservat er i ordlyd identiske med forskrifta for Vestkyst Karmøy landskapsvern. For merknadar til dei einskilte avsnitta viser me til Statsforvaltaren sine merknadar under sistnemnte.

8. Referanser

Artsdatabanken (2021). Norsk rødliste for arter 2021.

Artsdatabanken (2025). Norsk rødliste for naturtyper 2025.

Bjelland, T., Grube, M., Hoem, S., Jorgensen, S.L., Daae, F.L., Thorseth, I.H. & Øvreås, L. (2011), Microbial metacommunities in the lichen–rock habitat. *Environmental Microbiology Reports*, 3: 434-442. <https://doi.org/10.1111/j.1758-2229.2010.00206.x>

Bjørge, A., Bekkby, T. & Bryant, E. (2002). Summer home range and habitat selection of harbor seal (*Phoca vitulina*) pups. *Marine Mammal Science* 18(2):438 - 454

Blaalid, R. & Davey, M.L. (2022). Habitat Protection Approaches Facilitate Conservation of Overlooked Fungal Diversity – A Case Study From the Norwegian Coastal Heathland System. *Frontiers in Fungal Biology* 3. <https://doi.org/10.3389/ffunb.2022.886685>

Brandrud, T.E., Bendiksen, E., Blaalid, R., Hofton, T.H., Jordal, J.B., Nordén, J., Nordén, B. & Wollan, A.K. (2021). Sopper: Vurdering av tinnvokssopp *Cuphophyllus atlanticus* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken.

Christie, H., Fredriksen, S. & Rinde, E. (1998). Regrowth of kelp and colonization of epiphyte and fauna community after kelp trawling at the coast of Norway. *Hydrobiologia* 375/376: 49–58.

Christie, H., Jorgensen, N., Norderhaug, K. & Waage-Nielsen, E. (2003). Species distribution and habitat exploitation of fauna associated with kelp (*Laminaria hyperborea*) along the Norwegian coast. *J Mar Biol Assoc UK* 83: 687-699. *Journal of the Marine Biological Association of the UK*. 83. 687 - 699. 10.1017/S0025315403007653h.

Dehnhard, N., Langset, M., Aglen, A., Lorentsen, S.-H. & Anker-Nilssen, T. (2021). Fish consumption by great cormorants in Norwegian coastal waters—a human-wildlife conflict for wrasses, but not gadids. – *ICES Journal of Marine Science*, doi:10.1093/icesjms/fsab004.

Dehnhard, N., Mattisson, J., Christensen-Dalsgaard, S., Junker Köhler, B., Bargmann, T. & Kvalnes, T. (2024). Effects of brown seaweed harvesting on sea- and shorebirds in Norway. Assessment of existing knowledge, spatial overlap and attitudes of interest groups. NINA Report 2502. Norwegian Institute for Nature Research.

During, H. J. (1979). Life strategies of bryophytes: a preliminary review. *Lindbergia* 5: 2-17. Edvardsen, A., Halvorsen, R., Bratli, H., Bryn, A. & Børset, E. (2024). *Natur i Norge: Variasjon satt i system*. Universitetsforlaget.

Ege, S-K. (2025). Kartlegging av vassdrag på Sør- og Vest-Karmøy. Haugaland vannområde.

Elven, R. (2026): Purpurmarihand *Dactylorhiza majalis* subsp. *purpurella* (T.Stephenson & T.A.Stephenson) D.M.Moore & Soó Hentet 08.01.2026 fra

- Elven, R., Bjorå, C.S, Fremstad, E., Hegre, H & Solstad, H. (2022). Norsk flora. 8.utg. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Fadnes, P. (2009). Funn av sopp i naturbeitemarker i Karmøy kommune. *Agarica* 28: 53-63
- Framstad, E., Blindheim, T., Erikstad, L., Thingstad, P.G. & Sloreid, S.-E. (2010). Naturfaglig evaluering av norske verneområder. – NINA Rapport 535. 214 s.
- Høeg, O.A. (1974). Planter og tradisjon. Universitetsforlaget, Oslo.
- Jordal, J.B. (2019). Tinnvokssopp *Cuphophyllus canescens* som eventuell prioritert art. Forslag til økologiske funksjonsområder på artens lokaliteter. Miljøfaglig Utredning Rapport 2019-19. 47 s.
- Kapfer, J., Dramstad, W., Pedersen, C., Sickel, H. & Heegaard, E. (2022) Diversity patterns in high-latitude grasslands. *Applied Vegetation Science*, 25, e12647. Available from: <https://doi.org/10.1111/avsc.12647>
- Knutsen, E.J. S. & Iversen, Ø. B. (2023). Syreneset fort, 2. utg. Skudenes historielag
- Kvæstad, C.F. (2021). Nausttuftene på Stong Åkrahamn. Frå haug ok heidni. s. 7-12.
- Larsen, B. H., Bjørnstad, O. K. & Kvinnesland, A. (2025). Viktige fugleområder på sørvestkysten av Karmøy. Offentlig utgave. Miljøfaglig Utredning rapport 2026-xx. 60 s. ISBN 978-82-345-0847-9.
- Lundberg A. (1982). Plantesosiologiske og økologiske studier i dynevegetasjonen på Karmøy. Univ. Berge. Bot. Inst. Hovudfagsoppgåve.
- Lundberg, A. (1983). Forvaltning av sanddyneomåda på Karmøy – friluftsliv eller naturvern? Norges Handelshøyskole og Universitet i Bergen , Geogr. Inst., Medd. 80: 147s.
- Lundberg, A. (1985). Botanisk bibliografi for Rogaland 1814-1983. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavingdelinga.
- Lundberg, A. (1987). Sanddynevegetation on Karmøy. *Nordic journal of botany* 7: 453-477.
- Lundberg, A. (1992). Havstrand og nasjonal naturvernstrategiar. *Blyttia* 50: 37-45,
- Lundberg, A. (1997). Sandstrendene på Vest-Karmøy. Ei gåve frå breen, havet og vinden. Nord-Rogaland og Sunnhordaland Friluftsråd, Aksnes .
- Lundberg, A. (1998). Karmøys flora – biologisk mangfald i eit kystlandskap. Fagbokforlaget.
- Lundberg, A. (2010). Kulturlandskap og biologisk mangfald på Haugalandet. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavingdelinga.
- Lundberg, A., Kapfer, J. & Måren, I. (2017). Reintroduced mowing can counteract biodiversity loss in abandoned meadows. *Erdkunde*. 71. 127-142. 10.3112/erdkunde.2017.02.03.

Klima- og miljødepartementet. (2015). Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (Rundskriv nr. T-2/15). Hentet fra [Regjeringen](#)

Klima- og miljødepartementet. (2015–2016). Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfold. [Regjeringen](#).

Klima- og miljødepartementet. (2024). Bærekraftig bruk og bevaring av natur: Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 35 (2023–2024)). [Regjeringen.no](#).

Mamen, Jostein (2026): Köppens klimaklassifisering i Store norske leksikon på snl.no. Hentet 20. mai 2026 fra [https://snl.no/K%C3%B6ppens klimaklassifisering](https://snl.no/K%C3%B6ppens_klimaklassifisering)

Miljødirektoratet (2017). Forslag til plan for supplerende vern. Miljødirektoratets anbefalinger. Rapport.

Mjølåsnes, K. (2026). Insekter og edderkopper på Karmøy vestkyst. Mangfoldrapport 2-2026.

Moe, B. & Fludal, A. (2026). Beiteforsøk med dvergmarinøkkel på garden Nesheim, Sveio kommune. Blyttia 84: 30-44.

Moen, A. (1998) Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.

Mårtensson, L.M.D., Barreiro, A. & Carlsson, G. (2020). [Mykorrhiza i jorden i lågintensiv, artrik biomassproduksjon](#). LTV-fakultetens faktablad 2020:8, SLU Alnarp

Naturmangfoldloven. (2009). Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) (LOV-2009-06-19-100). Lovdata. lovdata.no

Norderhaug, K.M., Christie, H. & Rinde, E. (2002). Colonisation of kelp imitations by epiphyte and holdfast fauna; a study of mobility patterns. Marine Biology 141 p. 965-973

Norderhaug, K.M., Brandt, C. F., Espeland, S.H., Albretsen, J., Christensen-Dalsgaard, S., Ohldieck, M. J., van Son, T. C., Knutsen, J.A., Moy, F. & Steen, H. (2021). Bærekraftig taretråling – Vurdering av bærekraftskriterier ved Vikna. Rapport frå Havforskningen 2021-46. <https://www.hi.no/en/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-46>

Norderhaug, K.M., van Son, T.C., Steen, H., Nikolioudakis, N., Thormas, J., Moy, F., Knutsen, J.A. & Elvemes, S. (2020). "Biomassemodell for stortare - Ressursmodell for fremtidens forvaltning." Rapport fra Havforskningen 2020-7.

Norderhaug, K.M., Filbee-Dexter, K., Freitas, C., Birkely, S.R., Christensen, L., Møllerud, I., Thormar, J., van Son, T.C., Moy, F., Vázquez Alonso, M. & Steen, H. (2020) Ecosystem-level effects of large-scale disturbance in kelp forests. Mar Ecol Prog Ser 656:163-180 <https://doi.org/10.3354/meps13426>

Pedersen, R. B., & Dunning, G. R. (1997). Evolution of arc crust and relations between contrasting sources: U-Pb (age), Nd and Sr isotope systematics of the ophiolitic terrain of SW Norway. Contributions to Mineralogy and Petrology, 128(1), 1-15.

Rogaland fylkeskommune, (2025). Fagnotat kulturminne – verneplanprosesser – vern av verdifull natur i Rogaland.

Rustand, T.E. (2026). Marine undersøkelser, Karmøy 2025. Kartlegging av grunne områder. Rådgivende Biologer AS, rapport 4546, 31 sider, ISBN 978-82-349-0230-7.

Steen, H., Kartveit, K.H. & Christensen, L. (2025). Tilstandsvurdering av høstefelt for stortare i Rogaland og Vestland 2025. Rapport fra Havforskningen Nr. 2025-50.

Steen, H., Moy, F.E., Bodvin, T. & Husa, V. (2016). Regrowth after kelp harvesting in Nord-Trøndelag, Norway. ICES Journal of Marine Science. 73(10): 2708–2720.

Steen, H., Norderhaug, K.M. & Moy, F.E. (2018). Tareundersøkelser i Nordland i 2018. Rapport fra Havforskningen Nr. 44-2018.

Steen, H. (2022). Tilstandsvurdering av høstefelt for Stortare i Møre og Romsdal og Trøndelag i 2022. Rapport fra Havforskningen 2022-28.

Steen, H. & Kartveit, K.H. (2024). Tilstandsvurdering av høstefelt for stortare i Møre og Romsdal og Trøndelag i 2024. Rapport fra Havforskningen Nr. 40-2024.

Stokke, B.G., Dale, S., Jacobsen, K-O., Lislevand, T., Solvang, R. & Strøm, H. (2021). Fugler: Vurdering av makrellterne *Sterna hirundo* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken. <https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021/31752>. Nedlastet 21.01.2026

Tellnes, S., Jordal, J.B., Larsen, B.H. & Grimsland, A. (2025). Beitemarksopp på vestkysten av Karmøy. Fagrunnlag for supplerande vern. Miljøfaglig Utredning rapport 2025-40, 39 s., ISBN 978-82-345-0733-5.

9. Kjelder og offentlege databasar

Ein oppstilling av nokre av sentrale kjelder for informasjon, lista er ikkje uttømmmande.

Økologisk grunnkart – Artsdatabanken: [Økologiske grunnkart \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no)

Kilden – Norsk Institutt for Bioøkonomi NIBIO: [Kilden - arealinformasjon \(nibio.no\)](https://kilden.no)

Naturbase: [Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](https://naturbase.kart.miljodirektoratet.no)

Temakart Rogaland: [Temakart-Rogaland](https://temakart-rogaland.no)

NGU – Norges Geologiske Undersøkelse: [Forsiden for Norges geologiske undersøkelse \(NGU\)](https://norges-geologiske-undersokelse.no)
[| NGU](https://ngu.no)

NVE – Norges vassdrags- og energidirektorat: [NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat](https://nve.no)

Artsobservasjoner: [Artsobservasjoner - rapportssystem for arter i Norge](https://artsobservasjoner.no)

Artskart: [Kart \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no)

Artsdatabanken: [Artsdatabanken - Kunnskapsbank for naturmangfold](https://artsdatabanken.no)

Norsk Klimaservicesenter – Seklima: [Observasjoner og værstatistikk - Seklima \(met.no\)](https://seklima.no)

Miljødirektoratet: [Miljødirektoratets hovednettsted - Miljødirektoratet](https://miljodirektoratet.no)
[\(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no)

Klima- og Miljødepartementet: [Klima- og miljødepartementet - regjeringen.no](https://klima-og-miljo-departementet.no)

Naturvernforbundet i Rogaland: [Forside - Rogaland \(naturvernforbundet.no\)](https://naturvernforbundet.no)

Birdlife Norge: [BirdLife Rogaland - BirdLife Norge](https://birdlife.no)

Forum for natur og friluftsliv: [Hjemme - Nasjonalt \(fnf-nett.no\)](https://fnf-nett.no)

Stavanger Turistforening: [Stavanger Turistforening - DNT](https://stavanger-turistforening.no)

Rogaland fylkeskommune: [Rogaland fylkeskommune \(rogfk.no\)](https://rogfk.no)

Stavanger museum: [Den norske ringmerkingssentralen - MUST \(museumstavanger.no\)](https://museumstavanger.no)

Karmøy kommune: [Karmøy kommune - Innbygger](https://karmoy-kommune.no)

Meteorologisk institutt: met.no

Fiskeridirektoratet: [Fiskeridirektoratet | Livet i havet – vårt felles ansvar](https://fiskeridir.no)

Havforskningsinstituttet: [Havforskningsinstituttet | Havforskningsinstituttet](https://havforsk.no)

Landbruksdirektoratet: [Landbruksdirektoratet - Landbruksdirektoratet](https://landbruksdirektoratet.no)

Geonorge: [Geonorge](https://geonorge.no)

Norge i bilete: [Norge i bilder](https://norge-i-bilder.no)

Kartverket: [Kartverket.no](https://kartverket.no)

Luftfartstilsynet: [Luftfartstilsynet](https://luftfartstilsynet.no)

Norsk Institutt for Naturforskning: [Norsk institutt for naturforskning](https://norsk-institutt-for-naturforskning.no)

Opplev Karmøy <https://visitkarmoy.no/>

Tripadvisor - https://no.tripadvisor.com/Attractions-g2416824-Activities-Karmoy_Municipality_Rogaland_Western_Norway.html

Ut.no - <https://www.ut.no/>

Visit Norway: <https://www.visitnorway.no/listings/surfing-og-kiting-pa-karmoystrendene/25300/>

Fjord Norway <https://www.fjordnorway.com/no/attraksjoner/sandve>

Karmøy folkehøgskule: <https://www.karmoy.fhs.no/linjer/action-adventure-x>

Blått flagg: <https://fee.no/blatt-flagg>

Åkra speidergruppe: <https://akra.speiding.no/>

Åkrehamn vekst: <https://akrehamn-vekst.no/>

Statistisk sentralbyrå <https://www.ssb.no/>

Friluftsrådet vest <https://www.frivest.no/>

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

